



Master i Samfunnsikkerheit

Nærpolitireforma og brannvesenets beredskap



Oddbjørg Huso

Kandidatnr.: 250848

Vår 2023



DET TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE FAKULTETET  
MASTEROPPGAVE

Studieprogram/spesialisering:  Master i samfunnssikkerheit	(Vår/høst) semesteret, (år)  Vårsemesteret, 2023  Åpen / Konfidensiell
Forfattar: Oddbjørg Huso	
Fagansvarleg ved UiS: Ole Andreas Hegland Engen	
Vegleiar: Morten Sommer	
Tittel på oppgåva: Nærpolitireforma og brannvesenets beredskap  Engelsk tittel: “The Nearpolice reform” and the fire departements contingency	
Studiepoeng: 30	
Emneord: Beredskap, krisehandtering, øving, HMS, ressursar	Sidetal: 73  + vedlegg/anna: 94
Stavanger, 14.06.2023	

## Forord

Masteroppgåva er slutten på to innholdsrike år ved Universitetet i Stavanger. Masteren i samfunnssikkerheit har vore spennande, men også utfordrende. Samtidig har eg lært mykje, og kunnskapsnivået er høgare enn i byrjinga.

Eg vil byrje med å takke informantane for at dei stilte til intervju. Utan dykk ville ikkje oppgåva vore mogleg å gjennomføre. Intervjua var interessante og engasjerande, og har bidrege til eit spennande og interessant resultat.

Vidare vil eg takke Morten Sommer for all hjelp. Takk for gode tips, hjelp og god vegleiing. Du har hjelpt meg til å sjå positivt på å skrive oppgåva, dersom ting var litt motlaust.

I tillegg vil eg takke vener som har bidrege med innspel og råd i forhold til oppgåva, slik at eg har kom vidare med oppgåva.

Til slutt vil eg takke alle medstudentar, vene og familie til støtta i ein til tider krevjande og spennande prosess.

Stavanger, 10. juni, 2023

Oddbjørg Huso

## **Samandrag**

I dagens samfunn er det fleire og meir komplekse situasjonar som naudetatane må handtere. Det er fleire situasjonar med pågåande, livstruande vald, som etatane skal samarbeide om å handtere. Samtidig viser det seg at det er brannvesenet som har den kortaste responstida av alle naudetatane, noko som i fleire tilfelle leier til at dei må handtere situasjonar tilhøyrande politiet. Fleire brannvesen seier at politirelaterte oppgåver ikkje er inkluderte i beredskapsanalysen. Grunnar til dette er blant anna at brannvesenet er ein kommunal eining, med lite pengar. Samtidig som samfunnet forventar at situasjonar skal løysast, gjer ikkje kommunens ressursar det enkelt å få dei nye oppgåvene innført i beredskapen. Oppgåva mi handlar derfor om beredskapen til brannvesenet er lagt opp annleis etter nærpoltireforma vart innført. Dette inkluderer krisehandtering og trening og øving.

For å finne svar på problemstillinga: ««På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?», med tilhøyrande forskingsspørsmål, har eg nytta meg av kvalitativ metode i form av intervju. Det er 12 informantar i heiltids- og deltidsvesen, i små, mellomstore og store kommunar.

Det er vanskeleg å vite i kor stor grad politirelaterte oppgåver skal inkluderast i beredskapsanalysen til brannvesenet, fordi det er ikkje under deira myndighetsområdet og ressursane til å handtere slike oppgåver ikkje er tilstrekkeleg. Samtidig dukkar desse situasjonane opp. Funna viser at den største faktoren inkludert i beredskapen til brannvesenet er relatert til PLIVO-prosedyren. Dette er ein prosedyre med samarbeid mellom etatane med øving ein gong i året. Her skal brann, politi og helse samarbeide i ei storulykke. Derimot viser funna mine at denne øvinga gjerne ikkje har heilt optimalt fokus og utbyttet. Øvingane er gjerne for store og med ein for stor tilgang på ressursar som ikkje er relaterbart til realiteten. Samtidig framhevar mange av informantane at dei ikkje meiner dei får nok øving på politirelaterte oppgåver.

For å løyse problemet er det mogleg at rammeverket for beredskap må endrast, i form av dei fire prinsippa, fordi dei ikkje fungerer i praksis. I tillegg kan ei endring av lovar, forskrifter og krav endrast, i form av å gripe inn fysisk, og ei endring av krav til øving på PLIVO slik at det hender oftare.

## Abstract

The emergency services today face more and more complex situations that they have to handle. There are several situations consisting of ongoing, life-threatening violence, which all the emergency services must work together to take care of. At the same time, it turns out that it is the fire department that has the shortest response time of all the emergency services. In several cases, this leads to them having to handle situations that belongs to the police. Several fire departments tell that police-related tasks are not included in the contingency analysis. Reasons for this include the fact that the fire department is a municipal unit that has a small amount of money. At the same time as the society expects situations to be solved, the resources in the municipality do not make it easy to get new tasks included into the contingency. This assignment is therefore about the contingency of the fire department being set up differently after the “nearpolice reform” was introduced. This includes management of crisis and training and practice.

To find a solution to the issue: “In what way does the nearpolice reform affect how contingency in the fire department is laid out?”, with associated research questions, I used qualitative method, in the form of interviews. There are 12 interview objects that works in fulltime and parttime fire departments, in small, medium-sized and large municipalities.

It is difficult to know to what extent police-related situations should be included in the contingency analysis of the fire department. This because it is not under their authority and the resources for them to handle these situations are not sufficient. On the other hand, these situations seem to appear. My findings show that the biggest aspect of including police related tasks in the contingency is related to a procedure called “PLIVO”. This is a procedure which contains cooperation between the emergency services in the shape of practice once a year. In this practice, the fire department, the police and the health care has to work together in a major accident. On the other hand, my findings show that this exercise is often not optimized related to focus and benefits. The exercises are often too large and with too much access to resources that can not be related to the reality. At the same time, many of the interview objects emphasize that they do not think they get enough practice concerning the police-related tasks.

To solve this issue, it is possible that the framework for contingency must be changed. For example, the four principles that is the groundwork for all contingency in Norway. This

because the principles do not seem to work in real life. In addition, a change of laws, regulations and requirements can be changed. This in the shape of physically intervening, and a change of requirements for practice so that the PLIVO practices happen more often.

# Innhald

Forord .....	iii
Samandrag .....	iv
Abstract .....	v
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn .....	1
1.2 Tidlegare forsking .....	3
1.3 Avgrensning .....	4
1.4 Innhold og struktur .....	4
2.0 Brannvesenets organisering og dimensjonering.....	6
3.0 Teori .....	8
3.1 Krisehandtering .....	8
3.2 Beredskap .....	9
3.2.1 Beredskapsplanlegging.....	11
3.2.2 Risikoanalyse.....	11
3.2.3 Beredskapsanalyse.....	13
3.2.4 Identifisering av beredskapssituasjonar.....	13
3.2.5 Ressursbehov.....	16
3.2.6 Kompetanse .....	17
3.2.7 HMS .....	17
3.2.8 Ytingskrav .....	18
3.3 Trening og øving .....	18
3.3.1 PLIVO .....	20
3.4 Analytisk rammeverk .....	21
4.0 Metode.....	22
4.1 Forskningsdesign og -strategi.....	22
4.2 Metodeval .....	24
4.3 Datainnsamling.....	25
4.3.1 Utval av informantar.....	25
4.3.2 Intervjuet .....	27
4.4 Datareduksjon og analyse.....	29
4.5 Validitet og reliabilitet.....	30
4.5.1 Validitet .....	30
4.5.2 Reliabilitet .....	31
4.6 Styrkar og svakheiter.....	32
5.0 Empiri.....	33

5.1 Krisehandtering .....	33
5.1.1 Samverke .....	35
5.1.2 Regelverk.....	36
5.2 Beredskap .....	38
5.2.1 Utstyr .....	39
5.2.2 HMS .....	40
5.2.3 Ressursar .....	41
5.3 Trening, øving og ressursar .....	42
5.3.1 Trening og øving .....	43
5.3.2 Øving på samverke .....	44
5.3.3 PLIVO .....	47
6.0 Diskusjon.....	49
6.1 Krisehandtering .....	49
6.1.1 Samverke .....	51
6.1.2 Regelverk.....	53
6.2 Beredskap .....	54
6.2.1 Økonomi.....	56
6.2.2 HMS .....	58
6.2.3 Utstyr .....	60
6.2.4 Ressursar .....	61
6.3 Trening, øving og ressursar .....	62
6.3.1 Trening og øving .....	63
6.3.2 Øving på samverke .....	65
6.3.3 PLIVO .....	67
6.4 Avsluttande drøfting av problemstilling.....	69
6.4.1 Vidare forsking.....	71
7.0 Konklusjon .....	72
Bibliografi .....	74
Vedlegg 1 .....	79
Vedlegg 2 .....	83
Vedlegg 3 .....	86

# 1.0 Innleiring

## 1.1 Bakgrunn

I slutten av året 2020 vart ambulansepersonell og brannvesen i Lom og Skjåk, kalla ut til noko som stod fram som eit vanleg helseoppdrag. Då naudetatane kom fram visa det seg at det var ein blodig mann som gjekk rundt med kniv. Etterpå bad dei raskt politiet om bistand, men fekk beskjed om at politipatruljen som var på vakt, var oppteken i ein annan del av Innlandet, og derfor ikkje kunne kome. Dei fekk beskjed om å låse bilen og vere forsiktige. Etter hendinga har begge naudetatane sagt at dei meiner at politiet har vorte meir fråverande etter at nærpoltireforma vart innført. Brannsjefen seier at dei tidlegare alltid hadde politiet med dei, men at det no er lenger og lenger tid mellom kvar gong (Tv2 Nyheter, 2020).

Det finst fleire slike sakar, blant anna i Numedal i 2022, der brannvesenet var framme ved ei knivhending. Politiet kom ikkje før 48 minutt etter dei vart varsla ut til hendinga, noko som leia til at brannvesenet måtte handtere ein mann som angreip folk med kniv (Larsen, 2022). Same år var det ei liknande hending med mann med kniv i Nore, i Nore og Uvdal kommune. Her var det privatpersonar som greip inn før brannvesenet kom og pågreip personen. Politiet var ein halvtime unna (Thomas, et al., 2022).

I 2015 vart ein ny reform vedteke, nemleg nærpoltireforma, som tok til å gjelda i 2016. Den kom fordi regjeringa ville omstrukturere politiet for å skape eit politi som er meir handlekraftig og moderne, slik at dei kan bli enda betre på å førebygge og nedkjempe kriminalitet. Dette skjedde ved ei samanslåing av politidistrikt, til færre og meir robuste politiregionar. Målet med reforma var å få eit nærpolti som er meir synleg, tilgjengeleg og operativt, og har kapasitet til å etterforske å påtale handlingar av kriminell grad. I tillegg ville regjeringa redusere talet på mål og oppgåver i politiet, slik at dei kunne konsentrere seg om kjerneoppgåvene (Prop. 61 LS (2014-2015)).

Det er inga løyndom at brannvesenet ofte er dei som kjem først til ulykkeshendingar, tett følgd av helse, medan politiet ofte er litt bak (Engen, et al., 2021). Dette viser òg Brannstatistikk (2023) som viser at brannvesenet er dei som er først på hendingsstaden og har vore det i fleire år. Statistikken viser at brannvesenet som første etat på staden er stigande, medan politiet som første etat er fallande (Brannstatistikk, 2023). Målet med nærpoltireforma var å få eit nært politi som er meir synleg. Samtidig meiner mange at det har leia til både ressursmangel, sentralisering og at politiet ikkje er til stades når dei bør. Konsekvensen er at

brannvesenet må handtere politirelaterte situasjonar fram til politiet kjem, og nokre gonger heile situasjonen i tilfelle dei ikkje kjem.

Som nemnt er brannvesenet i fleirtalet av hendingane først på ulykkesstaden. Dei veit aldri kva dei møter på, og må vere førebudde på alt. Dette kan vere svært utfordrande, då det er vanskeleg å vere førebudd på alt. Med nærpoltireforma vart det kutt i lensmannskontor i landet, spesielt i dei desentraliserte strøka. Målet med reforma var å få eit nært og meir synleg politi, men i desentraliserte strøk kan det vere ganske annleis. Her er politiet sjeldan først på staden, om dei dukkar opp i det heile. Denne utviklinga gjer det utfordrande for brann- og redningsvesen, samt ambulanse, då dei ikkje er utdanna politi. Dette gjer at dei må førebu seg på ein annan måte, slik at beredskapen er god nok.

I byane er brannvesenet godt rusta med både ressursar og utstyr, til å handtere situasjonar. I tillegg har dei politi i nærleiken som gjer at dei berre handterer brannrelaterte oppgåver, og kan bli ekstra gode på det. I dei desentraliserte strøka på den andre sida, veit dei aldri kva dei møter på, og må vere førebudde på alt. Men korleis kan ein eigentleg etablere beredskap som er god nok, når den må innehalde både brannrelaterte oppgåver, og samtidig innehalde politirelaterte oppgåver? Dilemmaet om i kor stor grad ein skal inkludere dei politirelaterte situasjonane i beredskapen melder seg. På ein side er det ikkje myndighetsområdet til brannvesenet, men i desentraliserte strøk kan ein vere sikker på at slike situasjonar vil dukke opp, som nyhende over viser. Vidare kan det stillast spørsmål ved kva grunnen er til at me har to naudetatar når brannvesenet må handtere politirelaterte oppgåver i mange tilfelle.

I Noreg har me fire nasjonale prinsipp for beredskap; ansars-, likskaps-, nærlieks- og samverkeprinsippet. Det første prinsippet er ansvarsprinsippet. Dette seier at den myndigheita, verksemda eller etaten som til dagleg har ansvar for eit område, i tillegg har ansvar for dei nødvendige beredskapsførebuingane, samt den utøvande tenesta ved kriser og katastrofar. Likskapsprinsippet er det neste prinsippet og inneber at den organiseringa som opererast med under kriser, skal vere så lik som mogleg den organiseringa me har til dagleg.

Likskapsprinsippet er ei vidareføring av ansvarsprinsippet, ved at det er ei understrekning av ansvarsforholda internt og mellom verksemder og organisjonar, og at dei ikkje skal endrast i forbinding med krisehandtering (Engen, et al., 2021).

Nærleksprinsippet seier at kriser organisorisk skal handterast på eit lågast mogleg nivå. Den som har størst nærliek til krisa, er vanlegvis den som har best forutsetningar til å handtere og

forstå situasjonen. Samverkeprinsippet, kom i 2012, og handlar om at myndighet, verksemder eller etat har eige ansvar for å sikre eit best mogleg samverke med relevante aktørar og verksemder i arbeid med førebygging, krisehandtering og beredskap (Engen, et al., 2021).

Basert på samverkeprinsippet skal beredskapen til naudetatane baserast på arbeid mot eit godt samarbeid. Prinsippet er det viktigaste i dette tilfellet, då brannvesenet treng hjelp frå politiet, slik at situasjonane kan handterast best mogleg. Her dukkar det opp utfordringar då det i desentraliserte strøk ikkje er samarbeid, men heller at brannvesenet handterer politiet sine situasjonar. For å ha ein god beredskap er det viktig å inkludere politirelaterte situasjonar i beredskapsområdet, og etablere gode løysingar for å handtere dei. Problemet dukkar opp når nærpoltireforma har leia til fleire og meir komplekse situasjonar for brannvesenet. Då vil det vere vanskelegare å vere tilsett i eit brann- og redningsvesen, fordi ein må vite kva ein skal inkludere i beredskapsanalysen. Samtidig er det viktig at ein greier å handtere alle situasjonar ein er påført, men då ressursane ikkje har endra seg i takt med reforma er dette vanskeleg.

Problemstillinga mi er derfor:

«På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?»

For å svare på problemstillinga har eg forma tre forskingsspørsmål, som tek for seg område som er relevante. Forskingsspørsmåla mine er:

1. Korleis handterer brannvesenet politirelaterte situasjonar/kriser?
2. Korleis inkluderast politirelaterte oppgåver i brannvesenet si planlegging og dimensjonering av beredskap?
3. Korleis trenar og øver brannvesenet på handtering av politirelaterte oppgåver?

## 1.2 Tidlegare forsking

Temaet i denne oppgåva er lite forska på tidlegare, med unntak av ei masteroppgåve skreve i 2019. For å finne tidlegare forsking såkte eg etter «brannvesenet og PLIVO» i søkemotoren til *Google*. PLIVO står for «pågående livstruande vald» og er ei prosedyre for korleis naudetatane skal opptre og verke saman i farlege situasjonar (Helsedirektoratet, 2023).

Oppgåva handlar om plikta brannvesenet har til å gripe inn i PLIVO-situasjonar. Den tek for seg korleis PLIVO-prosedyren har vorte innført i brannvesenet, og kor kvalifiserte brannkonstablane vurderer at dei er i handtering av slike oppdrag. Her har dei teke for seg opplæring, utstyr, stillingsprosent og avstand til politiet. I tillegg har dei analysert erfaringslæring og korleis det kan sikrast.

I oppgåva har dei intervjua 8 informantar i fem ulike brannvesen, i både heiltids- og deltidsstillingar, i rurale og urbane strøk. Studien har vist at krava PLIVO-prosedyren stiller til brannmannskapa, ikkje står i stil med opplæringa, og at det utstyret og øving og trening ikkje samsvarar med korleis brannmannskap er venta at skal handtere slike oppdrag. Studien har avklara kor viktig det er med øving for å oppnå praktisk erfaring, spesielt for deltidsbrannmenn i rurale strøk. Her stillast det like krav til både ansvar og handtering av PLIVO-situasjonar, sjølv om det ofte er mindre tilgang på øving og ressursar, i tillegg til mindre krav til opplæring og mindre erfaring. Vidare påpeikar oppgåva brannvesenets anledning og plikt til å gripe inn i situasjonar med pågående, livstruande vald.

(Moe & Sandvik, 2019)

### 1.3 Avgrensing

For å svare på denne oppgåva, har eg avgrensa studien til å sjå på korleis nærpoltireforma har påverka beredskapen til brannvesenet. Slik er oppgåva avgrensa til å sjå på ein enkelt naudetat. Dette vart vald fordi brannvesenet er ein interessant etat, der det er mange fleire brannvesen enn politidistrikt i Noreg.

Oppgåva er avgrensa til å omhandle nokre brannvesen i Noreg, men siktar seg inn på å fange opp meininga og opplevinga til brannvesen rundt om i landet. Beredskap er eit omfattande tema, og oppgåva er derfor avgrensa til å ta for seg nokre tema. Hovudfokuset er på beredskap, krisehandtering, og trening, øving og ressursar. Dei nemnde tema kan knytast opp mot beredskap, men tema som økonomi og regelverk er teke opp i tillegg. I oppgåva er det lagt minimal vekt på krisehandtering, men det er knytt opp til øving og beredskap. Vidare er oppgåva og delen om øving relatert til PLIVO-prosedyren og korleis den er ein del av beredskapen. I tillegg har eg, i likskap med den andre masteroppgåva, sett på korleis PLIVO-prosedyren er lagt opp og kva krav den stiller til gjennomføring for brannvesena.

### 1.4 Innhold og struktur

For å få ein oversikt over oppbygginga av oppgåva, presenterast no ein kort oppbygging.

Kapittel 2 inneheld ein avklaring av korleis brannvesenet er organisert og dimensjonert.

Kapittel 3 inneheld teori. Dette gjeld teoriar om beredskap, krisehandtering og øving og trening. Det er brukt teori som vinklar seg inn på beredskap i ulike formar. Dette inkluderer

heile beredskapsprosessen, frå å identifisere beredskapssituasjonar til korleis beredskapsanalysen utformast. Vidare er det krisehandtering og øving.

Kapittel 4 inneheld metode, der det er gjort reie for kva design som er brukt, kva framgangsmåte og korleis validitet og reliabilitet er vurdert i oppgåva. Her føljer òg ein presentasjon av informantar nytta i oppgåva.

Kapittel 5 tek for seg empiri, der datainnsamlinga blir presentert. Kapittelet inneheld meininger og tolkingar som er viktige for oppgåva, i tillegg til å kunne svare på problemstilling og underbyggande forskingsspørsmål. Empirikapittelet har struktur etter forskingsspørsmåla.

Kapittel 6 inneheld drøfting, der det diskuterast funn i datainnsamlinga opp mot teori. Kapittelet her er òg strukturert etter forskingsspørsmåla. Her er potensielle løysingar drøfta, samt forslag til vidare forsking.

I det 7., og siste kapittelet er konklusjonen. Her blir det svara på problemstilling og forskingsspørsmål.

## 2.0 Brannvesenets organisering og dimensjonering

Brannvesenet er ein communal eining og er organisert på ein slik måte at kvar kommune har eit brannvesen. Brann- og redningsvesena er organiserte i høve med «Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen» (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002, § 1). Forskrifta sikrar at alle kommunar har eit brannvesen som er utrusta, bemanna og organisert til å utføre oppgåver tilfredsstillande, basert på risiko og sårbarheit som gjeld i ansvarsområdet. I tillegg er det krav til organisering og dimensjonering basert på tettstader, innbyggjartal og utrykkingstid. Innsatstida i område med særleg rask fare for ein omfattande spreiing av brann, sjukehus/sjukeheim mfl., strøk med ei koncentrert og omfattande næringsdrift, skal ikkje overstige 10 minutt. Innsatstida i tettstadar skal ikkje overstige 20 minutt, og utanfor tettstadar bør den ikkje overstige 30 minutt (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002).

Alle kommunar skal ha beredskap for brannar og ulykker som kan sikre innsatsen i heile kommunen, innafor krav til innsatstider. Dette tyder at dei skal ha ei innsatsstyrke på minst 16 personar, der minst 4 skal vere kvalifiserte utrykkingsleiarar. Eit vaktlag skal minst bestå av 1 utrykkingsleiar og 3 brannkonstablar eller røykdykkarar. I tillegg skal det ha ein støttegruppe på ein førar for tankbil, og ein førar for snorkel-/stigebil. Forskrifta seier vidare noko om vaktberedskapen basert på innbyggjartalet i tettstaden, med tanke på heil- og deltidspersonell (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002).

I spreia busetnad og tettstadar med opp mot 3000 innbyggjarar, kan beredskapen bli organisert av deltidspersonell utan fast vaktordning. Dersom det ikkje kan forventast eit oppmøte som er tilstrekkeleg ved alarmering, skal det bli oppretta lag som har dreiande vakt (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002).

I tettstadar med 3000-8000 innbyggjarar skal beredskapen organiserast i lag som består av deltidspersonell med dreiande vakt (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002).

I tettstader med 8000-20 000 innbyggjarar skal beredskapen organiserast i lag som består av heiltidspersonell med kasernert vakt innanfor den ordinære arbeidstida. Utanfor den ordinære arbeidstida kan beredskapen bli organisert i lag som består av deltidspersonell med dreiande vakt, men der utrykkingsleiaren har hovudyrket i brannvern. Støttegruppe, jf. § 5-2, kan vere deltidspersonell med dreiande vakt (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002).

I tettstader med meir enn 20 000 innbyggjarar skal beredskapen organiserast i lag med heiltidspersonell, med kasernert vakt. Støttestyrke, jf. § 5-2, kan vere deltidspersonell med dreiande vakt (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002).

## 3.0 Teori

Problemstillinga mi er: ««På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?» med tilhøyrande forskingsspørsmål. For å svare på korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp, inneheld teorikapittelet mitt teoriar rundt krisehandtering, beredskap og trening og øving. Første teori handlar om krisehandtering.

### 3.1 Krisehandtering

Krisehandtering handlar om å handtere kriser og katastrofar slik at konsekvensane av hendingane blir minst mogleg for menneske, miljø, økonomiske verdiar og omdømme. For brannvesenet kan krisehandtering innebere mykje. Nokre døme kan vere sløkking av brann eller å redde folk ut av fastklemde bilar. Kvaliteten i den akutte fasa av krisehandteringa, er heilt avhengig av det som er gjort i planleggingsarbeidet, i form av førebygging og førebuing i førkrisefasa. Beredskap og beredskapsarbeid er heilt sentralt i førebuinga av krisehandtering (Engen, et al., 2021). (Kruke, 2012, i Engen et al., 2016) definerer krisehandtering som avgjerdstaking under stor grad av tidspress.

Krisehandtering i dynamiske kriser handlar om å ta kritiske avgjerder der det er stor grad av usikkerheit. Denne usikkerheita kjem av at noko uføresett har skjedd. Pålitelegheit under krisehandtering handlar derfor om kor godt ein handterer ei uventa hending. Det uventa hender fordi bøker, planlegging og trening ikkje er tilstrekkeleg for å fange opp den aktuelle hendinga. Dette kan igjen tyde på at grunnlaget av planlegging, utrusting og trening kanskje ikkje er tilfredsstillande for å handtere situasjonen. Krisehandteringa i den akutte fasa handlar òg om kvaliteten og relevansen til beredskapsplanverket og dei planlagde og trena strukturane for krisehandtering. Sjølv om det er gjort eit profesjonelt arbeid i førkrisefasa når det kjem til beredskapsplanlegging og trening av responsressursar, er det alltid nødvendig å tilpasse krisehandteringa etter krisa. Nokre gonger er det behov for å avvike frå dei etablerte planane, reglane og prosedyrane. Slike avvik kan sjåast på som nødvendig improvisasjon, slik at ein kan tilpasse seg etter krisa. Avvika er ofte heilt nødvendige for å kunne handtere ein situasjon som oppstår (Engen, et al., 2021).

Det finst ulike måtar for å handtere kriser. Den eine er gjenkjenningsbasert avgjerdstaking, der ein kjenner att situasjonar og dermed handterer kriser etter tidlegare erfaringar, med god og tilpassa respons. Motsatsen til dette er der ein ikkje kjenner att situasjonen eller delar av den. Dette kallar (Lagadec, 1993) for forvitring av referanserammer. Manglande attkjenning kan leie til større behov for avvik frå beredskapsplanar og innovde strategiar for trening og

krisehandtering. I slike episodar vil uventa og ukjente situasjonar stille krisehandteringa på store prøver, på grunn av auka behov for avvik og tilpassing, eller eit auka behov for improvisasjon (Engen, et al., 2021).

Improvisasjon kan definerast som ei form for spontan intuisjon. I ein krisesituasjon kan ein rekne med at førehandsbestemte planar blir brukt for å løyse den aktuelle situasjonen. Likevel kan ein ikkje rekne med at beredskapsplanane fult ut kan gi støtte og hjelp i alle situasjonar. Ein kombinasjon av kunnskap om planverk og førehandsfastsette strategiar er viktig for emna til å handtere uførehandsfastsette situasjonar og for evna til improvisasjon. I akutte kriser er det behov for å kombinere planar med improvisasjon slik at ein kan takle forhold som ikkje blir dekte av planen (Mendonça, Berrogi, & Wallace, 2001). Me improviserer når me står ovanfor fleirtydige situasjonar, noko som blant anna gjeld i krisesituasjonar der me er utanfor komfortsona. Me improviserer ved å bruke erfaring og kreativitet. Det er altså nytenking i situasjonar der me har mangelfull kunnskap. Målet med improvisasjon i ein akutt krisesituasjon handlar om overleving, hindring av handlingslammning og å hjelpe andre. Det er avgjerande i ein situasjon som er ukjent for oss, samt der me ikkje har klarlagde og trenade strategiar me kan nytte oss av (Engen, et al., 2021).

Krisehandtering handlar om å fatte avgjerder både etter planverk, og løysing av dei problema som oppstår undervegs ved å improvisere. Improviserte avgjerder blir teke på bakgrunn av eit teams tidlegare erfaringar, både frå reelle situasjonar og trening og øving. Deretter tek ein avgjerder ved å overføre desse erfaringane til dei ein kjenner att frå liknande situasjonar. Menneske kan tenke i fleire ulike retningar samtidig, gjere vurderingar og ta avgjerder på bakgrunn av den informasjonen som finst. Dette må erkjennast og trenast på som ein del av avgjerdsprosessen (Engen, et al., 2021).

Avvik frå planleggingsprosessen kan òg føre til problem, men er ikkje nødvendigvis problem i seg sjølv. Dei kan vere heilt nødvendige for å kunne handtere ein krisesituasjon. Dersom dei derimot ikkje kommuniserast, kan dei fort bli problematiske. Derfor er det i ein krisesituasjon viktig at endringar frå prosedyrar formidlast til dei som har behov for å vite det (Engen, et al., 2021).

### 3.2 Beredskap

For å handtere kriser best mogleg, er det viktig med god beredskap. Beredskap er å vere førebudd på å handtere ein situasjon. Desse situasjonane er gjerne ordinære, uføreutsette og

alvorlege (Engen, et al., 2021). For å ha god beredskap må ein avgjere kva type hendingar beredskapen skal dimensjoneraast ut frå. Dette kan vere om det er spesielle faktorar i ei kommune ein må ta høgde for eller om politirelaterte situasjonar skal vere med i beredskapen. Etter dette kan ein fastsetje ambisjonsnivået for beredskapen. Gjennom å skildre ulike scenario for kriser kan ein analysere kva behov dei ulike scenarioa stiller til kapasitet og ressursar i alle fasar av krisehandteringa. På denne måten er det mogleg å etablere funksjonskrav til innsatsfaktorar som leiing, tenester, utstyr osv. (NOU 2021: 6, 2021).


Noko som er sentralt for krisehandtering er korleis beredskap og beredskapsplanen er lagt opp. Målet vårt med beredskap er å førebu oss og handtere dei krisene me ikkje kan førebygge. Beredskap tyder å vere budd, og handlar om å førebyggje hendingar som kan vere truande for dei sentrale samfunnsinstitusjonane. Vidare dreier det seg om å førebyggje hendingar som kan true den felles tryggleiken vår, samt tryggleikskjensla til den enkelte. I beredskap er styring og planlegging viktig for å hindre at uønskte hendingar oppstår. Likevel vil det alltid vere ein restrisiko, som er hendingar som likevel vil oppstå sjølv om det er utført godt førebyggjande arbeid. Denne restrisikoen skal handterast effektivt, med dei ressursane ein har tilgjengeleg, baserte på klare strukturar, ansvarsforhold og kommandoliner mellom dei ulike involverte aktørane (Engen, et al., 2021).

NOU 2000: 24, definerer beredskap som «tiltak for å forebygge, begrense eller håndtere uønskede ekstraordinære hendelser» (NOU 2000: 24, 2000, s. 20). Målet med beredskap er å føresjå moglege truslar og utfordringar slik at ein kan handtere dei på ein effektiv måte. Vidare er det viktig å etablere kapasitetar, så ein veit kva utgangspunkt ein har (Engen, et al., 2021).

Beredskap er knytt til fleire andre aktivitetar i ein organisasjon. Det er ei openberra kopling mellom risikostyring og beredskap, der risikostyring er alle dei koordinerte aktivitetane for å rettleie og kontrollere ein organisasjon, med tanke på risiko (Standard Norge, 2018b i Eriksen, Rake & Sommer, 2021). I tillegg er beredskap eit samansett fagområde der ein treng kompetanse innan fleire spesialistområde. Nokre av desse kan vere å ta avgjerder, stresshandtering og leiing. I tillegg har me situasjonsspesifikke spesialistområde som til dømes brann og redning, og driftskontinuitet. I samansette fagområde som beredskap, er det viktig å ha ei systematisk tilnærming og ein god struktur på området. Beredskap er eit verkemiddel som organisasjonen brukar til å handtere konsekvensar av uønskte situasjonar som har oppstått (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.1 Beredskapsplanlegging

Ein god beredskap byggjer på fleire fasar. I starten må det gjennomførast analyser av risiko slik at det er mogleg å etablere ei oversikt over aktuelle truslar og farar som kan oppstå. Dette er både truslar og farar som har påverka samfunnet før, og som er potensielle for framtida (Perry & Lindell, 2003). Her kan det altså gjelde situasjonar som har dukka opp etter reforma vart innført. Beredskapsanalysen vil gi rammene for hendingane det skal etablerast beredskap for, og i tillegg dimensjonere beredskapen for desse hendingane. Vidare vil beredskapsplanen dokumentere den beredskapen som etablerast, med bakgrunn i analysane. Dette dreier seg om organisering, utstyr og ressursar ein har. Til slutt er trening og øving, og mobilisering i krisesituasjonar med på å gi grunnlag for evaluering av den beredskapen som er etablert. Beredskapsplanlegging, trening og øving kan dreie seg om spesifikk trussel, men òg om fleksibilitet og tilpassing ein har til uventa og uønskte hendingar. Beredskap handlar om ei etablering av ressursar og fullmakter som kan nyttast for å handtere ulike uønskte hendingar (Engen, et al., 2021).



Figur 1: Fasar for beredskapsplanlegging (Engen, et al., 2016, s. 284)

### 3.2.2 Risikoanalyse

Ei risikoanalyse er ein systematisk prosess ein brukar for å skildre risiko. I denne prosessen tek ein gjerne utgangspunkt i nokre truslar og farar som er identifiserte, slik at ein kan gjennomføre årsaks- og konsekvensanalysar, i tillegg til å etablere eit risikobilete. Ei årsaksanalyse skal analysere samt identifisere nokre potensielle orsakar til at uønskte

hendingar oppstår. I tillegg kjem ei vurdering av sannsynet for desse. Konsekvensanalyse er ein gjennomgang av dei moglege konsekvensane ei uønskt hending kan medføre. I både årsaks- og konsekvensanalysar er vurderinga av usikkerheit viktig. Derfor inngår dei i avgjerdsgrunnlaget.

Formålet med å etablere eit risikobilete handlar om å gi avgjerdstakarane eit forståeleg og hensiktsmessig innspel til avgjerdsgrunnlaget. Derfor er det i etterkant av risikoanalysen nødvendig at det er ei utførleg skildring og dokumentasjon av risikoanalyseprosessen. Eit viktig grunnlag å ta me seg frå risikoanalysen er identifikasjonen av farar og truslar slik at ein kan etablere eit register over dei utvalde uønskte hendingane som ein skal bygge beredskap for å handtere.

For å få til eit godt beredskapsbilete, er det viktig å skaffe seg eit bilet over risikoen. Det er viktig å etablere visse akseptkriteria for risiko. I tillegg er det viktig å gjennomføre risikoanalysar slik at ein kan etablere kunnskap om trusselen for å kartlegge og skildre risiko. Risikoanalysar er analytiske prosessar for å skildre risiko. Her tek ein utgangspunkt i nokre identifiserte truslar og farar for å deretter gjennomføre årsaks- og konsekvensanalysar av dei. Slik kan ein danne seg eit risikobilete (Engen, et al., 2021).

Kva rammeverk me brukar, har betydning for beredskapsvurderinga og arbeidet me skal utføre. Ein del av dei kontekstuelle forholda rundt organisasjonen er risiko og mål innan risikostyring. Sidan beredskap er ein del av risikostyringa, er forholda organisasjonen har til risiko viktig. Dette inneber til dømes kva type risiko organisasjonen må stilla seg etter, kor stor risiko organisasjonen syns er akseptabel og kva mål organisasjonen har for risikostyring til dømes. Derfor er det viktig å forstå risikobilete me legg til grunn for beredskapsanalysen. Ein må utarbeide systematiske identifikasjonar og skildring av risiko før ein kan byrje arbeidet med beredskapsanalysar. Derfor er det fleire viktige forhold me tek med oss inn i arbeidet (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Til dømes må ein velje eit utval av uønskte situasjonar som skal leggast til grunn for arbeidet. Vidare må det avklarast om dei uønskte situasjonane skal justerast med omsyn til kva situasjon me skal velje som utgangspunkt i kjeda av situasjonar (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Eit anna forhold er sær preg knytt til risiko. Dette dreier seg om spesielle forhold som er med på å medføre særskild risiko. Nokre døme på dette kan vere geografiske forhold for ei kommune, som kan auke risikoen. Dette er til dømes værforhold eller plassering. I dette tilfelle

er det eit faktum at mindre kommunar har færre politikontor, og risikoen for at brannvesenet må handtere politirelaterte situasjonar er derfor større. Dette krev spesielle behov for beredskap i brannvesenet (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

I tillegg er det usikkerheit knytt til risikovurderingane som blir gjort. Me baserer oss på vår tilgjengelege kunnskap når me skal kartlegge orsakar og konsekvensar. Utfordringa er at me ikkje alltid har nok kunnskap til å forstå orsakar til, og konsekvensar av uønskte situasjonar. Det kan vere andre årsaksforhold og ha andre konsekvensar enn det me har kunnskap om, som leier til dei uønskte situasjonane (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.3 Beredskapsanalyse

Å analysere beredskap inneber å utføre ei analyse av beredskapssituasjonar, slik at det er mogleg å identifisere beredskapsløysingar med tilhøyrande krav. Nokre aktuelle tema i slike analyser kan vere organisering, ressursar, kompetanse, samverke, HMS (helse, miljø, sikkerheit), strategi og taktikk, barrierar, interessentar og kommunikasjon. I denne oppgåva vil eg gå nærmare inn på ressursar, samverke, kompetanse og HMS (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Det kan vere behov for å gjennomføre beredskapsanalysar knytt til spesifikke endra risikoforhold. Nye aktivitetar kan leie til nye beredskapssituasjonar. Dette er til dømes når næropolitireforma leia til ei reduksjon av politidistrikt. Dette leia til at brannvesenet ofte er dei første på åstaden, og at dei må handtere aktivitetane politiet skulle gjort. Denne situasjonen leier til nye beredskapssituasjonar som det er behov for å analysere. Derfor vil val av beredskapssituasjonar for analysering avgrense seg til dei situasjonane som blir påverka av dei endra risikoforholda. Analysar av beredskap og risikoforhold krev ei strukturert og systematisk gjennomgang av heile eller delar av handteringen av beredskapssituasjonane (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.4 Identifisering av beredskapssituasjonar

Første delen av beredskapsanalysen er å identifisere beredskapssituasjonar. Dette inneber identifisering, val og skildring av beredskapssituasjonar slik at ein finn dei hensiktsmessige beredskapsløysingane. Dette blir gjort gjennom val av beredskapsområdet, val av beredskapssituasjonar for analysen og ei skildring av beredskapssituasjonar. Det er viktig å

identifisere beredskapsanalysens mål, omfang og hensikt før me finn beredskapssituasjonane me vil analysere (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

For å fastsetje beredskapsområdet må me ta utgangspunkt i dei uønskte situasjonane. Desse kjem fram frå kartlegginga av risikoen og forståinga vår av desse. Ei oversikt over uønskte beredskapssituasjonar må utarbeidast først. Dette inneber òg å velje kva beredskapssituasjonar ein ikkje vil ha beredskap for. Når me har vald kva situasjonar me ønskjer beredskap for, har me fastsett utvalet av uønskte situasjonar som er grunnlaget for val av beredskapsløysingar, eller beredskapsområdet (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Etter me har vald beredskapsområdet, vel me kva beredskapssituasjonar me skal analysere. Valet av beredskapssituasjonar vil vere avhengig av likskapen av handteringa av beredskapssituasjonar og målet, omfanget og hensikta med beredskapsanalysen (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Skildring av beredskapssituasjonar handlar om å skildre dei utvalde beredskapssituasjonane som skal analyserast. For å analysere beredskapssituasjonane må me først kome fram til ei felles forståing av kva dei består av. Då må me skildre beredskapssituasjonane, noko som kan hentast frå risikoanalysane, og justerast ved behov. Når beredskapssituasjonane er skildra kan dei brukast i beredskapsanalysen (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

For å utarbeide eit godt avgjerdsgrunnlag må avgjerdstakaren vere i god stand til å bestemme kva beredskapsløysingar organisasjonen skal ha, samt kor god beredskapen skal vere. Dersom ein ikkje har ein systematisk og grundig gjennomgang kan risikoen vere å etablere uhensiktsmessige og mangelfulle løysingar. I tillegg får me ikkje ei like god felles forståing og avklaring av beredskapsløysingane. Dette leier til at forventningar og forståing ikkje er avklara før ein situasjon oppstår. Slike uheldige forhold kan bli unngått ved å utføre beredskapsanalyser (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Beredskapsanalysar kan ha ulike omfang og tilnærmingar, formål, og utførast med ulik kompleksitet og detaljgrad. Ei enkel tilnærming til beredskapsanalysar er gjerne ein god start, då det kan føre til ein omfattande analyse. Ved særskilde behov kan det òg vere nyttig å utføre delanalysar som ein deretter set saman til ein heilskap. Som nemnt er det ulike delar av slike analyser, men her vil eg gå nærmare inn på ressursar (utstyr, økonomi og tid), kompetanse og HMS (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Analyser av beredskap inkluderer ei systematisk og strukturert gjennomgang av beredskapsituasjonar, anten heile eller delar. Analysestrukturen må etablerast basert på formålet og omfanget av den. Den vanlegaste analysestrukturen er vanlegvis delt inn i fire fasar;

1. Overvake
2. Varsle og mobilisere
3. Handtere
4. Normalisere

(Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

I kvar av fasane identifiserer me aktivitetar og oppgåver som skal utførast og analyserer delane av beredskap me har vald ut. Dersom me analyserer ansvar og myndigkeit, skal analysen svare på kven som har ansvar for dei ulike aktivitetane og oppgåvene, samt om den som har ansvar har tilstrekkeleg med myndigkeit. Denne tilnærminga gjeld òg andre delar av beredskap. Me kan analysere kva ressursar som krevst for å utføre dei aktivitetane og oppgåvene me skal løyse, eller kva kompetanse personell må ha (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Det finst ulike beredskapsfasar for ulike sektorar, men dei vanlegaste er nemnt ovanfor og skal vere vegleiande. Ved å inkludere beredskapsfasar før «varsle og mobilisere», er det mogleg å identifisere beredskapsløysingar knytt til forhold som kan bidra til å eskalere og utvikle beredskapsituasjonen i ei tidleg fase. Faseinndelinga kan hjelpe til med å sikre ein systematisk gjennomgang av beredskap frå ein situasjon oppstår til den er avslutta. Når me har vald ut dei fasane som skal brukast i beredskapsanalysen, brukar me desse i dei utvalde beredskapsituasjonane (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Analyse av ulike beredskapsituasjonar skal også inkludere identifikasjon av krav til beredskapsløysingar. Desse krava kan gjelde kven som skal varslast, kor raskt me skal mobilisere, kva kompetanse dei ulike rollene skal ha og kven som skal involverast når. Krava brukast blant anna til å dimensjonere beredskapen, så den er tilstrekkeleg til å handtere beredskapsituasjonane. Vidare brukast desse krava til å konkretisere kor god beredskapen skal vere, og skal brukast til å kvalitetssikre at me oppnår dei måla me har sett for beredskapen (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Eit anna aspekt som påverkar beredskapsanalysen er forutsetningar og kva som er venta. Forutsetningar er vilkår me vel som grunnlag for beredskapsløysingar. Kva som er venta inneber førestillingar me forventar at er riktige og som me derfor legg til grunn for beredskapsløysingane (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Når me skal analysere beredskap identifiserer me beredskapsløysingar som er tilfredsstillande for dei måla me har for beredskap. Desse måla er definerte før beredskapsanalysen. For å sikre at ein oppnår måla er det viktig å spesifisere krav til beredskapsløysingane. Desse krava skal bidra til at måla for beredskapen oppnåast (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

For å vurdere beredskapsløysingar kan me analysere beredskapssituasjonar. Dette ved å identifisere ulike faktorar som til dømes kva som må gjerast for å handtere desse, kva utstyr, verktøy og hjelpemiddel me har behov for, og kven me må kommunisere med. Innhaldet i beredskapsanalysar vil vere avhengig av hensikta til analysen, i tillegg til mål og omfang. Analysane kan relaterast til ulike former og tema, men eg vil ta for meg ressursbehov, øving og HMS (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

I beredskapsområdet kan det i tillegg vere beredskapssituasjonar me ikkje er sikre på om me kan handtere, når det gjeld regelverk. Regelverket kan vere endra eller me kan vere ukjende med regelverk knytt til nokre av dei. Dei ulike beredskapssituasjonane vil røyre ved juridiske bestemmingar. Basert på dette kan me velje å analysere beredskapssituasjonar der me ønskjer ei vurdering av om handteringen er i samsvar med regelverk eller andre retningsliner me må høva oss til (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.5 Ressursbehov

Organisasjonar og personar vil ikkje ha moglegheit til å handtere beredskapssituasjonar effektivt utan verktøy, hjelpemiddel og utstyr som er hensiktsmessig. Det er derfor formuftig og nødvendig å kartlegge tilgjengelege ressursar i forkant. Ei analyse av ressursar vil bidra til å få ei oversikt over nødvendig utstyr for å handtere ulike beredskapssituasjonar. Før me analyserer ressursbehovet er det nyttig å ha ei oversikt over kva oppgåver som skal utførast. Tilgangen på ressursar påverkar òg val av beredskapsløysingar, og ei gjennomgang av nødvendig verktøy, hjelpemiddel og utstyr bidreg til at me kan unngå eit beredskapsarbeid som er ineffektivt. Tilgangen på ressursar har også påverking på behov innan kompetanse, samverke og val av taktikk og strategi (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Etter dette identifiserer me nødvendig verktøy, hjelpemiddel og utstyr me har behov for når ein beredskapssituasjon skal handterast. Ressursar kan dreie seg om mange ting, men i dette tilfelle vil det dreie seg om personleg verneutstyr, økonomi og tid. Lista kan bli lang, og derfor må omfanget og formålet med analysen vere førande på detaljnivå (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Ressursanalysen bør innehalde ulike spesifikasjonar, blant anna kor mykje som finst, eller spesifikasjonar gjeldande spesifikt utstyr. Dersom dette ikkje blir spesialisert, kan val av beredskapsløysingar bli vanskelegare. Det er viktig å kartlegge oppgåver i tilstrekkeleg grad, då ei forenkla tilnærming kan føre til at beredskapsløysinga blir mangelfull. Dette fordi talet på personar ikkje blir tilpassa arbeidsmengda til dømes (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.6 Kompetanse

Ei anna forutsetning for god beredskap er kompetanse, noko som òg bør vektleggast i stor grad. For å greie å gjennomføre oppgåvene må me finne den nødvendige kompetansen me treng, i tråd me haldningar, kunnskap og ferdigheitar. Når me har kartlagt dei ulike beredskapssituasjonane me har vald ut, kan me finne ut av kompetansekrava til dei ulike rollene. Slik kan me få ei oversikt over den nødvendige kompetansen personane i dei ulike rollene i ein beredskapssituasjon må ha. Denne typen oversikt blir vidare grunnlag for utarbeiding eller oppdatering av rolleskildringane i beredskapssituasjonen, noko som òg gir innspel til opplærings-, øvings- og treningsaktivitetar (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.7 HMS

Beredskapssituasjonar inneber ofte ein stor risiko for personellet som er involvert. Det kan vere spesielt utfordrande dersom me skal iverksette innsats i situasjonar som ikkje er avklara, og som framleis er dynamisk og hurtig utviklande. Vidare står me i mange beredskapssituasjonar overfor eit krav til å handle med ein gong og med ei stor arbeidsmengd. I tillegg har me ofte avgrensa med informasjon. Avhengig av erfaring og kompetanse har me varierande grad av forutsetningar for å greie å identifisere og vurdere dei risikoforholda som eksisterer. Sannsynet for ei feilvurdering er stor, og potensielt kan ein utsette seg sjølv for ein unødvendig høg risiko (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

På denne måten er det viktig å analysere kva risiko me potensielt kan møte på i beredskapssituasjonar på førehand, slik at me har moglegheit til å iverksette risikoreduserande

tiltak som er hensiktsmessige. Dette gjeld både beredskap og normal drift. Ei analyse av kva me kan møte på er spesielt nyttig for taktisk nivå, fordi innsatspersonellet er dei som arbeidar nærmast farane, og skal utføre arbeidsoppgåver med stor risiko. Likevel kan det vere nyttig på operasjonelt, strategisk og politisk nivå fordi det her òg er risiko knytt til beredskapsarbeid, til dømes utmatting eller stress (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

For beredskapspersonell er retningsliner for HMS nødvendig. Retningsliner inkluderer akseptabel og ikkje akseptabel eksponering av risiko under innsats. Å overlate desse vurderingane til personellet sjølv vil vere uheldig, då dei i ein pressa situasjon vil ønskje å strekkje seg langt (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

Ved å vurdere risiko mot gevinst, kan me evaluere når innsats skal setjast i verk eller ikkje. Vidare kan me då få fram retningsliner for beredskapsløysingar og beredskapshandtering. Døme på retningsliner kan vere at ingen tilsette fysisk skal gripe inn mot truande personar med våpen og at søk i utsette område for ras ikkje skal setjast i verk før det er avklara at det ikkje er fare for nye ras i området (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

### 3.2.8 Ytingskrav

Ytingskrav er spesifikke krav til yting av beredskapsløysingar. Krava kan knytast til ulike delar av beredskap, til dømes når det gjeld funksjonar og roller i beredskapsorganisasjonen og verktøy og utstyr. Krava spesifiserer ofte eigenskapar som blant anna funksjonalitet, yting og pålitelegheit. Dersom me ikkje identifiserer krav er det større usikkerheit knytt til kor gode beredskapsløysingane skal vere. Då blir det vanskeleg for avgjerdstakarane å vurdere i kor stor grad dei ulike beredskapsløysingane møter måla for beredskap, samt korleis dei påverkar risiko. Slik kan me risikere at avgjerdstakarane vel løysingar utan å vere klar over kva løysingane inneber i praksis, og at restrisikoen då blir høg. Krav til beredskapsløysingar bør vere formulerte løysingar som ikkje er konkrete. Dette for å sikre fleksibilitet. I tillegg bør dei vere enkle å forstå. Alle krav må inkluderast og skildrast i beredskapsanalysen, deriblant forskrifter og andre bestemmingar som ligg til grunn (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021).

## 3.3 Trening og øving

I beredskapssamanheng har øving og evna til å lære, moderat betydning (Sommer, Pollestad, & Steinnes, 2020). Trening og øving er ein sentral del av prosessen med beredskap (Engen, et al., 2021). Det brukast som eit verkemiddel slik at ein kan forbetra handteringa av kriser og styrke samfunnssikkerheita (Rykkja, 2014). Dei bidreg positivt slik at menneske kjem i betre

stand til å handtere hendingar som er krevjande og utfordrande (Berlin & Carlström, 2009). I denne oppgåva vil eg sjå på trening og øving som to sider av same sak (Sommer, Pollestad, & Steinnes, 2020). Øving er eit av dei viktigaste verktøya for å byggje kompetanse (Sommer, Pollestad, & Steinnes, 2020).

For å få auka bevisstheita og kompetansen til å handtere ei krise, er det viktig å gjennomføre øvingar (Rykkja, 2014, s. 147). Ein kan tenkje seg at trening handlar om å vere førebudd på ei krise, dersom ein har trena på liknande situasjonar (Boin, Kofman-Bos, Overdijk, 2004).

Kartez og Lindell (1987) peikar på viktigheita av øving, slik at ein kan tilegne seg erfaring. I dette tilfelle kan det utgjere ein stor skilnad dersom ein er øva på politirelaterte situasjonar. Ei form for å lære av erfaring er kriseøvingar, som er eit viktig aspekt ved planlegging av beredskap (Kartez & Lindell, 1987). I tillegg blir det enklare å fatte avgjerder dersom ein utfører øvingar, fordi det gir folk ei form for moglegheit til å kjenne att situasjonen, og ei moglegheit til å få erfaring i korleis ein handterer usikkerheit (Engen, et al., 2016, s. 366).

For å danne eit fundament for handtering av krisesituasjonar, er det givande med trening og øving på realistiske scenario (Smith, 2004). Trening og øving kan inngå i enkeltindivids, organisasjonars og samfunnets førebuing til å handtere kriser, katastrofar og ulykker. Slik kan trening og øving bli ei form for bindeledd mellom beredskapsplanlegging, samt allokering av ressursar og handtering av uønskte hendingar (Engen, et al., 2021).

Sjølv om trening og øving er viktig for beredskap, krev ei funksjonell eller operativ øving mykje planlegging og aktivitet, i tillegg til ressursar og planlegging (Rykkja, 2014, s. 148). Fullskalaøving er den forma for øving som er mest realistisk og omfattande, men krev ofte mykje ressursar (Engen, et al., 2016, ss. 364-365). Dersom ein vil halde kostnadane nede, kan det påverke kvaliteten på øvinga, og kan påverke realisme og relevans (Engen, et al., 2016, s. 368). Vidare er det anbefala at ein utviklar øvingar der ein organisasjons svakheiter eksponerast, samt er overraskande (Smith, 2004).

I utforming av øvingar er det viktig å vere klar over at ein bør gjere øvingane så realistiske som mogleg (Boin, Kofman-Bos og Overdijk, 2004). Til dømes vil ressurstilgangen i øvingar ofte vere annleis enn i realistiske situasjonar, i tillegg til informasjonsgrunnlaget. I øvingar kan ein ta seg tid til å samle inn så mykje informasjon ein vil, i motsetning til i realiteten av kriser. I kriser er det ofte eit tidspress ein må handle ut frå, og moglegheita til å skaffe seg nok informasjon er avgrensa (Engen, et al., 2016). Vidare er det ikkje alltid at øvingar som er godt planlagde resulterer i god læring (Sommer & Njå, 2011). Dette fordi det er vanskeleg å få til

realistiske øvingar, basert på dei forutsetningane som finst (Engen, et al., 2016, s. 368). Ei øving som kan vere vanskeleg å gjere realistisk er den nasjonale PLIVO-prosedyren.

### 3.3.1 PLIVO

PLIVO er ei prosedyre for brann, politi og helse for korleis dei skal opptre og samverke ved hendingar der det blir utøva livstruande vald mot fleire personar (DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet, 2015). DSB har innført ei plikt for brann- og redningsvesenet i å sørge for at personellet gjennomfører fellesøvingar med andre etatar og samverkeaktørar (DSB, 2022). Politiet skal gå i direkte innsats for å nøytraliser gjerningspersonane, slik at dei kan redde liv og avgrense skade. Brann og helse skal vere med å hjelpe aktivt, med livreddande tiltak. Prinsippa for PLIVO-aksjonar skal kunne nyttast uansett tal på innsatspersonell. Handteringen må på den andre sida tilpassast dei ressursane ein har tilgjengeleg. Prosedyren skildrar korleis handlingsmønsteret er når alle etatane er til stades, og korleis innsatspersonell frå helse og brann skal handle i situasjonar der politiet ikkje har kome fram. Prosedyren brukast som eit verktøy for å betre samhandlinga slik at ein kan redde liv og avgrense skade i ekstreme situasjonar. I tillegg blir det spesifisert at prosedyren ikkje skal gjere at det blir endringar i primæroppgåvene til etaten (DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet, 2015).

PLIVO-prosedyren er eitt av oppfølgingstiltaka etter hendingane under 22. juli, 2011 (DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet, 2015). Ifølgje Nakos (2017) er det viktig at dei tre etatane fortset engasjementet. Naudetatane er plikta til å delta i dei årlege PLIVO-øvingane, og det er krav til samverkeøvingar som bidreg til ein felles kultur, haldning og forståing i ekstreme hendingar (Nakos, 2017).

Prosedyren seier at dersom brann og helse kjem fram før politiet, har politiets operasjonsleiar fortsett ansvar for leiinga av innsatsen. Dette tyder at han skal gi råd og vegleiing for korleis brann og helse skal forhalsa seg situasjonen (DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet, 2015). Kravet om gjennomføring av praktiske øvingar er det forventa av DSB at alt operativt personell i dei heiltidsorganiserte brann- og redningsvesena deltek på øving minimum kvart tredje år. I dei deltidsoorganiserte brann- og redningsvesena er det forventa at det blir gjort som eit minimum for tilsette med funksjonar som overordna vakt eller utrykkingsleiar. Vidare er det brannsjefen som skal vurdere deltaking for anna mannskap (Moe & Sandvik, 2019, s. 45).

### 3.4 Analytisk rammeverk

Problemstillinga tek for seg krisehandtering, beredskap, og trening og øving.

For å få til ei god krisehandtering er det viktig med ein god og dekkande beredskap.

Krisehandtering er handtering av kriser og katastrofar, slik at konsekvensane er minst mogleg for menneske, miljø og økonomiske verdiar. I dette tilfelle gjeld det politirelaterte situasjonar, som kan inkludere trafikkdirigering, å ta bilete under ein situasjon for å sikre bevis og fysisk inngraping. Vidare er kvaliteten i den akutte krisefasa heilt avhengig av det som er gjort i planleggingsarbeidet for å førebu og førebygge krisa. På denne måten er beredskap og beredskapsarbeid heilt sentralt når det kjem til førebuing av krisehandtering. Det er i tillegg viktig at beredskapsplanverk er prega av kvalitet og relevans, og at det er planlagd og trena for krisehandtering. Derfor er forskingsspørsmål 1: «Korleis handterer brannvesenet politirelaterte situasjonar/kriser?», stilt.

Basert på kva beredskapen til brannvesenet er dimensjonert for, kan ein vite korleis kriser i akutte situasjonar skal handterast. Vidare i beredskap er det viktig å gjennomføre risikoanalysar slik at ein kan finne ut kva potensielle farar og truslar ein står ovanfor. Det er viktig å etablere kva områder og situasjonar ein skal etablere beredskap for, og skaffe seg eit bilet over risikoen. Ei beredskapsanalyse vil danne grunnlaget for kva hendingar det skal etablerast beredskap for, og i beredskapsplanen er det dokumentert kva beredskap som skal etablerast, basert på analysane. Inkludert i desse planane er organisering, utstyr, ressursar, kompetanse og HMS. For å finne ut korleis dei politirelaterte situasjonane er inkluderte i beredskapen til brannvesenet, vart forskingsspørsmål nr. 2: «Korleis inkluderast politirelaterte oppgåver i brannvesenet si planlegging og dimensjonering av beredskap?».

Vidare er trening og øving med på å gi grunnlag for evaluering av beredskapen som er etablert. I beredskapssamanheng er øving og evna til å lære, av stor betydning (Sommer, Pollestad, & Steinnes, 2020). Engen, et.al. (2021) meiner at trening og øving er ein sentral del av beredskap og er eit verkemiddel for å betre krisehandteringa og styrke samfunnssikkerheita (Rykkja, 2014). Det gjer menneske i betre stand til å handtere kriser som er utfordrande (Berlin & Carlström, 2009). Øving på kriser kan seiast å vere eit viktig aspekt ved planlegging av beredskap (Kartez & Lindell, 1987), og er eit bindeledd mellom beredskapsplanlegging og allokering av ressursar og handtering av uønskte hendingar (Engen, et al., 2021). På grunn av bindeleddet mellom beredskapsplanlegging og trening og øving vart forskingsspørsmål nr. 3: «Korleis trenar og øver brannvesenet på handtering av politirelaterte oppgåver?», stilt.

## 4.0 Metode

I dette kapitelet gjer eg reie for dei metodiske vala i studien. Dette inkluderer kva forskingsdesign og metodeverktøy eg har brukt for å svare på problemstillinga: «På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?», med dei tilhøyrande forskingsspørsmåla. Ved å ta i bruk vitskapelege metodar er det mogleg å sikre at forskinga har eit fagleg nivå, som er tilstrekkeleg, i tillegg til at det er påliteleg kunnskap. Det som legg føringar for val av metode er tema, problemstilling og forskingsspørsmål. Fleire faktorar som spel inn på val av metode er tida ein har til rådighet, ressursar, kompetansen til forskaren og kva tilgang ein har til datamaterialet (Jacobsen, 2022). Vidare i kapitelet vil eg òg gjere ein refleksjon angåande dataa sin pålitelegheitsgrad og truverd, og styrkar og svakheiter ved metodeval.

I val av tema, kom eg tidleg fram til kva som skulle vere tema og utgangspunkt i forskingsprosessen. Basert på dette utforma eg ei problemstilling, og tre forskingsspørsmål. Forskingsspørsmål er omgrepssmessige og teoretiske spørsmål som er knytt til temaet (Kvale & Brinkmann, 2009). Vidare påpeiker Kvale & Brinkmann at prosessen om å utarbeide forskingsspørsmål er utsett for justeringar av forskaren. Dette samsvarar med min prosess, der både problemstilling og forskingsspørsmål har vorte endra på undervegs.

### 4.1 Forskingsdesign og -strategi

Forskingsdesign er ein logikk som bind innsamlinga av data, samt konklusjonar ein trekk, saman med forskingsspørsmåla (Yin, 2003). Blaikie & Priest (2019) skildrar forskingsdesign som eit verktøy ein brukar for å kunne svare på kva som skal undersøkast, korleis og kvifor det skal undersøkast. Forskingsdesignet er ei integrert skildring og rettferdigjering av dei tekniske avgjerdene som takast, både på førehand og undervegs i prosessen. I tillegg gjeld det grunngjeving for desse vala. Ifølgje Blaikie & Priest er forskingsstrategiar ein måte å oppnå kontroll på i prosjektet. I nokre tilfelle er det nødvendig å justere forskingsdesignet. Dette er erfart gjennom endring av val av informantar samt storleik på oppgåva. Det er viktig å sørge for at elementa i designet samsvarar med kvarandre (Blaikie & Priest, 2019).

Forskingsdesignet bør starte med å avgjere kva som er forskingsproblemet. Det inneber å finne ut kva som skal undersøkast, og utarbeiding av forskingsspørsmål. Forskingsspørsmåla er retningsliner for det vidare arbeidet. Spørsmåla bør vere tydelege og klart formulerte, og avgrensa til spørsmål om kva, kvifor og korleis. Den formuleringa som brukast avdekker hensikta og formålet bak spørsmålet. Vidare er spørsmåla bidrag til å forstå kva prosjektet

skal oppnå (Blaikie & Priest, 2019). Det må veljast ein forskingsstrategi som kan nyttast til å svare på forskingsspørsmåla. Dei vala ein tek gjeldande forskingsdesign og forskingsspørsmål legg føringar for datautval, datakjelder, datainnsamling og analyse (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, s. 74).

Ifølgje Blaikie & Priest (2019) er val av forskingsstrategi eit viktig aspekt i ei oppgåve. Han skil mellom fleire strategiar; Induktiv, deduktiv, retroduktiv og abduktiv. Desse kan brukast separat eller kan kombinerast. Strategien som veljast skal ligge til grunn for valet vårt av forskingsstrategi. Før eg reiegjer for kva forskingsstrategi eg har brukt, vil eg kort skildre dei fire. Den induktive forskingsstrategien har som hensikt å skildre sosiale prosessar og regelmessigheiter. Den baserer seg på ein tanke om at empiriske studiar dannar grunnlaget for dei teoretiske perspektiva. Strategien egnar seg til å svare på spørsmål om «kva». Det er derimot avgrensingar for kva kapasitet den har til å svare på «kvifor» spørsmål. Deduktive strategiar kan derimot ikkje svare på spørsmål om «kva», men nyttar seg heller til å svare på spørsmål om «kvifor». Retroduktive forskingsstrategiar vil leite etter forklaringar, men for å forklare sosiale fenomen, ser den på faktorar som er underliggende og ligg bak (Blaikie & Priest, 2019). Abduktiv strategi handlar om at all tenking byrjar med observasjon, som skapar spørsmål. Spørsmålet sjåast då på som eit problem som må løysast. Spekulasjonar om korleis problemet ser ut og kva som er orsaka til problemet melder seg. Vidare leiar det til eit sett med hypotesar som ein må finne ut om stemmer, ved bruk av empiri (Jacobsen, 2022, s.37-38).

I oppgåva mi har eg vald abduktiv metode, då praktisk kunnskap blir utvikla gjennom det ein ser, og om antakingar ein gjer får støtte i empirien eller ikkje (Jacobsen, Forståelse, beskrivelse og forklaring, 2021). Utgangspunktet er å skildre og forstå sosiale prosessar. Dette ved hjelp av dei sosiale aktørane sitt forklaringar og meningar (Blaikie & Priest, 2019). Det har vore ein kontinuerleg vekslande verking mellom teori og empiri (Jacobsen, 2022, s.37-38), der eg til slutt landa på dei tre forskingsspørsmåla skildra i kap. 3.4.

Oppgåva mi starta med ei gjennomgang av nærpoltireforma for å finne ut hovudpunktene der. I tillegg såg eg på brannvesenets dimensjonering og innsatstid. Vidare byrja intervjuprosessen, med å hente inn informantar. Her byrja eg med å sokje opp alle brannstasjonane i Noreg, for å finne dei stasjonane som var egna til prosjektet. Dette innebar å finne informantar i små, mellomstore og store kommunar. Deretter sende eg e-post til fleire for å få samla inn informantar, før eg innsåg at det gjekk fortare å ringje. Under utveksling av e-post vart eg visa til relevante nøkkelpersonar, som eg då tok kontakt med. Etter eg byrja å ringe, gjekk

prosessen fort, og intervjua kunne byrje. Eg intervjua brannmenn i felt, både på deltid og heiltid, og brannsjefar som kunne meir om beredskap. Slik fekk eg ein betre forståing av krisehandtering, beredskap, trening og øving, og andre faktorar som kan spele inn her.

Forskingsspørsmåla er deskriptive, og inneholder formuleringar som korleis, som samsvarar med det Blaikie & Priest (2019) seier om abduktiv strategi. Sidan spørsmåla er formulerte slik, held det ikkje med informasjon frå dokument. Det er derimot nødvendig med intervju for å få ein dialog, for å innhente nødvendig informasjon. Dette er avgjerande for å oppnå forståing om korleis nærpoltireforma påverkar arbeidet til brannvesenet, i fleire stadia. Ved å utføre intervju som metode, kjem ein eit steg vidare i prosessen med å finne ut korleis brannvesenets beredskap har utvikla seg i samsvar med nærpoltireforma, og korleis trening og øving hender opp mot krisehandtering.

## 4.2 Metodeval

Valet på forsking gir oss innblikk i korleis me skal gå fram for å skaffe kunnskap om temaet, der me hovudsakleg skil mellom dei metodiske tilnærmingane kvantitativ og kvalitativ. Kva strategi ein vil nytte seg av, blir avgjort av problemstillinga til studiet. Det er viktig å vite kva ein skal undersøke før ein finn ut korleis ein skal gjere det. Kvalitative og kvantitative metodar tek utgangspunkt i å finne ut korleis samfunnet me lev i er, samt korleis enkeltmenneske, grupper og institusjonar samhandlar (Dalland, 2012, s. 112) Likevel er dei to ganske ulike frå kvarandre.

Kvantitativ metode i samfunnsvitskapen, er systematisk og strukturert, og har fordel med at den produserer data i forma av målbare einingar. Desse tala gir oss moglegheit til å utføre rekneoperasjonar. Dette kan dreie seg om gjennomsnittet på inntekt i befolkninga eller prosentdel av menneske som er avhengig av sosialhjelp. Her ser forskaren fenomenet frå utsida, og går i breidda ved å hente inn eit lite tal av opplysningar om mange undersøkingseiningar (Dalland, 2012).

Kvalitativ metode handlar om å fange opp meningar eller opplevelingar som ikkje let seg talfeste eller måle. Kvalitativ metode går i djupna, og har mange opplysningar om få undersøkingseiningar. Her hender innsamlinga av data i form av direkte kontakt med feltet. Forskaren ser fenomenet innanfrå, og metoden er gjerne intervju og observasjonar som ikkje er strukturerte (Dalland, 2012). Vanlege teknikkar innanfor kvalitativ metode er deltakande

observasjon, fokusgruppeintervju og semistrukturerte- og ustrukturerte intervju (Blaikie & Priest, 2019).

Når eg har vald kva metode eg vil bruke i oppgåva har eg vurdert kva metode som best kan kaste lys over problemstillinga, i tillegg til kva formålet er. Problemstillinga er forklarande og utforskande, og gjer grunnlaget for å ta i bruk kvalitativ metode. Det kvalitative designet nyttast fordi oppgåva brukar få intervjueringar, med meir opne intervju. Dette er hensiktsmessig slik at ein kan få tak i oppfatningane og haldningane til informantane. Oppgåva vil utforske brannvesenets arbeid med beredskap og krisehandtering, og korleis øvingane er no, samanlikna med før reforma kom. I tillegg vil prosjektet ta for seg korleis skilnaden er mellom sentraliserte og desentraliserte strøk.

#### 4.3 Datainnsamling

Problemstillinga til oppgåva tek for seg korleis beredskapen til brannvesenet er påverka av innføringa av nærpoltireforma. For å greie og svare på denne problemstillinga er det viktig med ei metodisk tilnærming. Her har eg vald å ta i bruk individuelle intervju for å få fatt i kva haldningar og oppfatningar den enkelte har til eit spesifikt fenomen, i tillegg til korleis han fortolkar fenomenet (Jacobsen, 2021). Det vart utført mange individuelle, separate intervju, som resulterer i ei samling av individuelle synspunkt. Dei individuelle synspunkta er derimot påverka av den enkelte si mening, og det kan argumenterast for at andre informantar kunne gitt andre svar, som igjen kunne gitt andre resultat. På denne måten kan ein aldri få nok informantar.

##### 4.3.1 Utval av informantar

Blaikie & Priest (2019) seier at ramma for kven ein intervjuar setjast av forskingsspørsmåla. Vidare meiner Jacobsen (2015) at kjelda ein har for å få svar på desse spørsmåla, er datamaterialet. Dette tyder at i den kvalitative metoden er ikkje informantane vald ut tilfeldig, men representerer noko typisk ved emne som er vald. I tillegg er det viktig at informantane har den direkte kunnskapen angående fenomenet som skal studerast (Jacobsen, 2021).

Det finst ulike måtar å søke etter respondentar på, relatert til hensikta med undersøkinga, samt kva informasjon me søker (Jacobsen, 2021). I min oppgåve nyttet meg av snøballmetoden, som går ut på at ein byrjar med ein person som gir namnet på andre informantar det kan vere aktuelt å intervju (Halvorsen, 2012, s. 164). Når eg valde respondentar til oppgåva, var det

mest nærliggande å søke informasjon frå brannvesenet. Dette gjerne informantar som har arbeida sidan før nærpoltireforma vart innført, men òg brannkonstablar og sjefar som har arbeidd kortare tid, for å finne ut korleis opplevinga deira er. Slik søkte eg innsikt og forståing av innføringa av nærpoltireforma og korleis arbeidet til brannvesenet er påverka av den. Vidare ville eg sjå om det var skilnadar mellom heiltids- og deltidsbrannvesen, samt større og mindre brann- og redningstenester.

For å finne aktuelle informantar tok eg kontakt med fleire brannvesen, etter eg hadde funne kontaktinformasjonen på nett. Etterkvart kom eg i kontakt med ein hjelpeleg representant frå eit brannvesen som vidare sende meg ei liste over andre potensielle informantar, frå mindre, mellomstore og store kommunar. I tillegg har eg sjølv arbeidd i brannvesenet, noko som gjorde at eg nytta meg av personleg nettverk. Vidare fann eg ut at det i tillegg var nærliggande å kontakte deltidsbrannmenn som hadde ein anna hovudarbeidsgivar enn brann- og redningstenesta. Framgangsmåten vart i byrjinga nytta av kontakt via e-post, før eg etterkvart byrja å ringe. Prosessen var utfordrande og tok mykje tid. Nokre svara i byrjinga, medan dei etter kvart ikkje responderte lenger. Eg fann ut og opplevde at å ringe rundt gjorde prosessen med å finne og få tak i informantar, mindre utfordrande og stressande. Ringerunden fekk fortgang i prosessen, noko som hjelpte meg med å få dei fleste informantane i løpet av eit par dagar.

Snøballmetoden viste seg både som effektiv, men òg tidkrevjande. I nokre tilfelle viste metoden seg effektiv ved at eg kjapt fekk vidare anbefaling og kontaktinformasjon på grunnlag av kunnskapen og posisjonen deira. Andre gonger var ikkje dette til hjelp då eg fortsett berre hadde kontaktinformasjonen, og dei nokre gonger ikkje svarde og liknande. Nokre ringde eg til, men enda opp med å sende melding til fordi dei ikkje svara. Informantane som stilte til intervju hadde varierande grad av kunnskap om fenomenet, og kunne heller derfor ikkje alltid svare godt på alle spørsmål. Dette fordi eg intervjuja både brannkonstablar og brannsjefar med same intervjuguide, om beredskap, beredskapsplanar og beredskapsanalyse. Vidare hadde alle kjennskap til nærpoltireforma og hadde opplevingar og kjennskap til korleis det påverka deira brannvesen. Informantane var ikkje tilfeldig vald ut, men vart vald på bakgrunn av kjennskapen dei hadde til temaet.

Det vart til saman intervjuja tolv personar til oppgåva. Eit intervju var med to stykk frå same brannvesen, då dei meinte at dei slik kunne gi meg mest mogleg informasjon. Intervjuguiden vart utforma slik at eg kunne få eit bilet av beredskapen i brannvesenet og om den har endra

seg i takt med nærpoltireforma. Intervjuguiden er forma etter forskingsspørsmåla som igjen er basert på teorien.

Dei tolv informantane er fordelt på sju ulike brannvesen, der fire av informantane er tilsette med heiltidsstilling, i to ulike kommunar med meir enn 20 000 innbyggjarar. Det er fire informantar tilsette i mellomstore brannvesen, fordelt på tre kommunar, med inntil 20 000 innbyggjarar. Her har alle heiltidsstilling. Fire informantar er frå små brannvesen i tre ulike kommunar. Tre med inntil 3000 innbyggjarar og ein med inntil 5000. Alle arbeidar deltid. Tabellen under viser ein oversikt over alle informantane, med informasjon om stilling, storleik på kommune og kva intervju som er utført.

	Stilling	Stad
Informant 1	Heiltid, 100%	Stor kommune
Informant 2 og Informant 3	Heiltid, 100% (på begge informantar)	Stor kommune
Informant 4	Heiltid, 100%	Stor kommune
Informant 5	Heiltid, 100%	Mellomstor kommune
Informant 6	Heiltid, 100%	Mellomstor kommune
Informant 7	Heiltid, 100%	Mellomstor kommune
Informant 8	Heiltid, 100%	Mellomstor kommune
Informant 9	Deltid, ca. 20%	Liten kommune
Informant 10	Deltid, ca. 20%	Liten kommune
Informant 11	Deltid, ca. 20%	Liten kommune
Informant 12	Deltid, ca. 20%	Liten kommune

*Tabell 1 oversikt over informantar*

#### 4.3.2 Intervjuet

Det kvalitative intervjuet er ei subjektiv meiningsutveksling, der kunnskap om eit bestemt tema blir utveksla gjennom dialog (Ryen, 2002). Forskingsintervju er ei open samtaleform, med plass til assosiasjonar og digresjonar. Forskaren stiller deskriptive spørsmål, med mål om å få tak i erfaringar folk har om eit gitt fenomen (Leseth & Tellmann, 2018, s. 69). Hensikta med intervju er å hente inn ønska informasjon og kompetanse, og i tillegg til eit ønske om å

oppnå forståing av korleis intervjuobjekta opplev verda. (Leseth & Tellmann, 2018, s. 68). Målet med bruk av intervju var å hente inn opplysningar frå eit mindre tal av respondentar (Dalland, 2012). Ved å bruke intervju var det mogleg å ha fokus på djupn, noko som var av fordel då eg var interessert i å sjå på meiningar og haldningar brannvesena har om nærpoltireforma og korleis beredskapen er lagt opp no samanlikna med før. Dette i tillegg til å finne ut korleis øving og trening er, samt ressursar, og korleis krisehandteringa opplevast. Dette er vanskeleg å fange opp i spørjeskjema til dømes. Ved intervju er det mogleg å oppnå fyldig og omfattande informasjon, som omhandlar informantens forståing, kjensler, oppfatningar, refleksjonar, meiningar, grunngjevingar og erfaring knytt til eit fenomen (Leseth & Tellmann, 2018, s. 70).

Det finst fleire typar intervju, som baserer seg på struktur og fleksibilitet i gjennomføring (Fontana & Frey, 2005). I tillegg kan intervjeta utførast på fleire måtar; individuelt eller i gruppe, over telefon eller e-post eller annan form for kommunikasjon. Ein kan skilje mellom strukturerte, ustrukturerte og halvstrukturerte intervju (Leseth & Tellmann, 2018, s. 70). I strukturerte intervju er både tema og formuleringar fastsette av forskaren, og spørsmåla føljer ei bestemt rekkefølge. I ustrukturerte intervju er tema fastsett, men spørsmåla ein stiller blir tilpassa den enkelte intervjustituasjonen. I halvstrukturerte intervju er det laga ein intervjuguide på førehand, men rekkefølga på spørsmåla og spørsmålsstilling kan variere (Halvorsen, 2012).

I denne oppgåva er det brukt halvstrukturerte intervju, så det var mogleg å vere dynamisk i prosessen i innsamling av informasjon. Det var hensiktsmessig slik at eg fekk tak i informantane oppfatningar og haldningar. Studia består av få respondentar, noko som gjer det enklare å få ein større forståing av korleis respondentar opplev endring i arbeidet etter nærpoltireforma kom, og kva meiningar og fortolkingar dei har (Jacobsen, 2022). Eg utarbeida derfor ein intervjuguide tilpassa formålet, som vart brukt til å vugleie samtala. Intervjuguiden inneholdt opne spørsmål slik at eg kunne hente inn sentrale tankar og meiningar, og spørsmål som var konkrete for samanlikning.

Intervjeta byrja med at informantane fekk informasjon om hensikta med intervjuet og kva eg ønskjer å studere. Under intervjeta vart det nytta taleoppptak. Dette for å vere sikker på at eg fekk med meg all informasjonen som vart sagt. Alle informantane vart tilsendt samtykkeerklæring på e-post i forkant, som dei skulle signere. I erklæringa kunne dei finne informasjon om prosjektet og at informasjonen dei ga kunne brukast i oppgåva. I tillegg vart

dei i erklæringa gjort oppmerksame på at opplysningane ville vere anonyme i tillegg til at alle opptak gjort under intervjuet ville slettast etter sensuren for oppgåva hadde falle.

Etter dette byrja sjølve intervjeta, med den utforma intervjuguiden. Her kunne det opplevast at nokre av svara intervjuobjekta ga, var overlappande med andre spørsmål, og at dei kom inn på andre tema dekka av intervjuguiden. Då stilte eg vidare dei spørsmåla som passa med tema dei kom inn på. I tillegg svara informantane nokre gonger på spørsmål som kom seinare, noko som gjorde at eg hoppa over desse. Dette kan ein relatere til at spørsmåla var lagt opp til å vere opne, for at informantane kunne svare meir fritt, i tillegg til at eventuelle oppfølgingsspørsmål kunne stillast. Etter kvart som intervjeta fann stad, endra eg intervjuguiden noko, då meir kunnskap om temaet gjorde at eg kunne fjerne spørsmål som var unødvendige.

Alle intervjeta vart utførte digitalt, over plattforma *Zoom*. Intervjeta vara mellom 30 minutt og 1 time kvar. Fordelen med bruk av digitale plattformar er moglegheita til å intervju informantar frå alle stader, og uavhengig av at ein må reise. Dette har spara meg for tid og kostnad, då det var ein effektiv og tidssparande måte å utføre intervju på. Samtidig er det nokre ulemper med det, deriblant tekniske problem og at samtala gjerne ikkje flyt like godt som ved personleg intervju. Andre fordelar med personleg intervju er at det er enklare å stille oppfølgingsspørsmål og at å byggje relasjonar blir enklare (Kvale & Brinkmann, 2009).

#### 4.4 Datareduksjon og analyse

Det siste elementet i eit forskingsdesign er ei forklaring og grunngjeving for korleis ein skal utføre datareduksjon og analyse. Det er nødvendig med ei form for «manipulasjon» for å analysere det som er samla inn av datamateriale. Då må ein gjennomføre ei forenkling og strukturering slik at ein får ei oversikt over informasjonsmengda (Jacobsen, 2022).

Alle intervju vart gjort opptak av, for å få dei dokumentert. Bruk av bandopptakar gjorde det mogleg å lagre informasjonen elektronisk fram til oppgåva er ferdig og evaluert. Alle informantar har samtykka til dette. Datamaterialet vart etter intervjeta transkribert til skriftleg form, for å ikkje miste relevant informasjon. Etterpå følgde ei gjennomgåing av materialet for å avdekke faktorar som vart trekt fram under intervjeta. På denne måten kan ein presentere funn som går utover det teoriane har fokus på.

For å greie å analysere dataa, samt finne nyansar, ulikskapar og likskapar var det nødvendig å forkorte datamaterialet. Slik kunne eg trekke fram dei funna som var mest relevante. I denne

prosessen samanlikna eg alle intervjuusvara i eit felles dokument, i *excel*, så det var mogleg å få ein betre oversikt over kva respondentane svara om same tema. Slik er materialet sett både i samanheng, men òg som enkeltdelar. Denne måten å sjå på materialet på kan bidra til at ein oppfattar skjulte meningar. Samtidig er det viktig å påpeike at slike meininger er prega av mine fortolkingar. Så langt det er mogleg er materialet gitt att i sin originale form, i tillegg til sitat slik at det er mogleg å ta vare på informantenes oppfatningars. Sitata er mest gitt att i indirekte form, med nokre direkte sitat. Det som var forstyrrande vart fjerna, og det som ikkje vart opplevd som relevant vart ikkje teke med.

For å sikre validitet og reliabilitet er det viktig å vere klar over eventuelle fallgruver, då dei kan påverke validiteten og reliabiliteten. Vidare vil eg derfor gå inn på kva som er gjort for å sikre dette, samt korleis informantenes meininger og forståingar er ivaretakne.

#### 4.5 Validitet og reliabilitet

I ei undersøking vil det alltid vere krav til validitet og reliabilitet, uavhengig av kva metode og design som er vald. Det finst to krav ein empiri må oppfylle. Den må vere gyldig og relevant, og samtidig vere påliteleg og truverdig (Jacobsen, 2015, s. 16).

##### 4.5.1 Validitet

Validitet kan skildrast som relevans og gyldigheit (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Det er viktig at den empirien me samlar inn faktisk kan gi svar på dei spørsmåla me har stilt (Jacobsen, 2015). Det finst fleire formar for validitet, og det er vanleg å skilje mellom intern og ekstern validitet (Shadish, Cook, & Campbell, 2002). Intern validitet handlar om korleis informasjonen frå undersøkingane er relevant og korrekt. Vidare at konklusjonane som er trekt er konsistente og logiske. Ekstern validitet handlar om resultatet og om resultatet er overførbart og kan generaliserast (Jacobsen, 2015, s. 17).

Å vurdere om oppgåva har høg grad av validitet kan vere utfordrande. Ei vurdering er om ein har intervjuia informantar som er relevante og sentrale. Dei kan vere oppteke eller ikkje tilgjengelege. Då kan ein risikere å intervjuer informantar som er mindre relevante som ikkje har god nok kunnskap. I tillegg kan dei skildre forholda på feil måte, noko som kan resultere i at ein ikkje får sann informasjon. I denne oppgåva er intervjuia baserte på at informantane har relevant kunnskap og erfaring angåande endringar etter nærpoltireforma vart innført. Då er det viktig at informantane har arbeidd i brannvesenet lenge nok, for å vite om det har vore

endringar. Her opplevde eg at minst ein informant ikkje hadde arbeidd lenge nok, men ved å tilføre fleire intervju, er validiteten styrka. Samtidig er det brukt fleire kommunar i ulike delar av Noreg, noko som òg styrka validiteten. Ein del av informantane var i same region, noko som kan minke validiteten. Vidare vil ofte noko av informasjonen, og meininger og tolkingar, gå tapt i prosessen med transkribering, sjølv om bruk av bandopptakar vart gjort.

I vurdering av moglegheit til å overføre og generalisere empirien, er det alltid mogen at det ikkje er nok informantar. Då er det mogen at utvalet ikkje er breitt nok, og at funna dermed ikkje kan generaliserast til å gjelde alle brannvesen. Samtidig er det nokre aspekt som går att i fleire brannvesen, noko som kan gi eit potensial for overførbarheit. På området beredskap, er det tydeleg at politirelaterte situasjonar bør inkluderast. Samtidig kan funn om øvingar på PLIVO overførast til å kunne handle om andre typar øvingar. Vidare er det òg ein viss overførbarheit til helse, då nærpoltireforma nok har påverka arbeidet deira òg. Samtidig viser svara at det har vore endring i fokus og utbyttet av PLIVO-øvingane så endringar vil hende uavhengig av rammar rundt. Derfor er det ikkje sikkert at ein ville fått dei same svara no som i framtida.

#### 4.5.2 Reliabilitet

Med reliabilitet, eller pålitelegheit, meinast det at oppgåva er til å stole på, og at oppgåva er gjennomført på ein truverdig måte. Det me ønskjer er resultat som er relevante og rett, som me kan stole på (Jacobsen, 2015, s. 17). Datamaterialet er basert på individuelle og opne intervju, noko som kan gjere det utfordrande å måle etterprøvbarheit.

Under intervju er det alltid ein moglegheit for at informanten seier det han trur forskaren vil høyre. Samtidig kan det vere ubehageleg for informanten med intervju i frykt for å dele personleg forståing, fordi det eventuelt kan skade organisasjonen. I intervjuet med to informantar samtidig, kan det òg ha hendt at kollegane svara det den andre ville høyre, eller at dei svara slik at dei framstilte seg sjølv godt for kvarandre. Sidan intervjuja er anonymiserte, noko alle informantane vart gjort merksame på i forkant, er det liten grunn til å tru at informantane ikkje har svara ærleg og truverdig. I tillegg vart dei gjort merksame på at oppgåvas poeng var å få tak i forståingar og meininger. Vidare har informantane blitt oppleva som engasjerte, som kan tyde på at informantane er påverka lite av meg. Dette kan seiast å styrke reliabiliteten. Kjensla etter intervjuja var òg god, noko som tilseier at informantane har

voreærlege. På den andre sida kan ein styrke truverda, ved å formidle resultata til informantane for å bekrefte dei (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011, s. 230).

Vidare er intervjeta transkriberte og teke opp, i tilfelle vidare kontroll for å vise at intervjeta har hendt. Opptaka vil oppbevarast fram til sensuren har felle, før dei vil bli destruerte etter studien er avslutta. Å ha eit bevisst forhold til dette er viktig, og kan gi ei styrka truverd til prosjektet.

#### 4.6 Styrkar og svakheiter

Til slutt i metodekappitlet har eg gjort meg nokre refleksjonar omhandlande styrkar og svakheiter ved nytta metode. Ved å bruke kvalitativ metode og intervju kan ein få ein djup forståing av temaet. Dermed kan ein knytte denne informasjonen opp mot forskingsspørsmåla i oppgåva. Ved å bruke semi-strukturerte intervju, blir forståinga til informantane mogleg å kontrollere. I tillegg gjer det det mogleg å finne ut kor fokuset til informantane ligg.

Ei ulempe ein kan framheve er at eg berre er ein person med arbeidet. Dette har gjort det vanskeleg å diskutere oppgåve og val med andre. Samtidig har det då vorte meir arbeid fordelt på ein person, noko som vart merka spesielt i innsamling av informantar, og transkribering.

Vidare kan det vere ein svakheit ved vald metode at moglegheita til å gjere same undersøking på nytt kanskje ikkje er mogleg. I tillegg er det vanskeleg å generalisere alle funna til alle brannvesen. Samtidig vart informantane vald tilfeldig, noko som kan påverke kva meininger dei har i form av kritikk, i forhold til kva andre kanskje ville vore. Dei som har vald å stille til intervju kan derfor stillast spørsmål til om har andre meininger og tankar enn ein som ikkje fekk spørsmål. Samtidig er dette berre spekulasjonar, då det er vanskeleg å vite kva andre meiner angåande nærpoltireforma og påverkinga den har på brannvesenet sitt arbeid.

## 5.0 Empiri

Empirikapittelet inneheld ei presentasjon av resultata frå datainnsamlinga, og funn frå intervjuet eg har nytta meg av. Dette dannar grunnlaget for den vidare diskusjonen i drøftingskapittelet. Empirien er disponert etter forskingsspørsmåla. Problemstillinga mi er:

«På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?»

Med forskingsspørsmål:

1. Korleis handterer brannvesenet politirelaterte situasjonar/kriser?
2. Korleis inkluderast politirelaterte oppgåver i brannvesenet si planlegging og dimensjonering av beredskap?
3. Korleis trenar og øver brannvesenet på handtering av politirelaterte oppgåver?

### 5.1 Krisehandtering

Alle informantane fekk spørsmål om dei merka ei endring i situasjonar etter nærpoltireforma vart innført. Her var det varierande svar, etter kor stort brannvesenet var og kor nærmere byane dei var. I heiltidsbrannvesena som dekka store kommunar, meiner fleirtalet at dei sjeldan må handtere politirelaterte situasjonar aleine, då politiet er så nærmere. Berre ein av informantane som arbeidar i eit stort brannvesen, framheva at lensmannskontoret i området ikkje er bemanna heile døgnet, heile veka og at dette kan gjere slik at dei kan bli ståande på ulykker utan politiet, og at det kan ta tid før dei kjem. Dette fordi dei då må kome frå ein annan stad. Han framheva at ein slik situasjon hende berre nokre dagar i forvegen, der det hadde vore gunstig at politiet hadde kome først, slik at brann og helse hadde fått gjort sin jobb etterpå.

For mellomstore brannvesen var opplevinga varierande. Ein informant hevder at han ikkje har merka ei endring, då dei alltid har opplevd at det kan ta tid før politiet kjem, og at det før var dei operative som rykka ut heller enn det lokale lensmannskontoret. Ein annan informant hevda at dei ikkje har merka så mykje til det, fordi dei har fleire mannskapsbilar som er tilgjengelege til ein kvar tid. I tillegg opplever han at politiet til tider er raskare ute enn brannvesenet på kvelds- og nattetid.

Brannvesena som dekker små kommunar meiner alle at dei har merka ein skilnad, i dekninga. Politiet er ikkje til stades på ulykkesplassen i mange tilfelle, fordi det er store distrikt med store avstandar. Ein informant seier at «...før så var politiet mykje meir på, på ulykker, når det skjedde noko. Etter den vart innført, er dei ikkje så ofte i nærleiken ved ulykker.» Dette

skildrar det dei fleste av brannvesena som dekker små kommunar meiner, med ulik ordlyd. Ein informant framheva at dei mista lensmannskontoret i si kommune, med reforma, og at dei merkar at lensmannen vart borte. Han påpeika vidare at dei innimellom føler seg som både brann, politi og helse. Eit anna aspekt som vart framheva er korleis lokalkunnskapen, og korleis politiet kjenner til dei lokale forholda, vart tapt, då deira lensmannskontor vart lagt ned saman med reforma.

I spørsmål om det er situasjonar dei ofte møter på som ikkje er relatert til brannyrket, framheva mange situasjonar relatert til å sikre skadestaden, trafikk og trafikkdirigering, å ta bilet av ulykker og sperre av eit området. Det varierte litt kva situasjonar brannvesena meinte dei måtte handtere, men trafikkdirigering ved trafikkulykker gjekk att. Ein informant i eit lite brannvesen framheva korleis dei i tillegg kunne måtte få tak i vitne og halde dei tilbake frå å reise frå staden, til politiet hadde avhøyrt dei. Informanten synst det var ubehageleg å skulle gjere, då det nokre gonger kunne ta lang tid før politiet kom. Han framheva spesielt ein situasjon, i trafikkulykke med daudeleg utfall, der dei stoppa trafikken, så politiet kunne kome å ta bilet og sikre spor. Ein annan informant i eit deltidsbrannvesen peika på same problem, og at det i tillegg var problematisk dersom dei var lite folk som møtte på skadestaden, fordi det går minimum to mann til å arbeide med til dømes trafikkdirigering. Dette var det fleire som nemnte, best skildra i dette sitatet: «Me er 16 stykk som får alarmen, det kan møte 2 og det kan møte 16. Møter det alt frå 2-4 mann så har me ikkje nokon å avslå.» Her handlar det altså om at det er for lite ressursar.

Ein anna informant frå eit lite brannvesen framheva at dei alltid måtte handtere politirelaterte situasjonar dersom dei oppstod. I tillegg såg han viktigheita av kontakt og samband med politiet over naudnett. Han meinte at det med naudnett blir enklare å handtere situasjonane fordi ein får hjelp. Det fleire framheva var alvorsgrada av situasjonen, som påverka om politiet møtte opp eller ikkje. Dersom alvorsgrada var liten, kunne det hende at politiet vurderte at det ikkje var nødvendig at dei kom.

Ein fjerde informant nemnte òg ein spesiell situasjon der det var nokon som køyrd i ruspåverka tilstand. Politiet rykka ut, men greidde ikkje å handtere desse personane. Då vart brannvesenet kalla ut i tillegg, for å få sett på dei handjern. Vidare nemner informanten at det dreia seg om psykisk ustabile menneske. Han meiner at mannskapa ofte kan kjenne seg litt redde i møte med psykisk ustabile personar, som i dette tilfelle. Ein annan situasjon han har vore borte i, var òg relatert til narkotika, og ruspåverka køyring, der politiet var i første hand, men trengte bistand frå brannvesenet. Informanten seier at dei stod litt i bakkant, for å ikkje

provosere. I tillegg har brannvesenet han jobba i, fått spørsmål frå politiet om dei kunne rykke ut til alkoholpåverka køyring, for å sette opp ei vegsperring. Han seier at han ikkje meiner at dei rykka ut, fordi han vurderte det slik at det ikkje var deira oppgåve.

Ein femte informant frå eit deltidsvesen peika på situasjonar der det er varsling om sjølvmordsforsøk, der politiet kanskje er ein time unna, og han sjølv er 5 minutt unna. Då påpeika han at han kan få i oppgåve å prate personen ned frå bruia, noko som kan vere utfordrande. Han peikar på at han som regel ikkje er redd for å gå inn i ein situasjon, men at frykta kanskje meir dreier seg om at folk ikkje får den hjelpa dei har krav på.

### 5.1.1 Samverke

Samverke mellom politiet og brannvesenet blir i dei fleste døme skildra som godt, både i handtering av hendingar og meir roleg kontakt, både i heiltids- og deltidsvesen. Ein brannsjef hevdar at leiarnivået i brann kjenner godt til leiarnivået til politiet, men at han gjerne ikkje kjenner dei som kjem på patrulje. Denne informanten har politikontor i nærleiken, som gjer det mykje lettare å knyte kontakt i det daglege. Samarbeidet her går som regel greitt, og politiet er der når det trengs.

Ein annan informant seier at dei jobbar tett på kvarandre, trenar saman nokre gonger og har øvingar. I tillegg trekk han fram jamlege møter fast i månaden, som gjer at dei blir veldig godt kjende med kvarandre. Ein annan informant frå eit mindre brannvesen seier at det funkar bra, i form av kommunikasjon over radio, og når dei kjem på ulykkesstaden.

Berre ein informant meiner at samverke mellom brannvesenet og politiet i hans kommune er ganske fråverande. Han trekk fram at politiet inviterast på øvingar, men at dei ofte ikkje har ressursar til å vere med, slik han har forstått det. Dette med unntak av PLIVO-øvingane, som er lovpålagt å gjennomføre. Ein anna informant, ein brannkonstabel, trekk fram korleis han, når han har arbeidd i ein mindre nabokommune ikkje har sett så mykje til politiet, då dei gjerne kjem først etter situasjonen er ferdig. Ein fjerde informant trekk i tillegg fram korleis det ikkje er politiet si skuld at dei ikkje kjem eller kjem seint fram til ulykkeshendingar, og at ein ikkje skal skuldlegge nokon.

### 5.1.2 Regelverk

Når det kjem til regelverket til situasjonar brannvesenet skal rykke ut på, er hovudregelen at brannvesenet er innsatsleiar fram til politiet kjem. Dette handlar om myndigheitsområde, og kva som er definert som kva brannvesenet sine oppgåver er.

Ein informant frå eit mellomstort brannvesen hevda at det hadde oppstått ei forvirring i kva myndigheitsområdet eigentleg bestod av, spesielt fram til politiet kom fram til situasjonen. Han trakk fram at det hadde vore litt diskusjonar, om kor lenge brannvesenet er innsatsleiar, om det var fram til politiet var tilgjengeleg på samband eller om det først var når dei var der fysisk. I tillegg trakk han fram korleis nokre tolkar myndigheita som at dei nærmast kunne pågripe folk. Vidare påpeika han utfordringar som kunne kome, dersom brannvesenet og politiet har ulik forståing av myndigheitsområdet, fordi det då ikkje er nokon felles situasjonsforståing. Han sa vidare at det nyleg kom ei presisering frå DSB (Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap), og at det som ligg i myndigheitsområdet til brannvesenet er å sikre skadestaden, på til dømes ei trafikkulykke. I tillegg består det av å sperre eit område, det å vise bort folk og evakuering, men utan fysisk tilnærming. Presiseringa seier at brannvesenet ikkje har nokon myndighet til å gjere noko fysisk; ikkje pågripe eller dytte nokon unna fysisk. Informanten la til at han meinte at myndigheitsområdet til brannvesenet, og kva som ligg i det, nok er litt uklart rundt om i landet, og at det har vore uklart for deira brannvesen heilt fram til presiseringa kom.

Informanten trakk òg fram at kva dei rykker ut på, handlar om definisjonen av ei hending. Blir han definert som PLIVO, blir dei kalla ut. PLIVO står for pågåande, livstruande vald, og tyder at det er vald som skal vere pågåande og livstruande for ein tredjepart. Utover dette meinte han at dei ikkje skulle handtere valdhendingar. Dersom det hender ting undervegs i ein situasjon, som ikkje er rekna for, skal det på den andre sida handterast, til dømes med ustabile personar som kan dukke opp under sløkking av brann. I tillegg nemnte han korleis det er innsatsleiar politi som definerer om ein situasjon er PLIVO eller ikkje. Dette tyder at dei ikkje forventast å rykke ut til reine politioppgåver, men i form av bistand. Dette er til dømes ved sjølvmordsforsøk der eit brannvesen til dømes har si eiga klatregruppe som kan hjelpe i å hente folk ned.

Ein annan informant nemnte at politirelaterte oppgåver bevisst ikkje er teke med i beredskapsanalysen. Dette fordi det er oppgåver som ikkje ligg under brannvesenets myndigheitsområdet. I tillegg framheva han at det i lovverket står at dei ikkje skal ta på seg ekstra oppgåver, dersom dei går utover dei lovpålagte. Då trekte han fram økonomi, og at den

økonomiske myndigheita ikkje gjer det mogleg å drive med veldig mange andre ting enn det brannvesenet skal.

Ein annan informant peika på vanske med å ikkje gripe inn dersom ein føler at ein må gjere noko. Då opplever han det som vanskeleg å ikkje gå utover sitt myndigheitsområdet og sine rammar. Ein anna trekte fram korleis det er vanskeleg å ikkje gå utover sitt myndigheitsområdet basert på ressursar, til dømes dersom brannvesenet rykker ut med fem stykk, og politiet berre to. Då nemnte han døme som trafikkdirigering, trafikkavvikling og tauing. Han sa vidare at politiet si oppgåve er å halde orden, men at dei viss dei kjem med to stykk ikkje har ressursar nok til det. Vidare sa han at brannvesenet kunne kome til å måtte halde avhøyr dersom politiet ikkje har nok mannskap til alle sine oppgåver.

Ein informant hevda at han var usikker på kva regelverket seier om handtering av politirelaterte oppgåver. Brannvesenet må rykke ut dersom dei blir kalla ut, men at det dersom det er skytevåpen må haldast avstand. Er det kniv, kan dei gå litt nærmare. Ein femte informant sa at han ikkje var heilt sikker på regelverk, og kva det er forventningar om at brannvesenet skal rykke ut på. Han sa at «me rykker ut til det me får alarmar på og blir styrt derifrå. Også må det takast eigne vurderingar.» Dette verka som noko som gjekk igjen, med at det allereie er vurdert kven som blir varsla, og om det er PLIVO eller ikkje. Informanten nemnte vidare at dei har overordna vaktar som hentar inn opplysingar. Han sa at dei rykker ut på det dei blir kalla ut på, og stolar på at dei som kallar dei ut har opplysingar.

Fleire andre var òg litt usikre på regelverket, men fleire var klare over at dei ikkje hadde noko rett til å pågripe nokon eller handheve reglar. Dei fleste informantane visste at dersom det dreia seg om situasjonar relatert til kniv, var det valfritt om dei ville gå inn å prøve å stoppe gjerningsmannen. Dersom det gjaldt skytevåpen skulle dei ikkje prøve å løyse situasjonen, men berre observere på avstand, og at då er det politiet som automatisk skal gå inn i innsats.

Ein annan informant prata om korleis det er forventa at dei skal rykke ut for å avhjelpe situasjonen. Dette sjølv om det er politiet sitt ansvar. Han sa vidare at dersom det går ein alarm rykker dei ut uansett, for å hjelpa. Vidare påpeika han at brannvesenet, dersom dei er først, må avsjå to mann som tek seg av trafikk dersom det er nødvendig.

Ein siste informant framhevar at dersom det reknast som ei redningsaksjon skal alle stille med dei ressursane dei har for å kunne redde liv. I tillegg baserer det seg på kva kommunen si risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) seier. Dette tyder at dei ikkje rykker ut på kva som helst, men det er heller ikkje dei som avgjer det. Dersom alarmen går rykkast det ut, men det kan òg

hende at når brannvesenet kjem fram til ulykkesstaden får dei beskjed om at politiet ikkje har nok ressursar til å rykke ut. Dette kan til dømes føre til at brannvesenet må stoppe ei lekkasje frå tankbil som lek diesel, i tillegg til å dirigere trafikk og ta nokre bilete. I nokre tilfelle kan altså brannvesenet sin innsatsleiar ende opp med både brannrolla og politirolla.

## 5.2 Beredskap

Når eg spurde informantane om dei politirelaterte oppgåvene er inkluderte i beredskapsanalysen, var det varierande svar. Ein informant framheva at dei er skildra litt, og vurdert som eit moment i analysen. Fleire svara at dei ikkje var det, og mange svara at det var relatert til berre situasjonar rundt PLIVO, altså pågåande livstruande vald. Fleire informantar nemnte PLIVO, men ikkje noko meir utover det. Ein informant såg at dei var nøydt til å gjere dei politirelaterte oppgåvene, men at spørsmålet rundt ressursar melde seg. Han framheva at dei då gjorde ein jobb for politiet som politiet skulle fått betalt for, men som kommunen då må betale for.

Nokre peika på faktoren om at det ikkje eigentleg var deira jobb, og at dei dermed ikkje var teke med, fordi dei var bevisste på at det ikkje var under myndigheitsområdet til brannvesenet. Vidare sa ein informant at lovverket seier at brannvesenet ikkje skal ta på seg andre oppgåver dersom dei går utover dei lovpålagte. I tillegg stiller temaet seg opp mot det økonomiske aspektet, og at brannvesena ikkje har økonomisk myndigkeit til å drive med veldig mange andre ting enn det dei skal.

Ein annan seier at dei ikkje har løysingar for alt, men at brannvesenet og politi øver og pratar mykje saman. Han trekk fram at i ein slik situasjon må ein tenkje seg om litt, fordi det kan vere våpen, eller ustabile personar involvert. Vidare trekk andre fram at løysingane går mykje på korleis ein skal forhalda seg til slike problem og hendingar.

Løysingane bruktil å handtere dei politirelaterte situasjonane inkluderer øvingar, og eit godt samarbeid mellom etatane. Andre løysingar informantane trekk fram er ei felles talegruppe for brann, politi og helse. Der har etatane kontakt, og det kan brukast til å utveksle råd og informasjon. Ein informant seier at talegruppa kan hjelpe ein til å bli tryggare på det ein gjer. Vidare peikar han på møter som hender av og til, der etatane treffast og diskuterer litt korleis dei skal ivareta situasjonar eller evaluere hendingar, blant anna eit operativt leiarforum. Der møtast etatane ein gong i kvartalet, og det blir gått gjennom hendingar og diskusjonar over

ulike problemstillingar, samt at det er ein arena der dei blir kjende med kvarandre. Det operative leiarforumet og samverke er det fleire som kjem inn på som løysingar.

### 5.2.1 Utstyr

I spørsmål om kva utstyr informantane har til politirelaterte oppgåver svarar alle informantane at dei ikkje har noko spesifikt utstyr dei kan nytte seg av i handtering av slike situasjonar. Alle framhevar at dei då må bruke det dei har. «Me har jo hjelm, som kan hjelpe oss, me har hanskar og støvlar med ståltå.», er det ein som seier. Fleire seier at brannmannskledninga er beskyttande til ein viss grad fordi den er tjukk og robust. «Me har jo båre me kan beskytte oss med, eller brannsløkkingsapparat me kan slå med...», er det nokon som ramsar opp. Andre peikar på at dei har store bilar å true med, og vasslange til å spyle ned gjerningspersonen dersom det skulle vere nødvendig. Anna utstyr brannvesenet tykkjer dei kan nytte seg av er kubein, slagspett, øks, spade, borresag og motorsag.

Sjølv om alle seier at dei ikkje har noko spesielt verneutstyr til å handtere politirelaterte situasjonar, nemner ein informant at dei til dømes har trafikkdirigeringsutstyr som kjegler, vestar og «bordtennisrackertar med lys i», i bilane. Ein annan informant seier at dei har markeringsspray.

Halvparten av informantane påpeiker at det har vore diskutert om brannvesenet bør ha stikksikre vestar, og skjold. Ein informant påpeikar at ein må passe på at ein ikkje utrustar seg for eller går i retning av å måtte handtere mange typar politioppgåver. Han peikar på fakta om at brannvesenet har kort responstid, som politiet òg veit. Då er det lettare for politiet å be brannvesenet om å handtere situasjonen, dersom dei veit at brannvesenet har både opplæring og utstyr. I tillegg er det eit dilemma om det dukkar opp nok nok slike oppdrag til at det er nyttig å gå til innkjøp av relatert utstyr. Dette blir understøtta av ein brannkonstabel som meiner at det kunne vore kjekt å hatt utstyr, men at spørsmål om kor mykje brannvesenet eigentleg skal gjere, dukkar opp.

Ein tredje informant pratar òg om dilemma om å skaffe brannvesenet stikksikre vestar eller ikkje. Brannvesenet er ein etat som skal hjelpe folk, og dersom ein skaffar seg stikksikre vestar kan det hende at brannvesenet sender eit signal om at dei har vorte ein politimyndigkeit. Dette kan leie til at omdømmet deira blir endra, sjølv om stikksikre vestar kan vere ein del av HMS-en til brannvesena.

### 5.2.2 HMS

I spørsmål om informantane nokon gong har kjend seg utrygg på jobb i møtet med situasjonar dei ikkje er vane med, er det ulike svar. Nokre svarar nei, andre at dei kjenner seg utrygge heile tida, fordi yrket inneber å møte opp i situasjonar dei ikkje er kjende med. Brannsjefane svarar òg ofte nei, men at dei kan ha vore redde på andre sine vegne. Det dreier seg om at dei skal ta avgjerder for dei tilsette som blir sette inn i ei hending, og at ein då tenkjer på om det er trygt nok. Dette er relatert til forventninga frå samfunnet om at ein tek ein større risiko i mange av oppdraga enn ved ein typisk A4-jobb. Slik kan ein tenkje seg at brann- og redningsvesen gjerne er «unndrege» frå arbeidsmiljølova, som seier noko om at alle arbeidsplassar skal vere trygge for arbeidstakaren (Arbeidsmiljøloven, 2005). I tillegg er det vanskeleg å ikkje strekke seg langt dersom det er livreddande arbeid, og ønsket om å strekke seg langt kan derfor påverke korleis ein ser på tryggleik.

Ein heiltidstilsett brannsjef svarar at han var med i ei hending med ein som kasta knivar, og at han då kjende seg utrygg. I tillegg framheva han at i situasjonar med psykisk ustabile er det enkelt å føle seg utrygg, fordi ein ikkje veit kva dei kan finne på. Ein annan informant sa at HMS må ein ta reie for etter kvart som ein held på, og er ein faktor ein må ta omsyn til heile tida. Ein har eit ønske om høg HMS for mannskapa, og då må ein gjerne nokre gonger halde avstand til situasjonen fram til politiet kjem.

Ein tilsett i eit mindre brannvesen framheva at han i blant kunne oppleve å grue seg til stygge hendingar, men at det ofte har gått betre enn forventa. I tillegg framheva han at alle som bur i kommunen kjenner kvarandre, og at sannsynet for at ein har eit forhold til personen ein skal hjelpe er høgt, noko som kan gjere det tyngre kjenslemessig.

I opplæring på HMS seier fleire at den er god, og at det viktigaste er at alle som er ute på jobb kjem heilskinna heim att. Ei prioritering er å ha den beste utdanninga og det beste utstyret. Utstyr skal ikkje vere gamalt, og ein må kunne stole på det ein kler seg med og skal bruke av verktøy. Ein informant framheva at dei har ein eigen HMS-ansvarleg, og at det i systemet ligg skildringar for korleis ein skal handtere ulike situasjonar på ein trygg måte. Vidare vart det sagt at HMS er fokuset i øvingar òg. I tillegg kan det vere vanskeleg å vite korleis ein skal nærme seg ein situasjon sjølv om det kjem gjennom øvingar, til dømes dersom ein tankbil med spesielt innhald veltar.

Nokre informantar framhevar at det kunne vore betre, sjølv om det har vorte betre dei siste åra. Ein seier at dei ikkje har nok trening på korleis ein skal gå sikkert inn i politirelaterte

situasjonar. Likevel kan det vere vanskeleg å vite kor mykje fokus ein eigentleg skal ha på HMS i politirelaterte situasjonar der ein kan vere trua på livet, sidan sannsynet for slike situasjonar er lite.

Ein informant peika på fakta om at HMS kjem litt med yrket, når ein blir utlært som brannkonstabel. Til dømes veit ein at dersom ein skal bruke motorsag må ein ha på seg motorsagbukse for å verna seg. Vidare påpeika han at prosedyrane dekka temaet HMS, men at ein ikkje veit om alle les seg opp og har 100% kontroll, før ei øving. Samtidig har alle ein medverkingsfaktor og kan påverke HMS-en heile tida.

Det verkar som dei fleste har eit godt fokus på HMS, og ser viktigheita av det. Nokre har fokus på å vere forsiktige når dei skal handtere slike situasjonar, ved å observere og analysere veldig tydeleg før dei gjer noko. Ein informant seier at «me jobbar med HMS alltid og heile tida, så det er jo på ein måte at HMS er framme i panna til oss brannfolk uansett.» Dette skildrar dei fleste av informantane sitt syn på HMS. Eit anna synspunkt som vart presentert var at HMS i stor grad handlar om å ivareta ein god beredskap. Han påpeika at dei har mykje opplæring i køyring, vedlikehaldskøyring og arbeid i høgda. Dette fordi dei veit at i den augneblinken ein blir skada vil det øydeleggje aksjonen i stor grad. Informanten er leiar for eit deltidsbrannvesen og talet på mannskap er avgrensa, samanlikna med større byar og brannvesen, noko som viser viktigheita med at brannvesenet kjem seg fram til ulykkesstaden. Eigen beredskap påverkar dermed dei som er involverte i ei ulykke, og korleis krisehandteringa er.

### 5.2.3 Ressursar

Når det kjem til spørsmål om ressursar etter nærpoltireforma kom, er det ulike svar blant informantane. Ein meiner dei har fått fleire ressursar, når det gjeld utstyr og trening. Informanten seier at dette er lokalt og at det er kommunen som har oppgradert dei, ikkje staten. Dette understøttar nokre andre informantar som meiner at brannvesena i heile Noreg har hatt eit løft dei siste åra. Han seier vidare at han ikkje er sikker på om det er relatert til reforma. I tillegg meiner han at det er utstyr dei har hatt mest vekst på, og at det derfor er kunnskapen som no manglar, noko som bør henge saman.

Andre informantar hevdar at ressurstilgangen er ganske lik. Dette grunnleggjast ved å peike på oppdraga dei har, og at dei er relativt like det dei hadde før. Det går som regel i brann, og nokre gonger trafikk. Ein annan informant hevdar at det er vanskeleg å vite, då det uansett vil

skje endringar i eit brannvesen på 7 år. Dette nemner òg ein annan informant, som seier at han trur det er ei meir akademisk tilnærming til grunnlaget for øvingar, i tillegg til krav og lovverk.

Ulempar som kom fram ved lik mengd med ressursar som før, er at nærpoltireforma har leia til meir komplekse oppgåver, og at det derfor vekker frustrasjon. Brannvesenet får tilført fleire oppgåver, ikkje berre politioppgåver, men òg helserelaterte oppgåver. Fleire av informantane trur det er fordi brannvesenet er ein kommunal eining, at det er kommuneøkonomien som styrer det, og at dei får pengane frå ulike plassar. Kvar reform som blir innført av staten, kostar pengar for kommunen, noko det tilførast midlar for å få gjort. Så det er politisk, seier ein informant.

Når det kjem til brannvesenets ønska ressursar for å greie å handtere politirelaterte oppgåver, nemnast utstyr, som stikksikre vestar, peparspray og fleire køyretøy. Andre nemner trening og øving, og økonomi til fleire øvingar, deriblant øvingar med samverke mellom politi og brannvesen. Ein annan seier at dei treng fora, som til dømes operativt leiarforum, der dei kan møtast og snakke gjennom lokale utfordringar. Fleire av informantane meiner at dei ikkje treng fleire ressursar til handtering av slike oppgåver, då dei ikkje skal drive med det, eller at dei treng fleire politi, og kunnskapen dei har.

### 5.3 Trening, øving og ressursar

Å få nok trening på alle situasjonar ein kan møte på kan vere vanskeleg. Ein informant framhevar at dei nesten ikkje greier å vere gode nok på det dei skal vere gode på, på den avgrensa tida dei har. Då i tillegg å skulle øve på politioppgåver blir nedprioritert då det ikkje er samfunnssoppdraget til brannvesenet. I tillegg nemner han utfordringa med at dei i stor grad er eit deltidsbrannvesen, med berre nokre heiltidstilsette, og øvingsmengda i månaden. Ein deltidstilsett framhevar det same, og nemner utfordringar ved å vere eit frivillig brannvesen, der det må øvast på fritida. Arbeid i deltidsvesen tyder at dei fleste har jobbar ved sidan av, og at øvingar må skje etter annan jobb.

Trening og øving tilpassast analysane til brannvesena. Analysane her heng saman med dei heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysane til kommunen, som ser på risikobiletet. Denne heng igjen saman med ROS-en til fylket. Når analysane gjennomførast kan ein sjå kva oppgåver som ligg til brannvesenet og kva det er som må og skal handterast. Han seier vidare at etter lovverket vart tydelegare, er grunnlaget for øvingane betre. Han seier at i sitt

brannvesen er ikkje politioppgåver dimensjonert for i ROS-analysen, men at dei likevel dukkar opp.

### 5.3.1 Trening og øving

I spørsmål om brannvesena har fått meir støtte til trening og øving etter reforma kom, svarar dei fleste at det berre gjeld PLIVO.

Vidare hevdar ein informant at det ikkje har vore behov for meir støtte til meir øving og trening, men at det fort kan endre seg over åra. Ein annan informant trur det er mest opp til brannvesena sjølv å få dei situasjonane dei blir tilførte inn i øvingsplanen sin.

Vidare seier ein at dei har fått meir støtte, ikkje på grunn av reforma, men fordi risikobiletet som brann og redning er utsette for i dag har vorte meir komplekst. Han seier at dei har dobla timetalet på mannskap for øving og trening.

Andre hevdar dei ikkje har fått meir støtte, og at dei har same timetalet på øving trass i at ein skal legge inn fleire oppgåver. Ein deltidsbrannmann har ein veldig liten stilling, og talet på øvingstimar heng ikkje på greip i forhold til det det er forventa at dei skal gjere. Dette seier òg ein deltidstilsett frå eit anna brannvesen. Det har vorte fleire øvingar, men ikkje pengar til dei nye oppgåvene dei har vorte påførte. Vidare seier han at det har vorte meir fokus på PLIVO, som dei òg hadde fokus på før, men at fokuset på det har vorte betre dei siste 10 åra. Ein brannsjef seier dei har fått pengar til PLIVO, men at det ikkje dekker behovet.

Trening og øving tilpassa dei ulike situasjonane no seier ein informant er tilpassa analysane sine. Vidare seier informanten at det gjerne er litt ulikt korleis kvar kommune jobbar med ROS-en sin, og kva dei legg i det. Etter at lovverket vart tydelegare, og analysane vart gjennomførte i tråd med lovverket, har grunnlaget for øvingane vorte betre. Han påpeiker at dei kan seie at politioppgåver ikkje er noko dei skal drive med, og ikkje dimensjonere seg for det, men situasjonane dukkar likevel opp. Fleire nemner korleis øvingsplanen er utvikla med grunnlag i risikoanalysar og beredskapsanalyser som speglar kva dei skal jobbe med og øve på. Dei inneheld ulike risikoobjekt, til dømes sjukeheim og storindustri, som er kartlagt i forkant, og som dei øver på ut frå ei øvingsplan.

Ein brannsjef nemner at dei er fornøgde med øvingsplanen som går gjennom heile året, og at dei får øva tilfredsstillande til dei krava som skal til for å fungere operativt. Likevel påpeiker han at ein aldri får øva nok. Ein anna informant seier at politi og brannvesen har felles øvingar og teoretiske øvingar på ting. Vidare seier han at dei prøver å tilnærma seg temaet kvar gong

dei har øvingar, og at dei har kommunikasjonsøvingar og utstyrsovingar for å handtere dei ulike sakane.

På den andre sida er det ein som seier at øvingsplanen ikkje er tilpassa dei ulike situasjonane no. Brannvesenet har sine kjerneoppgåver og dei er ikkje tilført tilstrekkeleg med ressursar til å kunne øve på politioppgåver.

### 5.3.2 Øving på samverke

Når det kjem til øving på samverke, omtalar mange av informantane PLIVO. Nokre seier at utbyttet i forhold til realiteten er god, deriblant på grunn av at hendingane ikkje er like kvar gong. Andre informantar påpeiker at utbyttet i forhold til realiteten ikkje alltid er overførbart. Her blir det blant anna trekt fram døme om at i dei reelle PLIVO-hendingane har brannvesenet ansvar om å risikovurdere om det er trygt nok å sende mannskapa inn i situasjonen. Fokuset på øvingane har vore meir på det å pågripe ein gjerningsperson. I øvingsdelen har dermed denne vurderinga vorte litt borte, seier ein informant. I tillegg seier han at det er litt mykje prega av action. Han opplever at i ulike øvingar skal ein ha med veldig mange moment inn, og at det då kan bli større og litt annleis enn det du vil få i realiteten. Han seier at dei no jobbar med å endre fokus.

Fleire andre er einige i same påstand om at fokus og utbyttet ikkje alltid er heilt optimalt. Ein brannsjef seier at ein fort kan ende opp med å vere ein liten brikke i eit stort spel. Han meiner det ofte kan bli litt for store forhold i slike øvingar. Vidare trekk han fram ressursane og korleis dei ikkje er samanliknbare i forhold til det dei ville vore i felt. På øvingane er det 20-30 politi, 3-4 ambulansar og 2-3 brannvesen som er samla. Då er det til saman 40-50 personar, mens det i ein reell hending kanskje berre er 10 brannmenn og politiet er ein time lenger borte.

I tillegg framhevar nokon operativt leiarforum, der politi, brann og helse samarbeider på utvalde scenario på leiarnivå. Dette hender mellom 4 og 6 gonger i året. Ein seier at dei blir inviterte med, og er med når det passar. Ein heiltidstilsett framhevar at det er brannvesenet sitt ansvar å organisere samverkeøvingar, men at dette kan vere utfordrande dersom dei andre etatane ikkje blir med. Derfor blir det avgrensa til PLIVO-øvingane, som er lovpålagte.

Fleire informantar synst ikkje det er nok øvingar på samverke. Ein seier at dei har PLIVO ein gong i året og 5-10 andre øvingar i tillegg, med stort og smått. Dette kan vere teorileksjonar,

diskusjonar og større øvingar med alle naudetatane. Vidare trekk han fram at dersom brannvesenet lagar øvingar, blir politiet inviterte med innimellom.

Ein annan informant seier at det er tiltenkt at dei skal ha ei storkatastrofeøving i året, saman med politi, brann og helse, men at det ofte blir slik at dei øver kvar for seg. I tillegg legg han til at øving inkluderer hendingar dei rykker ut på og må handtere. Dei har nokre øvingar på samverke, blant anna PLIVO. Vidare meiner han at all øving er god øving, om ein er med politiet eller ikkje. Vidare påpeikast det at ingen situasjonar heilt like, men ein kan i alle fall relatere seg litt betre, med øving.

Ein heiltidstilsett frå eit mellomstort brannvesen seier at dei har mykje øvingar saman, og prøver å ha 1-2 øvingar i året. I tillegg har dei her etablert noko som heiter beredskapsforum med møter 4 gonger i året. Øvingane kan vere alt mogleg og alt frå table-top øvingar, fysiske øvingar og fagdagar. Ei utfordring som vart stadfesta var koronapandemien som har påverka kvardagen i 2 år. Informanten har vore i brannvesenet i snart 30 år, men synst at øvingane dei siste 3-5 åra har vorte mykje meir fruktbare for brann, og samverke har vorte mykje betre.

Ein utrykkingsleiar nemner TAS-øvingane til Norsk Luftambulanse, som er Tverretatleg Akuttmedisinsk Samarbeid, og som arrangerast for redningspersonell i Noreg. Øvingar på samverke skjer eigentleg berre ein gong i året, med PLIVO. Utbyttet og fokuset her meiner han er brukbart. Ein annan nemner at dei har PLIVO annakvart år kanskje og øvingar med dirigering av trafikkdirigering og til dømes ulykke i tunell. Han synst det hjelpt med øvingar, men at dei ikkje er førebudde på store hendingar der politirolla skal ivaretakast.

Ein siste informant fortel at dei har fleire øvingar på samarbeid i året. Desse er arrangerte av frivillige aktørar i kommune, til dømes Røde Kors, som arrangerer øvingar og inviterer dei med. Alle dei tre naudetatane her ser viktigheita av det, og derfor er det godt engasjement. I tillegg har dei ein gong i året ei trafikkulykkeøving, der politi og helse òg er inviterte med, i tillegg til PLIVO. Den største gevinsten er at dei då lærer å kjenne kvarandre, som har mykje å seie for samhandlinga.

Når informantane får spørsmål om korleis dei meiner endringane nærpoltireforma er fanga opp med tanke på øving og trening, svarar mange at det ikkje har vore nokon store endringar, eller at det er gjort tiltak men at det ikkje på langt nær er nok. Det bør vere meir øving og det det bør ha følgd med fleire midlar til kommunen slik at brannvesenet kan oppgraderast med tanke på øving.

Ein tilsett i eit deltidsvesen seier at det ikkje er fanga opp systematisk, men ved at dei tek med moment i øvingane. Vidare er dei bevisste på at det er ei grense der og at brannvesenet ikkje skal bli meir og meir politi, eller at det blir ekstra forventningar. Han trekk fram utfordringa med at politiet i blant spør om det er behov for at dei kjem. Det er vanskeleg å vurdere fagleg kva den andre etaten har behov for. I tillegg hender det at brannvesenet kanskje får spørsmål om å opphalde ein person som har køyrt i ruspåverka tilstand, fram til politiet kjem. Det er nokre slike ting som ikkje er aktuelt å øve på, men som likevel er utfordringar i samarbeidet. Ei anna utfordring som kjem fram er korleis det kanskje er vanskelegare å få politiet med på trening no, på grunn av ressursane deira.

Ein brannsjef tykkjer at etatane har vorte tettare knytt saman, fordi han trur at politiet kjenner seg litt aleine av og til, og at dei derfor søker meir kontakt fordi dei ser at brannvesenet er ein etat dei ønskjer å spele på. Brannvesenet har mykje ressursar, reiskap og mykje mannskap i forhold til politiet. Ein informant hevdar at dei heile tida prøver å fange opp endringane i form av øving, og evaluering etterpå, for å finne ut om utbyttet er bra. Vidare meiner han at kommunikasjonen er bra og at det heile tida tenkjast betring.

Noko som blir trekt fram er at det ikkje er fanga opp og gjort endringar, men at det kanskje er betre i sentrale strøk, i forhold til dei desentraliserte strøka. Ein seier at det trass alt bur fleire folk i dei sentrale strøka, og at det kanskje er greitt så lenge ein tilfredsstiller ei større mengd med folk. For denne vesle kommunen kan det ta i snitt 1-2 timer før politiet kjem.

Mange meiner dei ikkje får nok trening på politioppgåver dei potensielt kan møte på. 9 av 11 informantar seier at i forhold til dei oppdraga dei har, bør det øvast meir på politioppgåvene. Utfordringar som trekkast fram er tid. For deltidstilsette er det 58 øvingstimar i året, noko som svarar til ei stilling på 3%. Ein brannkonstabel namngjev at i sitt brannvesen, som er eit deltidsbrannvesen, er 4 av 58 øvingstimar PLIVO, og at reisten går til brann, trafikkulykker og liknande. Informanten sjølv jobbar heiltid, og får øvd mykje på dagtid, men sjeldan på politirelaterte situasjonar. I tillegg framhevar han at for dei som arbeider deltid, stel øvingstida på PLIVO, øvingstid til brann og liknande, som òg nemnast av fleire. Eit sitat som skildrar ei mening som går att er: «All øving tek jo tid, og jo fleire ting me må øve på, jo meir utfordrande er det å kome rundt alt saman.» Ein annan utfordring er at dei som jobbar dagtid, 08:00-15:30, får prata saman og gjort ein del ting. Utanfor desse tidene er det deltid som jobbar, og dei har andre jobbar i tillegg. Det er veldig krevjande å få dei til å vere med på alle desse øvingane. På den øvingstida dei har, kjem dei ikkje gjennom alt. Dette fører til at dei som arbeidar på dagtid blir dei som kan mest, og må instruere og leie deltid. «...det er

vanskeleg å få nok øvingstid, ein blir alltid ete opp på eit eller anna vis.» Dette er noko fleire seier, i ulik ordlyd. Ein seier dei i hovudsak skal vere gode på sine primærøppgåver, og prøver å engasjere seg og vere med litt på politiøppgåvene fordi det står i regelverket at brannvesenet skal vere innsatsleiar fram til politiet kjem. Vidare seier han at alle typar PLIVO-øvingar dei skal vere med på, vil skje på kostnad av primærøppgåvene, noko dei prøver å unngå. I tillegg blir fordelen med innsikt i politiets oppgåver, nemnd.

Andre seier at det er pengar involvert, så om dei skal ut å gjere ei øving, kostar det kommunen pengar. Derfor er det viktig å ikkje overgå noko med tanke på budsjett. Det stel nok ikkje for mykje tid, då det mest sannsynleg er lagt opp perfekt i forhold til at det er akkurat nok, er det ein som seier.

Eit dilemma som dukkar opp handlar om å bruke pengar på å trenere på oppgåver som ikkje er under myndigheits- og yrkesområdet til brannvesenet. Samtidig kjem oppgåvene, som ikkje er deira, men som dei burde ha trena meir på. Slike oppgåver går utover dei lovpålagte oppgåvene. Det er ei økonomisk ramme, også må dei bli gode på det dei skal drive med.

Vidare påverkar ikkje talet på øvingar på politirelaterte oppgåver, øving dei vanlege oppgåvene, fordi dei har sine faste øvingar i året. Ein informant seier at politiet vert inviterte, men sjeldan er med. Han meiner det er på grunn av ressursar og økonomi. Dei har jo lyst, etter det informanten oppfattar, men dei har ikkje budsjett til det.

Ein informant meiner at dei hjelpt politiet med til dømes trafikkdirigering, men at dei ikkje føler dei treng å trenere på dette. Dette understøttar ein annan informant, som seier at dei nokre gonger har kome så langt i trafikkdirigeringa at når politiet kjem, vil dei ikkje at politiet skal overta. Vidare ser han ingen problem med øving på politirelaterte oppgåver og øving på brannrelaterte oppgåver, og om det stel øving på dei vanlege oppgåvene. Dette glir saumlaust inn. PLIVO er minimum annakvart år, så det forstyrrar ikkje nemneverdig.

### 5.3.3 PLIVO

Når det kjem til øving på politirelaterte oppgåver nemner alle informantane PLIVO. Det er dette dei fleste informantane seier er korleis øvingsplanen er tilpassa dei ulike situasjonane no og der brannvesenet har øving saman med politi og helse. Der blir situasjonane rullerte. Eit år er det til dømes knivstikking, og neste år ein situasjon med pil og boge.

I spørsmål om kor ofte det er øvingar på samarbeid mellom brannvesen og politi verkar det varierande mellom dei ulike brannvesena.

Ein informant seier at dei har hatt PLIVO-øving i år og i fjar, og at det har vorte ei betring i forhold til utbyttet. I tillegg har heilskapsbiletet vorte betre og betre for kvar gong miner han. Når ein brannkonstabel skildrar PLIVO-øvingane seier han at dei hender slik at dei alltid kører inn brann først, i to gjennomgangar. Då går brann inn først og skal roe situasjonen og tek hand om pasientar som er skada eller sikre gjerningspersonen til politiet kjem. Dette er del 1 av øvinga. I del 2 kører politiet inn først og tek ut gjerningspersonen, og brann og ambulanse går rundt til skada. Han meiner at dei ofte kan resultere i «cowboy-øvingar» med mykje skriking, men at det er positivt å ha vore gjennom det. I tillegg får ein øva ein del på samband.

Ein heiltidstilsett meiner at PLIVO er verdifulle øvingar, og at dei ikkje berre handlar om oppgåvene men òg samhandling med politiet. Til dømes dette med å stå i KO saman, og verke saman med dei andre etatane. Å stå i KO saman tyder at leiarar frå dei ulike naudetatane samlast for gjensidig informasjonsdeling, koordinering og planlegging av innsats (Helsedirektoratet, 2020). At PLIVO er ei viktig øving kjem fleire inn på, då dette er «worst-case» scenario, og at det som er casane der blir scenario dersom politiet ikkje skulle dukke opp. Då må faktisk brann gjere ein innsats, saman med helse, og kanskje ta ut ein gjerningsmann.

## 6.0 Diskusjon

Vidare vil eg drøfte problemstillinga mi: «På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?» opp mot litteratur som er relevant, og intervjuet med informantane. Drøftinga vil innehalde ei avsluttande drøfting av problemstillinga til slutt. Strukturen i kapittelet er lagt opp etter hovudtema i forskingsspørsmåla, liknande empirikapittelet.

### 6.1 Krisehandtering

Det er mindre brannvesen som framhevar at dei stort sett må handtere politirelaterte oppgåver. Utfordringar som kan dukke opp då er at folk ikkje får den hjelpa dei har krav på. Dette fordi brannvesenet ikkje har nok øving og trening på politirelaterte oppgåver, i forhold til det politiet har. Samtidig seier regelverket at leiaren i brannvesenet har ordensmyndigkeit fram til politiet kjem fram til staden (Brann- og eksplosjonsvernloven, 2002).

Uansett kva naudetat som kjem først fram til ulykkesstaden, har brukarar rett til augneblikkeleg hjelp. Pasient- og brukarrettslova gjeld for alle i Noreg, og seier at pasientar og brukarar har rett til nødvendig helsehjelp på augneblinken (Pasient- og brukerrettighetsloven, 1999). Lova stiller krav til naudetatane om å gripe inn. Sett i eit slikt lys kan det vere utfordrande for brannvesenet om dei skal gripe inn i såkalla PLIVO-situasjonar, dersom politiet er lenger unna. Kva som er ein alvorleg situasjon, vil avhenge av omstende og dei involverte individuelle vurderingane.

I tillegg kjem kravet til naudetatane om utrykkingstid, der brannvesenet har den kortaste av naudetatane (Njå, Sommer, Rake, & Braut, 2020, s. 351). Politiet er innsatsleiar i større krisesituasjonar, men det er sjeldan dei er første aktøren på staden. Sett i eit slikt lys kjem ikkje innsatsleiaren nødvendigvis frå politiet, men er den første aktøren som kjem fram til kriseområdet, og tek leiinga. Sidan brannvesenet ofte er dei som kjem først, er det rimeleg å seie at det ofte er brannvesenet som er innsatsleiar til politiet kjem fram. Dersom politiet ikkje kjem må brannvesenet gjerne ta rolla som politiet sin innsatsleiar i tillegg til å vere innsatsleiar brann. Dette gjeld spesielt i distrikta.

I 2020, nådde politiet sitt nasjonale krav om responstid og handtering av alvorlege hendingar, men det var varierande mellom politidistrikta. Vidare peiker revisjonen på korleis politiet og kommunar er betre på samarbeid no, men at dei små kommunane er mindre fornøgde enn dei

større (Riksrevisjonen, 2021-2022, s. 19). Dette kan ein samanlikne med det som kom fram frå informantane. Informantane i dei større brann- og redningsvesena, framheva i stor grad at dei sjeldan måtte handtere politirelaterte situasjonar, fordi politiet hadde mykje ressursar, og var raskt framme. Samtidig hevda vesena frå mindre kommunar at dei ofte måtte handtere politirelaterte situasjonar, fordi mange lensmannskontor er lagt ned. Med bakgrunn i dette kan ein sjå samanhengen med eit dårleg samarbeid mellom kommune og politi, då mange lensmannskontor har vorte lagt ned på mindre tettstader.

Samtidig er det ulike krav til politiets innsatstid basert på talet på innbyggjarar. Ifølgje Riksrevisjonen (2021-2022) var det i tettstadskategorien «20 000 eller fleire innbyggjarar», fem politidistrikt som ikkje nådde kravet om innsatstid. Sju politidistrikt nådde ikkje kravet til responstid i kategorien «2000-19 999 innbyggjarar», og i kategorien «færre enn 2000 innbyggjarar» var det fem politidistrikt som ikkje nådde krava. Samtidig seier kravet at 80% av hasteoppdraga skal vere innanfor responstidskravet. Dette tyder at eit politidistrikt kan ha nådd kravet til responstid, men at dei samtidig kan ha ei lenger responstid for dei resterande 20% av oppdraga. I tillegg peiker revisjonen på fakta om at responstida for dei resterande 20% var svært lang (s.10). Ein konsekvens av dette kan vere at brannvesenet då står lenger aleine i situasjonar dei kanskje ikkje har kunnskap nok til å handtere, gjerne i utrygge situasjonar.

Ein informant framheva korleis brann- og redningsvesenet til ein viss grad er unndrege frå arbeidsmiljølova. Lova skal sikre eit godt arbeidsmiljø, der arbeidssituasjonen skal vere helsefremmande og meiningsfylt. Vidare skal det vere full tryggleik mot psykiske og fysiske skadeverkingar (Arbeidsmiljøloven, 2005). Fordi brannyrket handlar om å redde liv, er arbeidsmiljølova mindre gjeldande. Med grunnlag i moglegheita til å redde liv, må ein vurdere kost-nytte. Ein må vurdere kva ein kan «tene», til dømes på å redde eit liv, samanlikna med sikkerheit for mannskap. Satt på spissen kan ein tenkje seg at det ikkje er formålstenleg å ofre to brannkonstablar mot å redde to mann, som ein informant fortel. Å vurdere moglegheita til å redde liv kan vere utfordrande, då ein heile tida må tenkje på sikkerheita.

Vidare byggjer all krisehandtering på prinsippa om ansvars-, nærleiks-, likskaps- og samverkeprinsippet (Politidirektoratet, 2007). Ansvarsprisnippet er eit vel brukte prinsipp som seier at den naudetaten som har ansvaret for ein sektor, funksjon eller teneste i ei

normalsituasjon, har ansvar for å handtere ekstraordinære hendingar og tiltak. Dette dreier seg om tiltak for beredskap og handtering av ein situasjon som har oppstått (Politidirektoratet, 2007). I det praktiske har det blant informantane kome fram fleire politirelaterte situasjonar, der ansvaret blir flytta over på brannvesenet. Dette gjeld blant anna trafikkulykker med behov for trafikkavvikling og dirigering. Ansvarsprinsippet kan ein då seie at ikkje alltid er, eller kan vere gjeldande.

Vidare kan ein trekke fram samvirkeprinsippet som seier at naudetatare har eit ansvar for å sikre eit best mogleg samverke i arbeid med blant anna krisehandtering. Utfordringar som kan dukke opp er relatert til lite øving på samverke og eit for lite fokus på handtering av uføreutsette hendingar (Universitetet i Sør-Øst Norge, 2023). Ein konsekvens av samvirkeprinsippet kan vere at brannvesenet føler eit press på at dei må hjelpe politiet i situasjonar, sjølv om oppgåva eigentleg ikkje ligg under deira myndighetsområdet. Dette seier ein informant som påpeikar at dei har vorte bedt om bistand til politiet fleire gonger.

Å ta avgjerder i vanskelege situasjonar er avhengig av at dei som sit på kunnskapen fattar avgjerder når det trengs (Reason, 1997). Dersom brannvesenet er etaten til stades ved ei hending med pågåande, livstruande vald kan det vere at dei må ta avgjerder dei ikkje har øva på. Samtidig kan slike ekstraordinære hendingar leie til improviserte tilnærmingar og avvik (Engen, et al., 2016). På den andre sida meiner Charles Perrow (1984) at improvisasjonar kan føre til ei forverring av kriser, noko som kan få fatale konsekvensar. I nokre tilfelle kan ei slik tilnærming òg redusere konsekvensane av krisa, ved til dømes fleksibilitet og improvisasjon (Kruke & Olsen, 2005). På den andre sida er det trygt å seie at det er formålstenleg at brannvesenet ikkje treng å improvisere i situasjonar som ikkje fell under deira myndighetsområdet.

Andre utfordringar som kan dukke opp i krisehandtering er tidspress og stor grad av usikkerheit (Engen, et al., 2016). Usikkerheita ein kan føle i nye situasjonar ein ikkje er vane med, kan vere stressande. Brannmenn i møte med politirelaterte situasjonar må gjerne fatte avgjerder med stor grad av usikkerheit og situasjonen må gjerne løysast så raskt som mogleg.

### 6.1.1 Samverke

Samverke mellom etatar er viktig slik at krisehandteringen blir betre. Dei fleste informantane framheva at samverke fungerer bra mellom brann og politi. Samtidig framheva ein

brannkonstabel korleis dei, når han har arbeidd i ein mindre nabokommune, ikkje har sett politiet så mykje, fordi dei ofte kjem etter situasjonen er ferdig handtert. Ein konsekvens av at ein sjeldan ser politiet er at ein ikkje veit korleis dei jobbar, og heller ikkje korleis ein eventuelt skal jobbe saman. På leiarnivå vart samverke skildra som bra av dei fleste, men utfordringa er korleis samverke funkar mellom brannkonstablar og politi i felt. Brannvesen i mindre distrikt sa at dei sjeldan ser politiet på ulykkesstaden, då dei gjerne ikkje kjem. Då kan det vere utfordrande med samverke. Vidare er det stor gevinst i å kjenne nokon. Å vite kven dei er, å prate med dei har stor påverking på samhandling. Det blir mykje lettare på samband til dømes, når ein kjenner kvarandre. Det å ha eit andlet på folk, hjelp veldig, er det ein informant som seier.

Ved å ha avklara og trena på korleis me samhandlar med andre, kan me førebu oss på å optimalisere bidraget vårt til fellesskapet under mobilisering og handtering. Ein konsekvens av samverke er at me veit kva andre forventar av oss, og kva me kan forvente av dei. Samtidig kan ein få felles situasjonsforståingar, forståing av prioriteringar og felles interaksjonsmønster. Ut i frå dette kan me forstå det arbeidet me utfører, kva me planlegg av i arbeid, korleis ein skal kome fram til avgjerder saman og korleis me best kan støtte kvarandre for den optimale ytingsevna (Lunde, 2019).

Eit bra samverke er viktig for å få løysa krisesituasjonar best mogleg. Ved å reagere og handle etter same samhandlingsprosess, kan ein sikre at eit team eller organisasjon heile tida er koordinert i måten dei samhandlar på (Lunde, 2019). På den andre sida kan det vere vanskeleg å etablere slike samhandlingsprosessar, då ein aldri kan vite kva situasjonar ein møter på. Samtidig kan ein aldri vere førebudde på alt, og det kan vere vanskeleg for brannvesenet å ta høgde for politirelaterte situasjonar. Dette fordi det ikkje er deira felt, og deira prioritering og tilnærming til situasjonar gjerne er heilt annleis. Likevel kan det vere nyttig med felles samhandlingsprosessar, der alle naudetatane først og fremst har fokus på sine oppgåver, men at dei då kan finne ut kva behov andre etatar har og korleis ein best mogleg kan hjelpe kvarandre til å yte optimalt.

Vidare kan det vere vanskeleg å involvere alle i slike prosessar. Dette fordi eit brannvesen er dimensjonert slik det er, med ulike stillingar. Brannkonstablar og deltidstilsette har gjerne heilt andre forhold til politiet enn til dømes brannsjefar og andre leiingsstillingar. I dei små kommunane seier fleire informantar at dei til tider ikkje møter politiet fordi dei ikkje vurderer

situasjonen som alvorleg nok, samt at dei ikkje har nok ressursar. Derfor er det ikkje alltid hjelpende med felles samhandlingsprosessar. Då hjel det ikkje med godt samverke fordi brannvesenet må handtere situasjonen aleine. Samtidig påpeikar ein informant at deltidstilsette gjerne forventar å møte andre formar for situasjonar, og at dei derfor gjerne kvir seg litt dersom dei skal rykke ut til politirelaterte situasjonar.

Ei effektiv beredskapsleiing har etablert ei felles forståing og forventning til kva som vil skje i ei felles samhandling. Då veit dei ulike funksjonane kva dei skal bidra med, og får ei god forståing for kva eins eigen funksjon skal bidra med (Lunde, 2019). I større brannvesen kan samhandlingsprosessar vere eit godt tiltak for samverke, då ein kan jobbe godt saman. I mindre brannvesen, derimot, er det mogleg at det ikkje hjel med slike prosessar, då brannvesenet så å seie alltid kjem først til hendingar, og ofte må handtere politisituasjonar aleine. Dette gjeld alt frå trafikkdirigering til å halde att vitne. Samtidig kan ein peike på ei forenkling i samhandling med naudnett og moglegheit for dialog.

Ein informant formidlar at dei ved trafikkulykker og trafikkdirigering nokre gonger ikkje vil at politiet skal ta over, då dei er så godt inne i det. Ut frå dette kan ein hevde at samhandlinga og samverke ikkje er heilt på plass. Fleire andre informantar uttalar at utfordringa med næropolitireforma har vorte fleire komplekse situasjonar å handtere, fordi politiet er lenger vekk. Samtidig må det setjast av ressursar til å handtere situasjonar som ikkje eigentleg tilhøyrar brannvesenet, og som dei ikkje har opplæring i.

Eit vellykka samfunnssikkerheitsarbeid og krisehandtering krev samverke. Dette politikkområdet er derimot prega av uklare ansvarsforhold, samordningsproblem og overlappende spesialiseringssprinsipp (Fimreite, Lango, Lægreid, & Rykkja, 2014).

### 6.1.2 Regelverk

Informantane har ulike svar på kva dei rykker ut på, og korleis regelverket er. Ein svara at dersom det blir definert som ein redningsaksjon skal alle stille med dei ressursane dei har, for å redde liv. I tillegg påpeika han at dei situasjonane som er definerte i ROS-en til kommunen er situasjonar dei rykker ut på, som brannar og andre ulykker. I tillegg er det gjort ei vurdering på førehand om kven som skal varslast ut.

Utfordringar som dukkar opp er i dei tilfella der brannvesenet allereie har rykka ut, og politiet melder frå at dei ikkje har nok ressursar til å kome. Då endar kanskje brannvesenet opp med fleire oppgåver enn det dei eigentleg skal, i forhold til regelverk og ordensmyndigkeit. Eit

døme er at brannvesenet ikkje kan pågripe nokon, eller halde att nokon fysisk. Likevel er det nokre informantar frå mindre brannvesen som seier at dei i blant må halde att vitne frå å reise frå ei trafikkulykke, til dømes. Dette kan vere utfordrande i nokre situasjonar der ein ikkje veit korleis personen vil reagere. Ei årsak kan vere psykisk ustabilitet eller ruspåverking. Dette er døme på korleis brannvesenet til tider er tvinga til å bryte reglane.

Ei anna utfordring med at brannvesenet er innsatsleiar fram til politiet kjem, er at fleire informantar seier at det i blant hender at politiet ikkje kjem fordi alvorsgrada er vurdert som mindre, i tillegg til at dei ikkje har nok ressursar. På denne måten hjelpt det ikkje at brannvesenet har sitt regelverk då dei likevel endar opp med å måtte handtere politirelaterte situasjonar. Dette gjeld spesielt dei mindre brannvesena.

Vidare kan ikkje beredskapsplanen innehalde alle formar for oppgåver brannvesenet kan kome borti å måtte handtere, samtidig som den ikkje kan innehalde like mykje politirelaert som brannrelatert. Ein kan hevde at det då blir vanskelegare å vere brannmann, spesielt i mindre brannvesen då dei er sikre på at dei må handtere politirelaterte situasjonar. På den andre sida verkar det som at så lenge alvorsgrada er stor nok, kjem politiet. Likevel kan det vere kritisk i små kommunar der lensmannskontoret er lagt ned, og ein må vente lenge på politiet.

## 6.2 Beredskap

Alle informantar fekk spørsmål om dei politirelaterte oppgåvene er inkluderte i beredskapsanalysen, der det var varierande svar. Nokre svara at dei ikkje var det, medan andre nemnde PLIVO-øvingar. Ein informant sa at dei såg at det var nødvendig at dei handterer politirelaterte situasjonar, men at spørsmålet gjeldande ressursar og økonomi meldte seg. Dersom brannvesenet handterte politirelaterte situasjonar, var det kommunen som måtte ta rekninga på oppdraget.

Ei årsak som vart framheva om at politirelaterte oppgåver ikkje er teke med i beredskapsanalysen er det fakta om at slike situasjonar ikkje er under myndigheitsområdet til brannvesenet. Lovverket til brannvesenet seier noko om kva oppgåver brannvesenet har, der oppgåvene relaterast til brann, ulykker, farlege stoff og beredskap ved eventuell krig (Brann- og eksplosjonsvernloven, 2002, § 11). Samtidig seier Larssen (2021) at det i tråd med ansvarsprinsippet er den etaten som har ansvaret for ein aktivitet, som skal handtere hendinga. Samtidig påpeikar han at manglar på ressursar vil vere problematisk og utfordrande for dei

som er ramma. Eit anna aspekt Larssen framhevar er kommunens lovpålagte plikt til å lage ei ROS-analyse av uønskte hendingar. Vidare har statsforvaltaren ei samordningsrolle ovanfor kommunane , som inneber oversikt og kunnskap over risiko og sårbarheit. I tillegg skal han sørge for ei effektiv og målretta førebygging slik at ein kan etablere ein beredskap som er tilstrekkeleg (Larssen, 2021). Vidare er det viktig å identifisere kva me skal handtere før me bestemmer oss for kor effektivt me skal handtere det (Lunde, 2019).

Dersom politirelaterte situasjonar ikkje er identifiserte i beredskapsanalysen og teke stilling til i beredskapsplanen, kan det få store konsekvensar. Dette fordi slike analyser kan gi eit avgjerdsgrunnlag for val av løysingar og tiltak, basert på risiko (Aven, 2006). Vidare meiner Borch & Andreassen (2020) at brannvesenet er ein organisasjon som står ovanfor skiftande omgivningar som kan vere turbulente og lite føreseielege. Dette spesielt ved innføringa av reforma, og dei situasjonane som brannvesenet no må handtere. Sjølv om fleire informantar seier at dei ikkje er teke med fordi det ikkje er under myndigheitsområdet til brannvesenet, peikar datagrunnlaget på at slike hendingar vil dukke opp, spesielt i mindre brann- og redningsvesen. Utfordringar som då kan dukke opp er relatert til at ein ikkje har teke høgde for at situasjonane vil dukke opp. Samtidig kan det å handtere situasjonen bli svært vanskeleg, fordi ein ikkje har tenkt tanken på dei. Bråten (2022) seier at ein kan oppleve at ein situasjon kan eskalere, og at krisa blir eit faktum dersom beredskapsplanane ikkje er dekkande og beredskapen er tilpassa dei komplekse situasjonane. I tillegg er beredskapsarbeid eit omfattande arbeid, og dersom ein ikkje har nok ressursar og tid, er det vanskeleg å oppnå eit beredskapsarbeid som er vellukka (Eriksen, 2011).

Samtidig er det vanskeleg å vite kva situasjonar ein skal ta med, då alt mogleg kan skje, og ein i stor grad er påverka av usikkerheit (Njå, Braut, Rake, & Sommer, 2020). I tillegg er det som regel tidspress under hendinga noko som fører til at ein ikkje nødvendigvis har like god tid til å analysere hendinga som ein skulle ønskje. Ein konsekvens av at ein aldri veit kva som kan skje, er at det er vanskeleg å utforme beredskapsanalysen. På den andre sida er det vanskeleg å vere førebudde på alt, og ein må derfor prioritere kva hendingar som skal takast med. Meidell (2005) meiner at ei verksemrd i størst mogleg grad i arbeidet med kriseplanar skal baserast på risiko- og sårbarheitsanalyser. Dette fordi ein då kan sikre at det er eit samsvar mellom planane ein har, og dei situasjonane planverket er laga for. Vidare meiner Meidell at ein skal ta høgde for det uventa, men at ein i praksis har dei beste føresetnadane for å handtere dei, dersom ein har eit godt planverk. Då kan ein argumentere for faktum at dersom politirelaterte situasjonar ikkje er gjort reie for i beredskapsanalysen, har ein mindre

sannsyn for at hendingane blir godt handtert. Samtidig er det utfordrande å skulle handtere alle tenkelege hendingar innanfor dei ytingskrava som er sett (Eriksen, Rake, & Sommer, Beredskapsanalyse, 2021).

Likevel er det viktig å tenkje over i kor stor grad ein skal ta med slike oppgåver i bredeskapsanalysen, då den er basert på ei identifisering av beredskapsområdet og av uønskte hendingar (Aven, 2006). Samtidig er det viktig med ein robust beredskapsorganisasjon slik at kvaliteten og tempoet i avgjerala blir sikra (Gangdal & Angeltveit, 2014, s. 150). Vidare kan til dømes øving mot politirelaterte oppgåver stele tid og ressursar mot øving på vanlege oppgåver. Dette gjeld spesielt deltidsbrannmenn, som har liten stilling, og dermed lite tid å øve på. Det er rimeleg å seie at deltidsbrannvesena vil prioritere og øve på primærøppgåvene tilhøyrande brannyrket, sidan dei må øve på fritida si. Samtidig kan ein tenkje seg at brannvesenet får ein annan funksjon enn det dei har hatt før, dersom politirelaterte oppgåver skal takast like stor høgde for i analysen som brannrelaterte oppgåver.

Vidare trekk fleire informantar fram løysingar med felles talegrupper og naudnett, der dei vil få assistanse på radio. På den eine sida er det fleire fordelar ein kan trekke fram ved bruk at kommunikasjon over naudnett. Eit døme er at det har god radiodekning der ein kan ha felles talegrupper med fleire etatar, og er ein overlappande dekning som gir sikker kommunikasjon. Fleire brukarar tilknytt det robuste kommunikasjonsnettet, gir nye moglegheiter for informasjonsdeling og ei auka samhandling. Dette på tvers av geografiske og organisatoriske grenser (Abrahamsen, 2018). Som fleire informantar framheva er naudnett ein fordel då ein kan få råd og tips slik at ein kan handtere situasjonar på best mogleg måte.

Ei utfordring som kan dukke opp ved bruk av naudnett er bortfall av straum. Konsekvensane då kan vere store å ha stor innverking på korleis situasjonen løysast. Derfor er det viktig å ha med eventuelle tap av dekning av naudnett i aktuelle ROS-analyser. Samtidig kan det vere svikt av utstyr, ras, trefall eller andre værfenomen som kan føre til svikt i naudnettet (DSB, 2019).

### 6.2.1 Økonomi

Økonomien til kommunane er stram, og fleire kommunar opplever at dei må kutte i økonomien. For å kunne levere tenester og produkt, og samtidig kunne utvikle seg, er det viktig med ein god og stabil økonomi. Derfor er ikkje dyre beredskapsløysingar spesielt ønskja (Eriksen, Rake, & Sommer, 2021). Det er rimeleg å seie at det kan bli utfordrande for

communeøkonomien, dersom kommunen skal etablere løysingar for politirelaterte oppgåver i brannvesenet. Samtidig skal kommunen opprette og drive eit brannvesen som kan ivareta førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver (Politidirektoratet, 2007). Dette i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova. Det er rimeleg å seie at det kan vere utfordrande å etterdrive brann- og eksplosjonsvernlova, når kommunen ikkje har råd til å handtere oppgåver som ikkje relaterer til brannyrket. Vidare vil det hende, at ein må vurdere fordelane og ulempene mot kvarandre. Utfordringar som kan dukke opp då, relaterast til verdiar som til dømes liv og helse opp mot pengar.

Samtidig kan det vere vanskeleg å balansere sikkerheit mot økonomi. I kommunen er det behov for å sikre god økonomi, samtidig som ein må unngå tap av andre verdiar som liv og helse. Det som kan vere utfordrande er at me på førehand ikkje veit kva uønskte situasjonar som vil dukke opp. Derfor kan det vere vanskeleg å vite kor mykje pengar me må bruke for å klare å handtere uventa beredskapssituasjonar (Eriksen, Rake, & Sommer, Beredskapsanalyse, 2021).

Beredskapen i kommunen og brannvesenet kan derfor bli utfordrande å handtere. Sidan det er dei mindre kommunane som i størst grad må handtere politirelaterte situasjonar, er det viktig at dei politirelaterte situasjonane her blir gjort reie for. Samtidig er det ikkje meir pengar i ei kommune enn det det er. Ein konsekvens av dette er at pengane ikkje gjer det mogleg for ei kommune og brannvesenet å etablere beredskapsløysingar for politirelaterte situasjonar. Likevel påpeika fleire informantar at dei såg viktigheita i å inkludere slike situasjonar i beredskapen, då dei vil dukke opp. Samtidig er det viktig for kommunen å ta vare på økonomiske verdiar. Tap av økonomiske verdiar kan òg påførast ei verksemnd i form av utgifter som ei følgje av tap eller skade på menneske (Lunde, 2019). Det er offentlege ressursar som brannvesen og politi som i hovudsak er ressursar som tek vare på plikta til det offentlege, med innsats i å forhindre tap eller skade på verdiar (Lunde, 2019).

I evaluering av beredskapsløysingar er økonomi ofte eit evalueringsskriterium. Ein anna informant formidla at det var sparingar over heile lina, slik at politirelaterte oppgåver ikkje er relatert i deira beredskapsanalyse. Det kan vere nyttig å utføre økonomiske analyser, slik at ein kan finne ut kva økonomiske konsekvensar verksemnda må handtere. Offentlege verksemder bør ta innover seg ansvaret dei har i å handtere dei økonomiske konsekvensane ei hending kan påføre dei. Ei årsak til dette er at dei då kan oppretthalde ein kvalitet som er

tilfredsstilande på det offentlege tenestetilbodet dei leverer. I slike typar beredskapsituasjonar er det viktig å gjere det politiske nivået merksame på dei utfordringane som har oppstått. Med grunnlag i dette får dei moglegheit til å gi føringar for korleis verksemda skal prioritere drifta vidare (Lunde, 2019).

### 6.2.2 HMS

Noko som er viktig i beredskapsarbeid er HMS. Alle informantane fortalte at dei har god HMS, og at det var viktig i alt arbeid dei gjorde. Moglege konsekvensar dersom ein ikkje tenkjer HMS, er uønskte hendingar (Lunde, 2019). Ein viktig del av HMS er risikoanalysar av hendingar som kan skje (Lunde, 2019). Alle norske verksemder er plikta til å tilfredsstille lovfesta og forskriftsmessige krav om god HMS for arbeidarane. Før eit arbeid som planleggast må arbeidsgivarane vurdere om det er fare for arbeidstakarens liv og helse (M. Botnmark, 2017).

HMS-arbeidet i brannvesenet kan vere komplikt og omfattande, fordi oppgåvene inneber høg risiko (Egerdal, 2017, s. 374). Dersom det er risiko for skade på liv og helse hjå dei tilsette, og det ikkje kan unngåast på annan måte, er arbeidsgivaren plikta til å stille personleg verneutstyr til rådighet. Dersom det er risiko for skade, skal arbeidsgivar ikkje tillate at det ikkje brukast verneutstyr (M. Botnmark, 2017). Likevel seier alle informantane at dei ikkje har noko spesielt verneutstyr retta mot politioppgåver.

Samtidig er det arbeidsgivar som har ansvaret for arbeidsmiljøet, i tillegg til at han skal iverksette tiltak slik at regelverket blir overhalda, dersom det er nødvendig (M. Botnmark, 2017). HMS i brannvesenet kan ikkje samanliknast med HMS i vanlege A4-jobbar, fordi brannkonstabelynretten inneber mykje risiko. Det kan argumenterast for at noko bør gjerast anna slik at ein kan sikre tryggleiken til brannvesenet, på grunn av den høge risikoen. Samtidig kan det vere vanskeleg for mindre brannvesen til dømes, dersom dei må handtere kriser og politirelaterte situasjonar aleine. Ein informant framheva fleire situasjonar, blant anna at dei måtte hjelpe politiet i å sete handjern på nokon, fordi dei sjølv ikkje hadde nok ressursar, som påpeika tidlegare. I slike tilfelle kan det vere vanskeleg å oppretthalde tryggleiken for brannmannskapa. Informanten sa at han trudde mannskapet hadde vore redde i denne situasjonen, kanskje fordi dei ikkje har fått nok trening, eller at det er ein situasjon dei ikkje er førebudde for. Derfor er det vanskeleg å ha god HMS for alle situasjonar.

Brann- og eksplosjonsvernlova gjeld plikter og krav til beredskap og innsats ovanfor akutte ulykker der brannvesenet har innsatsplikt, og skal verne liv og helse ved akutte ulykker (Beggerud, 2016). Dersom brannmannskapet har kjent seg utrygg i møte med situasjonar kan det stillast spørsmål om HMS-en er god nok. Samtidig er ikkje problemet nødvendigvis dårlig HMS, men situasjonar dei møter på. Etter nærpolitireforma vart innført har det vorte lagt ned mange lensmannskontor som har påverka politiets innsats. Sjølv om sokelyset på HMS i brannvesenet er bra, er det ikkje sikkert den er lagt opp mot HMS på politirelaterte oppgåver. Dårlege mål for HMS heng saman med dårlig kartlegging av HMS-forhold som finst i ei verksemd (Beggerud, 2016, s. 35). I eit brannvesen er det vanskeleg å sjå for seg alle moglege scenario som treng planlegging for HMS. Dersom ein ikkje kjenner no-situasjonen, er det vanskeleg å sette klare mål for framtida (Beggerud, 2016, s. 35). Eit døme kan vere ved fysisk pågriping eller bistand til politiet, der brannvesenet eigentleg ikkje har myndighet. Blir dei bedt om hjelp på ei slik oppgåve, er det forståeleg at mannskapet blir redde.

Samtidig er det forventa av naudetatane, og brannvesenet at dei skal hjelpe folk, sjølv om det er risikokjelder til stades. Ein kan òg hevde at brannvesenet har eit samfunnsansvar om å hjelpe folk, og kanskje trosse enkelte tryggleiksbarrierer i arbeidet.

Vidare er det arbeidsgivar som er ansvarleg for å sikre eit trygt arbeidsmiljø, men i denne samanhengen kan ein stille spørsmål om det då set grenser for brannvesenets arbeid. Det går ikkje å ha eit fullstendig trygt arbeidsmiljø med dei risikofylte oppdraga brannvesena utsetjast for. Ei årsak til at det er vanskeleg er òg nærpolitireforma som har gitt brannvesena fleire og meir komplekse oppgåver, som er fylt med risikofaktorar. Som formidla tidlegare kan det vere vanskeleg å arbeide for god HMS. Dette spesielt når ein ikkje kjenner til korleis arbeidet før ein politirelatert situasjon gjerast og korleis slike situasjonar utspel seg.

Vidare kan brannmannskap ute i felt oppleve stress i situasjonar dei ikkje er vane med, til dømes politirelaterte situasjonar. Her utsettast kroppen for ei stor belastning over tid, noko som kan vere helsekadeleg. I motsetning til eit arbeidsmiljø med lite stress, kan det tyde på eit uønskt arbeidsmiljø dersom aktørar i organisasjonen utviklar kronisk stress (Beggerud, 2016). Graversgård (1997) seier at det er ulystvekkande, smertefullt stress som sjåast på som helsefarleg. Noko som kan gi negativt stress er utrygge jobbsituasjonar (Beggerud, 2016). Ein informant seier at han har kjent seg redd i eit spesielt tilfelle, der det var ein som kasta knivar.

Det kan vere vanskeleg å vite kor grensa går, dersom det er livreddande, fordi det er naturleg å ville strekke seg langt dersom ein kan redde liv. Kva risiko ein er villig til å ta heng saman

med til dømes press frå omverda, i form av samfunnsansvar som ein informant fortel (Beggerud, 2016, s. 98). Dilemmaet om kor langt ein skal strekke seg for å redde liv, dersom det påverkar tryggleiken, melder seg.

Handtering av politirelaterte situasjonar kan gå utover tryggleiken til mannskapa. Samtidig kan det hende dei synst det er ubehageleg, men presset om å handtere ei krise eller ulykke stig i takt med at politiet ikkje kjem. Ikkje desto mindre kan det vere tilfelle der etatar ikkje greier å halde tilbake dersom det står om å redde liv. Dette understrekar Eriksen, Rake & Sommer (2021) som seier at i ein pressa situasjon, vil mannskap ha eit sterkt ønske om å strekke seg langt (s.129).

I den nasjonale prosedyren for PLIVO, står det at handleplikta for naudetataane alltid må baserast på ei konkret vurdering i den enkelte situasjonen, og må takast i utgangspunkt av personellets ferdigheitar, aktuelt informasjonsbilete og tilgjengeleg utstyr. Vidare står det at risiko må vurderast opp mot den reelle moglegheita innsatspersonell har til å redde liv og helse, og avgrensing av skade. Det klargjerast i prosedera at det ikkje er forventa at innsatspersonell skal gå inn i situasjonar som inneber ein uakseptabel risiko. (DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet, 2015, s. 15).

Samtidig som det ikkje er forventa at innsatspersonell skal gå inn i situasjonar som har ein uakseptabel risiko, må ein då finne ut kva akseptabel risiko er. På den andre sida kan det vere utfordrande å finne akseptabel risiko for brannvesenet i politirelaterte situasjonar. I tillegg kan det vere vanskeleg å berre jobbe etter akseptabel risiko dersom ein har moglegheit til å redde liv.

### 6.2.3 Utstyr

Bruk av personleg verneutstyr er viktig for å kjenne seg tryggast mogleg. Ei årsak til dette er at HMS-en blir styrka, og at dei tilsette vil føle seg meir trygge i møte med ukjente situasjonar. Dette gjeld spesielt brannkonstablar. Ein informant framheva korleis HMS er ein del av eigen beredskap. Dersom brannvesenet ikkje køyrer forsiktig til dømes, og køyrer ut, skadar det handteringen av ulykkeshendinga. Informanten kom frå ei mellomstor kommune der det ikkje var så mykje ressursar i form av bilar. Derfor er det viktig å ivareta eigen HMS, slik at ulykka kan løysast best mogleg. Sett i eit slikt lys kan ein seie at HMS og beredskap går hand i hand, då eigen HMS i alle tilfelle er viktig for å få til ei god krisehandtering.

Samtidig kan manglande verneutstyr vere medverkande årsak til fleire skadar. Ein kan få ei falsk kjensle av tryggleik dersom det er dårlig eller feil verneutstyr. Vidare er det viktig at utstyret forklarast på språket til arbeidstakar så han kan forstå korleis det nyttast (M. Botnmark, 2017). Ein kan òg hevde at dersom brannvesenet skaffar seg politiutstyr, kan det leie til at politiet ikkje nøler med å kontakte dei, ved behov for hjelp. Samtidig kan det sende feil signal til samfunnet, der folk då kan få ei oppfatning om at brannvesenet kan handtere politioppgåver. I tillegg kan skilnadane mellom dei to etatane bli viska ut.

Likevel vil ikkje personleg verneutstyr spesielt relatert til politirelaterte situasjonar eliminere fare. I tillegg blir ikkje det personlege verneutstyret betre enn han som har det på seg. Med bakgrunn i dette kan ein hevde at personleg verneutstyr må brukast ordentleg og at det blir kontrollert og vedlikehalda (M. Botnmark, 2017). Samtidig kan ein tenkje seg at dersom brannvesenet får utdelt politirelatert verneutstyr i tillegg til sitt eget, har dei mykje utstyr dei må ha orden på samt vite korleis å bruke det rett. Derfor er det viktig å trene på bruk av utstyr (M. Botnmark, 2017).

#### 6.2.4 Ressursar

Trening og øving er eit bindeledd mellom beredskapsplanlegging og ei allokering av ressursar, og krisehandtering. Dette skal resultere i eit ressursbehov og føringar for korleis ein kan møte dette behovet (Engen, et al., 2016, s. 361). Ei oppdatering av ressursar i form av tid og pengar er dermed ein viktig del av øving og trening. Derimot verkar det som fleire brannvesen ikkje meiner dei har nok ressursar, eller pengar til fleire øvingar på politirelaterte oppgåver. Dermed dukkar det opp utfordringar i forhold til fleire øvingar på grunn av ressurstilgangen.

For å få øva nok er det nødvendig med tilstrekkeleg av ressursar. Ein informant trekk fram at det er brannvesenets ansvar å arrangere og invitere politiet med på øvingar, men at utfordringar angåande ressursar er hovudgrunnen til at politiet ikkje har tid til å stille. Utfordringa er derfor at dersom politiet ikkje har nok ressursar, er det vanskeleg for dei å delta. Vidare er det store gevinstar i å øve på samverke då ein kan få auka kunnskap om organisasjonane til kvarandre (Sørensen, 2017, s. 28). Derimot er det vanskeleg å få til slike øvingar om ein etat ikkje har nok ressursar. Brannvesenet er dimensjonert slik at dei er langt fleire mannskap enn politiet, noko som gjer det enklare å få øva.

Som uttalt tidlegare er det utfordringar knytt til økonomi. Den stramme kommuneøkonomien gjer at tilføringa med oppgåver nærpoltireforma har ført med seg ikkje er fanga opp med tanke på ressursar. Ein informant seier at kvar reform som innførast av staten kostar pengar for kommunen. Ein konsekvens er at det ikkje blir tilført nok med midlar for å få til fleire øvingar, til dømes. Dette tyder på at problemet ligg på høgare nivå enn det regionale. Samtidig forklarar fleire informantar at det dei treng ikkje er fleire ressursar, men heller meir politi. Dette fordi politirelaterte situasjonar ikkje er noko brannvesenet eigentleg skal drive med.

Som fleire informantar påpeikar, har det vorte diskutert innkjøp av stikksikre vestar. På den andre sida kan innkjøp og bruk av stikksikre vestar leie til at brannmannskap får ein falsk tryggleik, der dei eigentleg ikkje er øva til ein situasjon. Ein informant fortel at dei med nærpoltireforma har fått meir ressursar, men som han seier er det ikkje sikkert at nærpoltireforma er grunnen. Dette fordi det uansett vil skje endringar i løpet av 7 år, uavhengig av reformer. Sjølv om utstyret har betra seg, meiner ein informant at kunnskapen er det som no manglar. Ei årsak til dette kan vere økonomi, og at innkjøp av utstyr er ein lett utveg. Engen et. Al. (2016) framhevar at storskalaøvingar gjerne er svært dyre og tidkrevjande, noko som kan vere årsaka til at dei fleste kommunane ikkje kan prioritere det i budsjettet. Samtidig er det viktig at beredskapsorganisasjonane, og dei som finansierer dei, ser viktigheita av øving, då det kan utgjere store forskjellar.

### 6.3 Trening, øving og ressursar

Nærpoltireforma fører til at brannvesenet treng meir øving, trening og ressursar. Nokre informantar seier at dei, trass endringar, ikkje har fått fleire midlar til trening og øving, og at dei nedprioriterer øving på politioppgåver. Ei årsak til dette er at slike oppgåver ikkje inngår i samfunnsoppdraget til brannvesenet, og at dei ikkje har økonomi til det. Samtidig meiner Drennan & McConnell (2007) at usikkerheit i om, når og kva form krisa har, kan gjere at den ofte ikkje blir prioritert eller at ein ikkje får dei ressursane som er nødvendig for å handtere den.

For å auke bevisstheit og kompetanse til å handtere ein reell krise, er det viktig å gjennomføre øvingar (Rykkja, 2014, s. 147). Ein grunntanke er at trening handlar om å førebu seg på ei krise, dersom ein har trena på ein liknande situasjon (Boin, Kofman-Bos, Overdijk, 2004). Samtidig er det vanskeleg å vere førebudd på alle situasjonar som kan skje.

Ein funksjonell eller operativ øving krev mykje planlegging og aktivitet. Samtidig krev slike øvingar mykje ressursar og planlegging (Rykkja, 2014, s. 148). Ifølgje forskrift om kommunal beredskapsplikt skal kommunane utvikle heilskaplege ROS-analyser, som skal øvast (Forskrift om kommunal beredskapsplikt, 2011). Samtidig byggjer brannvesenets ROS og kva dei skal øve på, på den samla beredskapen og ROS-analysane til kommunen (Forskrift om organisering av brannvesen, 2002). I deltidsvesen er det derfor vanskeleg sidan øvingane må skje på fritida til mannskapet.

Andre utfordringar som kan dukke opp relaterer seg til korleis stillinga deira er så liten, at det er vanskeleg å få nok tid til å øve på alt dei skal gjennom, både brannrelaterte og politirelaterte oppgåver. Samtidig er det sjeldan dei kjem opp i reelle, politirelaterte situasjonar sidan stillinga er så liten. Ein konsekvens av dette er at dei får lite erfaring med slike oppgåver, anna enn dei få øvingane dei har i året. For mange informantar er det berre relatert til PLIVO-øvinga, som er lovpålagt. Utfordringa her er at det er ulikt kor ofte slike øvingar blir arrangert. Nokre brannvesen er heldige, og har dei kvart år, medan andre berre annakvart, ifølgje mine informantar.

Fokuset på øvingane bør endrast slik at utbyttet blir betre. Fleire informantar trekk fram korleis utbyttet og fokus ikkje er heilt optimalt. Dette på grunn av overflod av ressursar, og at øvingane er i veldig stor skala. Samtidig kan det vere vanskeleg å endre fokus over natta. For at beredskapen skal vere god, er det viktig at øvingane kan knytast opp mot røynda, og at ein lærer av øvingane.

Vidare er det viktig å passe på at øvingstid på dei politirelaterte oppgåvene ikkje stel øvingstid på brannrelaterte oppgåver. Utfordringar som kan dukka opp relaterast til å finne ei balanse. Ein som jobbar deltid har 58 øvingstimar i året, og 4 av dei går til PLIVO, i beste fall. Dilemmaet om ein bør øve meir på politirelaterte situasjonar er til stades, men det kan vere at deltidsbrannvesen meiner dei treng meir øving på brannrelaterte oppgåver, då dei ikkje er ute på så mange oppdrag i året, og dermed ikkje får nok øving og erfaring der frå før.

### 6.3.1 Trening og øving

Fleire informantar meiner at talet på øvingstimar for deltidstilsette ikkje heng saman med kva det er forventa at dei skal gjere. Vidare har det vorte fleire øvingar, men ikkje pengar til dei nye oppgåvene som dei er påførte. Her kan ein òg trekke inn det økonomiske aspektet. Kommunane skal spare pengar, og at dei då må finansiere øvingar på noko som eigentleg

ikkje er myndighetsområdet til brannvesenet, samsvarar ikkje. Vidare meiner andre at dei har fått meir pengar til PLIVO, men at det ikkje dekker behovet. Ressursane som er nødvendig er altså ikkje nok i forhold til dei gapa nærpoltireforma har ført med seg.

Ei form for øving som blir framheva av informantane er table-top øvingar, som i hovudsak dreier seg om diskusjonar. På den eine sida er dei raske å organisere, men på den andre gir det deltarane berre moglegheit til å diskutere seg fram til handlingsvala medan dei ikkje øver på implementeringa. Derfor er det viktig at ein får like mykje øving på implementering av handlingsval i fysiske øvingar.

Eit viktig aspekt ved planleggingsprosessen er kriseøvingar, som er ei form for å lære av erfaring (Kartez & Lindell, 1987). Vidare er det i trening og øving viktig at utbyttet og fokus er realistisk. Dette fordi det då blir enklare å trekke likskapar til røynda i verkelege situasjonar. Då kan det bli enklare å handtere situasjonar fordi ein i større grad veit kva ein skal gjere. Den mest realistiske og omfattande øvingsforma er fullskalaøvingar (Engen, et al., 2016, s. 364). PLIVO-øvingar er fullskalaøvingar, og ein ser derfor viktigheita med slike øvingar. Samtidig er det viktig at fokuset er på å gjere øvinga så realistisk som mogleg, slik at folk får mykje ut av dei. Når PLIVO-øvingane i tillegg er sjeldne, er det desto viktigare å gjere dei reelle. Derimot er fullskalaøvingane svært ressurskrevjande, i alle fasar, noko som igjen fører til at dei skjer sjeldnare (Engen, et al., 2016, s. 365).

Å fatte avgjelder blir enklare med øvingar. Dette fordi det gir folk ein attkjenningsmoglegheit og ein moglegheit til å erfare korleis ein handterer usikkerheit (Engen, et al., 2016, s. 366). Dei som skal planlegge øvingane står ofte ovanfor eit dilemma med å trekke inn uventa moment og samtidig gjere øvingane realistiske. Vidare er det vanskeleg at det å handle i øvingar blir realistisk, då det i øvingar er mogleg å vente til ein har alt av informasjonsgrunnlag, i motsetning til røynda i ein krisesituasjon. (Engen, et al., 2016, s. 366). Der er det ofte tidspress, som gjer at ein må handle raskast mogleg, med eit mangelfullt informasjonsgrunnlag.

God planlegging består av fleire ting, blant anna utvikling av individuelle eigenskapar og betre samarbeid, noko ein får gjennom øving (Peterson & Perry, 1999). Kartez & Lindell (1987) påpeiker viktigheita av øving for å opparbeide seg erfaring. Det oppfattast at øvingar gir eit godt grunnlag for læring (Engen, et al., 2016). Pålitelege organisasjonar skal lære av øvingar (Weick, Sutcliffe, & Obstfeld, 1999). Samtidig er det ikkje alltid at dei godt planlagde øvingane resulterer i god læring (Sommer & Njå, 2011). Dette er det fleire grunnar til, til

dømes rammene som ligg til grunn for øvinga og relevansen til læringsmåla. Det er som fortald vanskeleg å få til realistiske øvingar (Engen, et al., 2016, s. 368). Informantane fortel blant anna at øvingane ikkje alltid er like realistiske, sjølv om fokuset har betra seg dei siste åra.

Vidare kostar øvingar mykje. Då kan ein få eit dilemma om kvaliteten på øvinga og eit behov for å halde kostnadane nede. Det kan vere eit ønske om å spare pengar som reduserer øvingsopplegget, som igjen påverkar realisme og relevansen. Vidare er det vanskeleg å vite om gode øvingsresultat er det same som god læring. Det kan vere fordi ressursar og utstyr som nyttast i øvinga ikkje er tilgjengeleg i ei reell krise (Engen, et al., 2016, s. 368). Dette framhevar fleire informantar som seier at det i ei reell krise er mykje mindre ressursar tilgjengeleg. For å ha god læring må ein derfor ta tak i læringspunktene i evalueringa etter øvingar (Engen, et al., 2016).

Rykkja (2014) framhevar viktigheita av øvingar, men at dei får lite merksemd. Det er likevel viktig med godt planlagde og gjennomførte øvingar for å skape realistiske forventingar og kunnskap om krisehandtering (s.149). Derimot er det lite overraskinger i øvingar (Rykkja, 2014, s. 149). Ein konsekvens av dette er at øvingane gjerne ikkje blir så realistiske som ein hadde håpa. Boin, Kofman-Bos og Overdijk (2004) åtvarar mot at slike øvingar kan bli resultat av rutinemessige og rigide handlingsmønster. Vidare seier dei at det kan føre til at underliggende problem eller organisatoriske svakheiter ikkje oppdagast. Derfor er det anbefala å utvikle øvingar som bevisst gjer at organisasjonens svakheiter blir eksponerte, og er overraskande. Slike øvingar bør ha fokus på leiarskapet og samarbeid mellom grupper og etatar (Smith, 2004).

I tillegg framhevar fleire informantar at øvingane gjerne får litt større forhold enn det ville vore i realiteten. Samtidig er ressursane i slike øvingar vanskeleg å samanlikne med ein reell situasjon då det gjerne er ein overflod av menneskelege ressursar. Spesielt for dei mindre vesena er dette lite realistisk og læringsutbyttet av øvinga blir gjerne mindre, då brannvesenet ikkje får øva på å handtere politirelaterte situasjonar aleine, som er realiteten i mange tilfelle.

### 6.3.2 Øving på samverke

Informantane fortel at samverke er bra, men at øvingane på samverke mest gjeld PLIVO. Ein informant seier at dei inviterer politiet med på øvingar, men at dei sjeldan har tid. Ein effekt

av øvingar er moglegheita til å styrke teamkjensla for dei som øver saman (Engen, et al., 2016, s. 363). Ein informant seier at den største gevinsten av å ha øvingar på samverke, er det å bli kjent med kvarandre. Dette gjer at krisehandteringen mellom dei ulike gruppene blir betre.

Samverkeøvingar sjåast på som nyttige verktøy for å få ei styrka emne til å samverke.

Forsking viser at samverkeøvingar bør ha eit større fokus på læring, med element som realisme, improvisasjon og fokus (Sørensen, 2017). Det er viktig at fokuset for øvinga er å øve samverke, i staden for eigne mål (Kim, 2013, i Sørensen, 2017, s. 28). Det er fort gjort at deltakarane brukar all energien sin på å løyse sine eigne oppgåver, kontra å fokusere på samverkeutbyttet (Sørensen, 2017).

Vidare kan improvisasjon vere eit nyttig aspekt som kan auke samverkelæringa (Berlin & Carlström, 2009). Fordi kriser eller situasjonar kan vere omfattande og til tider vanskeleg å løyse, kan det oppstå behov for å tenkje utanfor boksen (Fimreite, Lango, Lægreid, & Rykkja, 2014). Her kan ein tenkje seg at til dømes naudnettet er nede, og at det utfordrar kommunikasjonen. Med bakgrunn i dette kan det vere nyttig å øve improvisasjon saman.

Samtidig nemner ein informant frå eit deltidsvesen at han trur improviseringa er god der, då dei har ulike yrker. Han trekk frem bønder, tungtransportsjåførar, elektrikarar og snekkarar og at dei samla har utruleg mykje kunnskap. Derimot er det vanskeleg å improvisere i situasjonar som krev samverke, dersom ein ikkje har øva på det. I øving på samverke er det viktig at fokuset er på samverke, rom for prøving og feiling, og ei evaluering og refleksjon i fellesskap etter øvinga (Andersson, Berlin, & Carlström, 2013).

Å få til øving på samverke er viktig, men det er utfordringar knytt til deltidsvesen, og korleis dei då må disponere tida slik at alle får nok trening. Det må øvast på fritida, etter anna jobb, og det er ikkje mykje tid til disposisjon, då det er mykje å øve på. Samtidig er det viktig at øvingstid på politioppgåver ikkje går utover øving på dei brannrelaterte oppgåvene. Ein informant seier at det er vanskeleg å nå over alt, og at ein ikkje får nok tid til øving generelt. Ein anna seier at dei nesten ikkje greier å vere gode på det dei skal heller, med den avgrensa øvingstida. I lys av dette er det naturleg at øving på politioppgåver blir nedprioritert, då det ikkje er brannvesenets myndighetsområdet.

Vidare må ein vekte og vurdere om sannsynet for politirelaterte oppgåver er verdt å bruke tid på, kontra brannrelaterte. Samtidig er det for ein deltidskonstabel vanskeleg å bli veldig god på noko, då det er ei såpass liten stilling. Han har til dømes ei stilling på 3%, noko som svarar til 58 øvingstimar i året. Konsekvensar av dette er at det er vanskeleg å nå over alt

brannvesenet har ansvar for, og i tillegg tilføre politioppgåver. Som fleire informantar uttalar, har det vorte fleire og meir komplekse oppgåver etter reforma vart innført, og det oppstår då ei frykt om deltidsbrannmenn greier å nå over heile ansvarsområdet. Samtidig kan det dukke opp utfordringar av frykt og redsel med handtering av politioppgåver, då dei kanskje har hatt nok øving på det. Derimot er dette gjerne noko ein vil unngå. Til dømes er det framheva situasjonar med knivkasting, der ein deltidsbrannmann kanskje ikkje har fått deleke på så mange PLIVO-øvingar, synst det er svært utfordrande å prøve å handtere det.

Dei siste to åra har me i tillegg vore under ein pandemi, noko ein informant nemner som ei utfordring i øving på samverke. Når det i tillegg er opp til kvart brannvesen korleis dei vel å implementere øving på samverke, kan det vere utfordrande. Spesielt med tanke på ressursar som er tilgjengeleg i kommunen. Arbeidar du i ei stor kommune med mykje pengar, er det dermed enklare å få øva mykje. Dersom du arbeidar i ein liten kommune som må spare, er dette gjerne negativt, då det i distrikta er størst sannsyn for å måtte rykke ut til politisituasjonar. Samtidig er oppfatninga at kommuneøkonomien er stram og at det alltid skal sparast inn der det går, uavhengig av storleik. Då er det nødvendig med fleire midlar frå resterande hald slik at kommune og brannvesen får råd til å trenere meir.

Samtidig er det vanskeleg å vekte kor mykje ein eigentleg skal øve, då politioppgåver ikkje er myndighetsområdet til brannvesenet. Ein kan argumentere for at brannvesen og politi blir meir og meir same etat, og at det då dukkar opp utfordringar i kven som eigentleg har ansvar for kva. Oppfatninga etter intervjuet er at nesten alle informantar har vore borti trafikkdirigeringskurs, noko som kan tyde på at denne oppgåva har vorte brannvesenet si oppgåve. Same med å ta biletet av ein situasjon. Vidare seier fleire at det er nokre ting, som trafikkdirigeringskurs, som ikkje er aktuelt å øve på, men som er utfordringar i samarbeidet.

### 6.3.3 PLIVO

Fleire seier at PLIVO skjer sjeldan, og at utbyttet ikkje alltid er realistisk. For at deltakarane skal oppleve læring under øvingar må øvinga innehalde dei problemstillingane dei faktisk kan møte på i det daglege (Sørensen, 2017, s. 28). Med grunnlag i dette er det viktig å øve på situasjonar der brannvesenet kjem først og må byrje handteringen av situasjonen. Fleire informantar forklarar viktigheita med å ha vore gjennom PLIVO. På den andre sida er det ikkje nokon krav til at deltidskonstablar skal gjennom PLIVO-øvinga, med mindre dei har funksjonar som overordna vakt eller utrykkingsleiar. Her dukkar utfordringar i distrikt opp,

fordi det i empirien har kome fram at det er i distrikta brannvesena må handtere situasjonar aleine.

I heiltidsvesen er det forventa med PLIVO-øvingar minimum kvart tredje år, noko som òg er svært sjeldan. For å få nok ut av øving er det viktig med øving ofte, slik at ein kan heve kompetansenivået. Dette tyder å utvikle kunnskap og ferdigheter i handtering av krisesituasjonar (Sommer, Pollestad, & Steinnes, 2020, s.139). Ein kan òg hevde at sjeldne øvingar ikkje bidreg til nok læringsmateriale for brannvesena. Samtidig kan det i deltidsvesen hende at konstablane ikkje har vore innom PLIVO. På den andre sida framheva dei deltidstilsette brannmennene eg intervjuat at dei alle hadde vore innom PLIVO, og har det anten kvart eller annakvart år.

PLIVO-øvingar er ein viktig faktor i endring av rutinar og praksis, og kan vere eit nyttig verktøy i endring av organisasjonen (Rykkja, 2014, s. 147). Sett i eit slikt lys er slike øvingar svært viktige då dei kan vere med å endre aspekt i krisehandtering. Øvingar brukast for å trenere personell i konkret krisehandtering og for å betre kriseplanlegginga (Smith, 2004). Samtidig kan øvinga ha som mål å bidra til ei betre samarbeidsevne til deltakarane i bestemte krisesituasjonar (Rykkja, 2014, s. 149).

PLIVO-prosedyren skal på den andre sida ikkje gjere at det blir endringar i primærøppgåvene til brannvesenet (DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet, 2015). Etter det informantane seier er ikkje dette alltid realistisk, då dei ofte må handtere trafikkdirigering under trafikkulykker, til dømes. Ein konsekvens av dette er at dei då må avsjå minst to personar, noko som går utover primærøppgåvene. På den andre sida er det ikkje nødvendigvis eit problem med prosedyren, men heller ressursane politiet har. Alle informantane framhevar viktigheita av PLIVO, sjølv om han til tider er urealistisk, med tanke på alvorsgrad og ressursar. Samtidig er det positivt at alle informantane seier dei har vore med på PLIVO oftare enn det kravet tilseier.

Vidare verkar det som dei fleste meiner at dei ikkje får nok trening på politirelaterte oppgåver, men at det er ressursane og økonomien som stoppar dei. Utfordringar som dukkar opp verkar som det handlar om dei politiske sidene som gjer at politiet har lagt ned fleire lensmannskontor i distrikta, som gjer at brannvesenet må handtere politirelaterte situasjonar. I nokre tilfelle alvorlege situasjonar som å halde att ein person fysisk, eller vere med på å stoppe ein gjerningsmann, ifølgje informantar. Samtidig er det ein vanskeleg situasjon då det

kan vere vanskeleg å seie nei, dersom politiet ber om hjelp på grunn av samfunnsansvar og folks behov for hjelp.

#### 6.4 Avsluttande drøfting av problemstilling

I denne delen vil eg drøfte funna frå kvart forskingsspørsmål i heilskap, i samanheng med kvarandre og problemstillinga. Problemstillinga er:

«På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?»

Med tilhøyrande forskingsspørsmål:

1. Korleis handterer brannvesenet politirelaterte situasjonar/kriser?
2. Korleis inkluderast politirelaterte oppgåver i brannvesenet si planlegging og dimensjonering av beredskap?
3. Korleis trenar og øver brannvesenet på handtering av politirelaterte oppgåver?

I den avsluttande drøftinga vil eg sjå på prinsippa som ligg til grunn for beredskap i Noreg. Det første prinsippet, ansvarsprinsippet, seier at den myndigheita eller etaten som til dagleg har ansvar for eit område, har ansvar for den utøvande tenesta ved kriser og katastrofar og beredskapsførebuingane relatert. Samtidig kan det vise seg at ansvarsprinsippet i dette tilfellet ikkje gjeld, fordi det ofte hender at brannvesenet må handtere politirelaterte situasjonar, spesielt i mindre distrikt. Sjølv om politiet har etablert beredskap for dei situasjonane, hjelpt det ikkje mykje når dei ikkje har ressursar til å handtere dei.

Vidare kan me ta for oss likskapsprinsippet som seier at organiseringa som opererast med til dagleg, ikkje skal vere annleis under kriser. Det er ei vidareføring av ansvarsprinsippet, ved at det understrekar ansvarsforholdet internt og eksternt mellom etatar og organisasjonar. Vidare seier prinsippet at den daglege organiseringa ikkje skal endrast i forbindung med krisehandtering (Engen, et al., 2021). Som med ansvarsprinsippet, er dette vanskeleg å unngå i situasjonar der brannvesenet må handtere politirelaterte oppgåver, og at dei skal vere innsatsleiar fram til politiet kjem fram.

Neste prinsipp er nærlieksprinsippet, som seier at kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Dette tyder at den etaten som har størst nærliek til krisa, er dei som vanlegvis har best forutsetningar for handtere og forstå situasjonen. Som med prinsippa over, dukkar det opp utfordringar. Fordi politiet har kompetanse og øving mot politirelaterte oppgåver, er det naturleg at det er dei som har best evne til handtere desse situasjonane. Samtidig blir det vanskeleg når ressursane deira ikkje er i samsvar med oppgåver dei skal løyse, og

brannvesenet må ta seg av dei. Kompetansen i brannvesenet må derfor hevast, og ein plass å byrje kan vere fleire midlar og ressursar til øving.

Det siste prinsippet dreier seg om samverke, og korleis arbeidet til naudetatane skal vere basert på eit godt samarbeid. Utfordringar her relaterast til korleis det i desentraliserte strøk er brannvesenet som må handtere oppgåvene i stort sett alle tilfelle, og eit samverke som derfor ikkje er heilt til stades. Empirien viser at det er brannvesenet som må handtere politiet sine oppgåver, i små og mellomstore kommunar, og at samverke då er borte, fordi politiet gjerne ikkje kjem. Samtidig framheva fleire informantar at samverke fekk eit løft ved innføring av samband og naudnett.

Basert på drøftinga over, kan det sjå ut som prinsippa ikkje fungerer i praksis. Korleis naudetatane etablerer beredskap er viktig, og kan ha store konsekvensar. For å finne ut korleis problemet kan løysast kan det vere ideelt å endre rammeverket. Dersom det ikkje er mogleg å gi politiet fleire ressursar, må noko gjerast i andre ledd. Eit døme er ei endring av prinsipp, slik at beredskapen til naudetatane og brannvesenet ikkje er i strid med det som ligg til grunn for beredskap i Noreg.

Vidare kan det vere ein idé å endre lover og forskrifter. Defineringa til DSB om kva som ligg innanfor myndighetsområdet til brannvesenet, seier at brannvesenet ikkje kan gjere noko fysisk på eller mot personar. Dersom brannvesenet er den einaste aktøren på staden, og er dei som må handtere situasjonen, kan det vere nødvendig å endre denne avgrensinga. Samtidig må brannvesenet få meir øving og trening på korleis dei då skal gripe inn i ein situasjon. På den andre sida er det umogleg for brannvesenet å vere like godt rusta som politiet, berre ved hjelp av øving, då politiet har fleire år med utdanning i korleis ein skal handtere slike situasjonar.

Eit anna alternativ vil vere å endre krav om øving i brannvesenet. PLIVO, til dømes, hender ein gong kvart, eller kvart andre år, noko som er svært sjeldan. Skal folk tileigna seg meir kompetanse er det viktig med relevante øvingar ofte. Samtidig er denne endringa stor og krev mykje ressursar. Derfor er det viktig at dei som har anledning til å endre den, set seg inn i, og forstår problemet. Samtidig gjer dimensjoneringa og organiseringa av brannvesenet dette utfordrande, då det er mange som arbeidar deltid. I område der problemet er størst, arbeidar gjerne mange deltid, og korleis ein då skal få nok tid til øving på alt er ei stor utfordring. Derfor er det viktig med ei endring av krav, slik at beredskapen kan endrast og handteringa styrkast.

#### **6.4.1 Vidare forsking**

For å finne ytterlegare svakheiter ved nærpoltireforma bør det kanskje forskast meir på korleis helsesektoren kjenner på det. Vidare kan det vere ei moglegheit å finne ut korleis politiet kjenner på det, og korleis politikonstablar i felt kjenner på det å måtte prioritere situasjonar etter alvorsgrad.

Vidare kunne det vore interessant å sjå korleis innføringa av reforma har vorte opplevd i brannvesen på landsbasis, og om mine funn er dekkande til å gjelde fleire plassar. Empirien min baserer seg på sju informantar som arbeidar heiltid, i store og mellomstore kommunar, og fire informantar som arbeidar deltid, i små kommunar. Intervjua mine er derfor gjerne litt avgrensa i forhold til brannkonstablar som arbeidar deltid, og det kunne derfor vore interessant å sjå korleis det opplevast for fleire deltidsbrannkonstablar.

## 7.0 Konklusjon

I denne oppgåva har eg forsøkt å svare på problemstillinga:

«På kva måte påverkar nærpoltireforma korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp?»

Det er fleire utfordringar som er identifisert i korleis beredskapen er lagt opp i brannvesenet etter nærpoltireforma kom. For det første er det viktig å framheve at det er mindre brannvesen som i hovudsak alltid må handtere politirelaterte oppgåver. Samtidig er det vanskeleg å vite i kva grad dei då skal innføre politirelaterte oppgåver i beredskapsanalysen, fordi det ikkje er myndighetsområdet deira og økonomien i kommunen ikkje er god nok til å få dei inkluderte. Slik kan det sjå ut som at sjølv om reforma har leia til fleire og meir komplekse oppgåver, er ikkje politirelaterte oppgåver inkluderte i beredskapen i brannvesenet i stor grad. Dette på grunn av manglande ressursar og ei vissheit om at slike oppgåver ikkje er under myndighetsområdet til brannvesenet. Sjølv om ansvarsprinsippet seier at det er politiet som skal handtere dei, er det likevel brannvesenet som må avsjå ressursar til blant anna trafikkavvikling og -dirigering. Regelverket og myndighetsområdet til brannvesenet omfattar ikkje politirelaterte situasjonar, men dei endar opp med å måtte handtere dei likevel. Kva regelverk og myndighetsområdet seier er derfor ikkje alltid mogleg å følje.

Det er mange aspekt som påverkar korleis brannvesenets beredskap er lagt opp i forhold til nærpoltireforma. Dette gjeld øvingar og kor ofte dei skjer, ressursar og korleis samverke bør vere. Samverke er ein viktig faktor for å handtere politirelaterte situasjonar, der dei fleste informantar seier at det er bra. I mindre brannvesen derimot, kan det vere utfordrande dersom politiet ikkje kjem til situasjonane, og dei aldri ser kvarandre. Sjølv om samverke mellom etatane er bra på leiarnivå er det ikkje nødvendigvis bra i felt. I tillegg blir det framheva at det er mangel på øving på samverke noko som påverkar beredskapen dersom slike oppgåver dukkar opp. For å få best mogleg beredskap på politirelaterte oppgåver, treng brannvesenet øving på samverke. Dette for å vite korleis dei eventuelt skal handle i ein slik situasjon.

I tillegg blir PLIVO nemnd av dei fleste, og er ein måte beredskapen har endra seg på etter 22. juli. Dette er noko alle informantar har vore innom, men utfordringar i fokus og utbyttet har vorte avdekkja. Fleire informantar fortel at øvingane gjerne er i for stor skala, og at tilgangen på ressursar under ei øving er urealistisk. Derfor er det viktig at fokuset blir endra, og at øvingane hender i mindre skala med mindre ressursar, for at læringsutbyttet skal vere betre. Sjølv om PLIVO-øvingane er ein måte beredskapen i brannvesenet er lagt opp på i forhold til

reforma, er det viktig at dei evaluerast slik at utbyttet og fokus kan betrast, slik at beredskapen kan bli endå betre.

Vidare seier informantane at dei ikkje har fått meir pengar til trening og øving, sjølv om det har vorte fleire og meir komplekse situasjonar dei må handtere. Problemet her er at utfordringane nærpoltireforma har ført med seg ikkje er fanga opp og gjort noko med. Beredskapen til brannvesenet er derfor heilt avhengig av at problema fangast opp, slik at dei kan endre beredskap i forhold til øving. Vidare har ikkje ressurstilgangen endra seg sjølv om det har vorte andre og fleire situasjonar enn før. Lite endring i ressurstilgang og økonomi gjer det vanskeleg for brannvesena å endre beredskapen, sjølv om dei vil.

For å løyse problemet eller inkludere beredskap for politirelaterte situasjonar meir i brannvesenets beredskap, kan det vere ein idé å endre dei fire prinsippa som ligg til grunn for beredskap i Noreg. Prinsippa fungerer lite i praksis då brannvesenet ofte må handtere politirelaterte situasjonar aleine, på kostnad av ansvars-, likskaps-, nærlieks- og samverkeprinsippet. Eit anna forslag kan vere ei endring av lover og forskrifter, til dømes forskrifter som seier at brannvesenet ikkje kan gripe inn fysisk. Eit tredje alternativ er å endre kravet om trening, og innføre PLIVO-øvingar oftare.

## Bibliografi

Abrahamsen, Knut. (2018). *Hvordan kan kommunene utnytte nødnett, og hva er utfordringene?* DSB. Henta frå:

<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/2561d064b2624f7986bdeff3d3cb58cf/6-nodnett---knut-abrahamsen.pdf>

Andersson, A. E., Berlin, J. M., & Carlström, E. (2013). Organisering av en fingerad verklighet. Om övningar mellan blåljusorganisationer. *Nordiske Organisasjonsstudier* 15 (3), ss. 34-64.

Aven, T. (2006). *Pålitelighets- og risikoanalyse* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Beggerud, R. (2016). *HMS-teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.

Berlin, J. M., & Carlström, E. (2009). *Samverkan på olycksplatsen - Om organisatoriske barriäreffekter*. University West.

Blaikie, N., & Priest, J. (2019). *Designing Social Research* (3. utg.). Cambridge: Polity Press.

Boin, A., t'Hart, P., Stern, E., & Sundelius, B. (2016). *The Politics of Crisis Management: Public Leadership under Pressure* (1. utg.). Cambridge: Cambridge University Press.

Borch, O. J., & Andreassen, N. (2020). *Beredskapsorganisasjon og kriseledelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Brannstatistikk. (2023). *Hvor ofte var de ulike nødetatene først på hendelsesstedet?* Henta frå Brannstatistikk: [https://www.brannstatistikk.no/brus-ui/search?searchId=A49E270C-9F6C-4B29-9F76-BF78D64BC6D3&type=SEARCH\\_DEFINITION](https://www.brannstatistikk.no/brus-ui/search?searchId=A49E270C-9F6C-4B29-9F76-BF78D64BC6D3&type=SEARCH_DEFINITION)

Brannvesenet. (2023). *Brannvesenet.no*. Henta frå Brannvesenet:  
<https://www.brannvesenet.no/jobbibrannvesenet>

Bråten, O. A. (2022). *Håndbok i krisehåndtering*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Gyldendal akademisk.

Drennan, L. T., & McConnell, A. (2007). *Risk and Crisis Management in the Public Sector*. London/New York: Routledge.

DSB. (2019). *Informasjon om Nødnett - innspill til kommunale og regionale ROS-analyser*. Henta frå <https://www.nodnett.no/siteassets/bibliotek/pdf/informasjon-om-nodnett.pdf>

DSB. (2022, Oktober). *Veileding til forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften)*. Henta frå dsb: <https://www.dsbover/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/veileding-til-forskrift/veileding-til-forskrift-om-organisering-bemanning-og-utrustning-av-brann--og-redningsvesen-og-nodmeldesentralene/#-22-utrykningstid-til-brann>

DSB; Helsedirektoratet; Politidirektoratet. (2015). *Nasjonal prosedyre, Nødetatenes samvirke ved pågående livstruende vold, PLIVO*.

Egerdal, Å. (2017). *HR-boka*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

- Engen, O. A., Kruke, B. I., Hempel Lindøe, P., Olsen, K. H., Olsen, O. E., & Pettersen, K. A. (2016). *Perspektiver på samfunnssikkerhet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Engen, O. A., Pettersen Gould, K. A., Kruke, B. I., Lindøe, P. H., Olsen, K. H., & Olsen, O. E. (2021). *Perspektiver på samfunnssikkerhet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Eriksen, J. (2011). *Krise- og beredskapsledelse: Teamtrening*. Cappelen Damm Akademisk.
- Eriksen, J., Rake, E. L., & Sommer, M. (2021). *Beredskapsanalyse*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Fimreite, A. L., Lango, P., Lægreid, P., & Rykkja, L. H. (2014). Utfordringer og implikasjoner. I A. L. Fimreite, P. Lango, P. Lægreid, & L. H. Rykkja, *Organisering, samfunnssikkerhet og krisehåndtering* (ss. 245-267). Oslo: Universitetsforlaget.
- Flin, R., O'Connor, P., & Crichton, M. (2008). *Safety at the Sharp End: A Guide to Non-Technical Skills*. Farnham: CRC Press.
- Fontana, A., & Frey, J. (2005). *The interview: From Neutral Stance to Political Involvement. I: Denzin, K.N.; Lincoln, Y.S. (red.), The Sage Handbook of Qualitative Research, third edition*. London: Sage Publications.
- Gangdal, J., & Angeltveit, G. (2014). *Krise, forebygging, beredskap, håndtering, kommunikasjon*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Graversgård, J. (1997). *Psykisk arbeidsmiljø*. Tiden.
- Halvorsen, K. (2012). *Å forske på samfunnet* (5. utg.). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Helsedirektoratet. (2015). *Nasjonal prosedyre for nødetatenes samvirke ved pågående livstruende vold (PLIVO)*. Helsedirektoratet.
- Helsedirektoratet. (2020). *Nasjonal veileder for helsetjenestens organisering på skadested*. Oslo: Helsedirektoratet.
- Helsedirektoratet. (2023). *Pågående livstruende vold*. Henta fra Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/akuttmedisin/pagaende-livstruende-vold-plivo>
- Helsedirektoratet. (2023). *Pågående livstruende vold (PLIVO)*. Henta fra Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/akuttmedisin/pagaende-livstruende-vold-plivo>
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser, innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Jacobsen, D. I. (2021). *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. Cappelen Damm Akademisk.
- Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? : innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til Samfunnsvitenskapelig Metode* (4. utg.). Oslo: abstrakt forlag.
- Kartez, J., & Lindell, M. (1987). Planning for uncertainty. *American Planning Association Journal* 53, ss. 487-498.
- Kristiansen, E., Magnussen, L. I., & Carlström, E. (2017). *Samvirke - en lærebok i beredskap*. Universitetsforlaget.

- Kruke, B. I., & Olsen, O. E. (2005, Januar). Reliability-seeking networks in complex emergencies. *International Journal of Emergency Management* 2(4), ss. 275-291.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lagadec, P. (1993). *Preventing chaos in a crisis. Strategis for Prevention, Control and Damage Limitation*. Blacklick, Ohio: McGraw-Hill.
- Larsen, H. (2022, Mai 21). *Brannvesenet krever bedre opplæring i håndtering av voldelige situasjoner*. Henta frå Ambulanseforum: <https://ambulanseforum.no/artikler/brannvesenet-krever-bedre-opplaering-i-handtering-av-voldelige-situasjoner>
- Larssen, A.-K. (2021). *Beredskap og Krisehåndtering, Utfordringer på sentralt, regionalt og lokalt nivå*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Leseth, A. B., & Tellmann, S. M. (2018). *Hvordan lese kvalitativ forskning?* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Lipshitz, R., & Strauss, O. (1997). Coping with uncertainty: A naturalistic decision-making analysis. *Organizational Behavior and Human Decision Processes*, 69(2), ss. 149-163.
- Lunde, I. K. (2019). *Praktisk krise- og beredskapsledelse*. Universitetsforlaget.
- M. Botnmark, K. (2017). *HMS-boka*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Meidell, A. (2005). *Håndbok i arbeid med samfunnssikkerhet, kris- og beredskapsplanlegging*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Mendonça, D., Berrogi, G., & Wallace, W. (2001). Decision support for improvisation during emergency response operations. *International Journal of Emergency Management* 1 (1), ss. 30-38.
- Nakos. (2017). *Nasjonal prosedyre, Nødetatenes samvirke ved pågående livstruende vold, PLIVO, Del D og E*. Nakos.
- Njå, O., Braut, G. S., Rake, E. L., & Sommer, M. (2020). *Samfunnssikkerhet - analyse, styring og evaluering*. Universitetsforlaget AS.
- Njå, O., Sommer, M., Rake, E. L., & Braut, G. S. (2020). *Samfunnssikkerhet, Analyse, styring og evaluering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- NOU 2000: 24. (2000). *Et sårbart samfunn; Utfordringer for sikkerhets- og beredskapsarbeidet i samfunnet*. Oslo: Justis- og politidepartementet.
- NOU 2021: 6. (2021). *Myndighetenes håndtering av koronapandemien*. Departementes sikkerhets- og serviceorganisasjon.
- Perrow, C. (1984). *Accidents, Living with High-Risk Technologies*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Perry, R. W., & Lindell, M. (2003). Preparedness for emergency response. Guidelines for the emergency planning process. *Disasters* 27 ((4), ss. 336-350.
- Peterson, D. M., & Perry, R. W. (1999). The impacts of exercises on participants. *Disaster Prevention and Management* 8 (4), ss. 241-254.

Politidirektoratet. (2007). *Politiets beredskapssystem del 1 (PBS I), Håndbok i krisehåndtering*. Oslo: Politidirektoratet.

Prop. 61 LS (2014-2015). (u.d.). Justis- og beredskapsdepartementet. Justis- og beredskapsdepartementet. Henta fra rgjeringen.no:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-61-s-2014-2015/id2398784/?ch=1>

Reason, J. (1997). *Managing the Risks of Organizational Accidents*. Aldershot, Storbritannia: Ashgate.

Regjeringen. (2018). *Fakta om Nærpolitireformen*. Oslo.

Riksrevisjonen. (2021-2022). *Riksrevisjonens undersøkelse av politi- og lensmannsetatens måloppnåelse på sentrale oppgave, Dokument 3:7*. Riksrevisjonen.

Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet*. Bergen: Fagbokforlaget.

Rykkja, L. H. (2014). Øvelser som kriseforebygging. I A. Fimreite, P. Lango, P. Lægreid, & L. (. Rykkja, *Organisering, samfunnssikkerhet og krisehåndtering* (2. utg.) (ss. 144-158). Oslo: Universitetsforlaget.

Rykkja, L. H. (2014). Øvelser som kriseforebygging. I A. L. Fimreite, P. Lango, P. Lægreid, & L. H. Rykkja (red.), *Organisering, Samfunnssikkerhet og Krisehåndtering* (ss. 144-158). Oslo: Universitetsforlaget.

Shadish, W. R., Cook, T. D., & Campbell, D. T. (2002). *Experimental and quasi-experimental designs for generalized causal inference*. Boston: Houghtonton Mifflin.

Smith, D. (2004). For whom the bell tolls: Imagining accidents and the development of crisis simulation in organizations. *Simulation & Gaming* (35), ss. 347-362.

Sommer, M., & Njå, O. (2011). Learning amongst Norwegian fire-fighters. *Journal of Workplace Learning*, Vol. 23 No. 7, ss. 435-455.

Sommer, M., Pollestad, B., & Steinnes, T. (2020). *Beredskapsøving og -læring*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sørensen, J. L. (2017). Samfunnssikkerhet og beredskap: det norske beredskaps- og krisehåndteringssystemet. I E. Kristiansen, L. I. Magnussen, & E. Carlström, *Samvirke - en lærebok i beredskap* (ss. 19-32). Oslo: Universitetsforlaget.

Thomas, O., Mauren, A., Stokke, O., Sørenes, K. M., Trædal, T. J., & Stolt-Nielsen, H. (2022, Mai 20). *Grep inn i knivdrama: – Etter at jeg fikk tatt fra ham kniven, oppførte han seg relativt rolig*. Henta fra Aftenposten: <https://www.aftenposten.no/norge/i/XqkJPo/grep-inn-i-knivdrama-etter-at-jeg-fikk-tatt-fra-ham-kniven-oppfoerte-han-seg-relativt-rolig>

Tv2 Nyheter. (2020, September 5). *Politiet kom ikke – måtte avvære blodig knivmann selv*. Henta fra tv2 Nyheter: <https://www.tv2.no/nyheter/innenriks/politiet-kom-ikke-matte-avvaepne-blodig-knivmann-selv/11627106/>

Universitetet i Sør-Øst Norge. (2023). *Hvilke utfordringer ser vi?* Henta fra usn: <https://www.usn.no/forskning/forskningsgrupper-og-senter/okonomi-ledelse-og-regulering/sikkerhet-krisehandtering-og-beredskapsledelse/nyhetsarkiv/hvilke-utfordringer-ser-vi>

- Weick, K. E., Sutcliffe, K. M., & Obstfeld, D. (1999). Organizing for high reliability: Processes of collective mindfulness. *Research in organizational behavior*, Vol 21, ss. 81-123.
- Yates, J. F., Veinott, E. S., & Patalano, A. L. (2003). Hard Decisions, Bad Decisions: On Decision Quality and Decision Aiding. I S. Schneider, & J. Shanteau, *Emerging Perspectives on Judgment and Decision* (ss. 13-63). Cambridge University Press.
- Yin, R. K. (2003). *Case study research: design and methods*. Thousand Oaks, Calif: Sage.

## Vedlegg 1

### **Vil du delta i forskingsprosjektet:**

#### **«Nærpolitireformen og Brannvesenets beredskap»**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å finne ut korleis Nærpolitireformen påverkar beredskapen i Brannvesenet. Beredskapen her går på om trening/øving er endra etter nærpoltireformen vart innført. I dette skrivet gjev eg deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg. Informasjonsskrivet sendast elektronisk, då dei fleste av intervjuia eg skal utføre gjerast elektronisk.

#### **Føremål**

Dette er ei masteroppgåve der formålet er å finne ut korleis nærpoltireformen påverkar brannvesenet og om dette har hatt noko å seie for korleis beredskapen er. Den nye reforma har potensielt endra korleis brannvesenet må jobbe. Konsekvensen av den nye politireforma har gjort slik at brannvesenet er ein av dei fyrste aktørane på åstaden, noko som kan vere både utfordrande og krevjande. Dette tyder at brannvesenet må lære seg å handtere fleire ulike situasjonar enn det dei er vane med. Korleis påverkar den nye politireformen arbeidet til brannvesenet, og korleis fordeler ein ressursar slik at brannvesenet får god nok opplæring med tanke på alle dei nye utfordringane dei møter? Denne oppgåva skal analysere beredskapen brannvesenet har etter den nye reforma har kome, og om det har ført til endringar med tanke på øving og trening. Med bakgrunn i dette har eg kome fram til problemstillinga:

*Har innføringa av Nærpolitireformen påverka korleis beredskapen i brannvesenet er lagt opp med tanke på øving/trening?*

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Det er det Teknisk-vitenskapelege instituttet ved Universitetet i Stavanger som er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Val av informantar blir gjort strategisk, og eg kontaktar dei informantane som er relevante for meg, med kunnskap som er relevant. Informantane er henta frå ulike delar av landet vårt, frå samfunn med over 20 000 innbyggjarar, tettstadar med mellom 2000 og 19 999 innbyggjarar og dersom det er mogleg, tettstader med færre enn 2000 innbyggjarar. I masteroppgåva er det behov for eit minsteutval på 8 informantar, eller til eg oppnår eit «metningspunkt» der eg ikkje får nokon ny informasjon frå informantane eg intervjuar. For å finne informantar som arbeidar deltid, vil eg nytte meg av snøballmetoda. Dette vil seie at eg får tips om andre eg kan intervju frå informantar. Ved det utvalet eg har vil eg finne ut om innføringa av nærpoltireformen har hatt ei endring på beredskapen hjå brannvesenet med tanke på øvingar og trening, og om det er nødvendig alle plassar. Informasjonen til informantane har eg sjølv funne fram til, på internetsidene til brannvesena.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i prosjektet, blir forskingsmetoda intervju, nytta. Dette intervjuet vil vare ca. 60-90 minutt., der det blir utført lydopptak. Opplysningane som blir samla inn handlar om trening og øving og korleis dette har endra seg med innføring av nærpoltireforma. Vidare er opplysningane relaterte til arbeidsoppgåvene brannvesenet møter på no etter reforma vart innført, og om øvingsmengda på nye arbeidsoppgåver påverkar øvingsmengda på dei vanlege oppgåvene brannvesenet skal møte.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Eg vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er eg og eventuelt vegleiar som vil ha tilgang til personopplysingane dine, og dei vil bli behandla konfidensielt. Vidare blir opplysingane anonymisert, og opptaka blir sletta når oppgåva er ferdig. Opplysningane som publiserast handlar om kor informanten arbeidar, om det er i ein by, kommune eller tettstad i Noreg. Etter publikasjonen vil det ikkje vere mogleg å kjenne att informanten.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 15.06.2023. Dette skjer etter eg har transkribert og skrive om alle opplysingane, slik at persondataa blir anonymisert. Etter sensurfristen slettast alle lydopptak.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Opplysingane om deg blir basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitetet i Stavanger har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandler om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir, ta kontakt med meg, Oddbjørg Huso, på telefon 48070571 eller e-post [oddbjorghuso@hotmail.com](mailto:oddbjorghuso@hotmail.com), eller vegleiar Morten Sommer, på telefon 51833144. I tillegg kan du kontakte personvernombudet ved UiS, Rolf Jegervatn, med e-post: [personvernombud@uis.no](mailto:personvernombud@uis.no)

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntenester kan du ta kontakt via:

- e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

Oddbjørg Huso  
(Forskar/rettleiar)

---

## **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Nærpolitireformen og Brannvesenets beredskap*, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 2

### Intervju, master

#### *Generelt:*

1. Fortel litt om deg sjølv. Kva stilling har du, kor stort er brannvesenet og kor mange innbyggjarar dekker det?
2. Merkar du ei endring i situasjonar du møter på etter nærpoltireforma vart innført?  
→ I kva grad? Og på kva måte?
3. Hender det oftare at brannvesenet kjem til ulykkesstaden før politiet?  
→ Korleis har endringa vore dei siste 5-10 åra?  
→ Er det ofte situasjonar dykk må handtere som ikkje er realert til brannkonstabelyrke?  
→ Kva situasjonar har du eller andre i brannvesenet ditt møtt på?
4. Føler du at nærpoltireforma har gjort arbeidet til brannvesenet vanskelegare?  
→ På kva måte?
5. Kor langt er det til nærmaste lensmanskontor?  
→ Har det vore ei endring dei siste 5-10 åra?

#### *Beredskap*

6. Er dei politirelaterte situasjonane identifisert og planlagt for, med tanke på rutinar og trening?
7. Er det etablert løysingar for å handtere desse politirelaterte situasjonane? Og kva løysingar i såfall?
8. Inkluderer beredskapsanalysen dykk situasjonar relatert til politiet? Er dei politirelaterte oppgåvane planlagde for? I kor stor grad?
9. Korleis er øvingsplanen no, samanlikna med før nærpoltireformen kom?
10. Korleis er samverke mellom brannvesenet og politiet?
11. Stiller dei beredskapsløysingane dykk har angåande situasjonar relatert til politiarbeid, i samsvar med regelverket? Er det forventa at dykk skal rykke ut til og handtere alle situasjonar? Er det regelverk som seier noko om dette?
12. I kor stor grad er politirelaterte situasjonar inkluderte i beredskapsanalysa?

*Trening, øving og ressursar:*

13. Har du nokon gong følt deg redd under ei politi-relatert oppgåve du skulle løyse fordi du ikkje har fått nok trening på det?  
→ Kvifor/kvifor ikkje? Kva situasjon var det eventuelt?
14. Har brannvesenet ditt fått meir støtte til øving og trening på nye situasjonar dykk eventuelt møter på etter reforma kom?  
→ Har det vore endringar dei siste 5-10 åra?  
→ Kva ligg til grunn for dette?
15. Korleis er trening og øving tilpassa dei ulike situasjonane no?
16. Korleis opplev du at ressursane til brannvesenet har endra seg etter at nærpoltireforma kom? Har det vorte betre, verre eller er det det same?  
Kva ligg evt. Til grunn for dette?
17. Har brannvesenet og politiet hatt øvingar der dei øver på samarbeid?  
→ Kor ofte?  
→ Korleis hender desse?  
→ Korleis er fokuset og utbyttet når det kjem til realiteten?
18. Korleis opplev du at endringane nærpoltireformen har ført med seg, er fanga opp og gjort noko med, med tanke på øving?
19. Får dykk nok øving og trening på politioppgåver, dykk potensielt kan møte på?  
→ Korleis påverkar dette talet øvingar på dei vanlege oppgåvene brannvesenet skal kunne handtere?
20. Kva ressursar treng dykk for å klare å handtere politirelaterte situasjonar?

*Krisehandtering:*

21. Opplev du ofte at du må improvisere i situasjonar du ikkje kjenner til?
22. Korleis ville du gjort ein situasjonsvurdering av ein politi-relatert situasjon?  
→ Har du nok forkunnskapar til å hente inn, og tolke informasjonen slik at du greier å sjå korleis situasjon utviklar seg, og i tillegg handtere den deretter?
23. Korleis har du handla i ein slik type situasjon? Har du handla intuitivt, regelbasert/prosedyrebaser, analytisk eller kreativt?

*HMS:*

24. Har du nokon gong kjend deg utrygg på jobb i møte med situasjonar du ikkje er vane med?
25. Korleis er opplæringa i HMS?
26. Kva personleg verneutstyr har dykk relatert til politioppgåver?

## Vedlegg 3

### Vurdering av behandling av personopplysninger

Skriv ut  07.03.2023 ▾

Referansenummer	Vurderingstype	Dato
257153	Standard	07.03.2023

**Prosjekttittel**

Nærpolitireformen og brannvesenets beredskap

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Universitetet i Stavanger / Det teknisk- naturvitenskapelige fakultet / Institutt for sikkerhet, økonomi og planlegging

**Prosjektansvarlig**

Morten Sommer

**Student**

Oddbjørg Huso

**Prosjektperiode**

02.01.2023 - 15.06.2023

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

**Lovlig grunnlag**

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 15.06.2023.

**Meldeskjema** **Kommentar****OM VURDERINGEN**

Sikt har en avtale med institusjonen du studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

**KOMMENTAR TIL INFORMASJONSSKRIV**

Informasjonsskrivet ditt mangler kontaktopplysninger til din institusjon sitt personvernombud. For å oppfylle krav til informasjon, må du legge til kontaktopplysninger til personvernombudet ved UiS i informasjonsskrivet.

Vi legger til grunn at du oppdaterer informasjonsskrivet før du kontakter utvalget. Du trenger ikke laste opp informasjonsskrivet på nytt.

**FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER**

Vi har vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene, men husk at det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvilke databehandlere du kan bruke og hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettspørreskjema, videosamtale el.).

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

**MELD VESENTLIGE ENDRINGER**

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringar-i-meldeskjema>

**OPPFØLGING AV PROSJEKTET**

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

